



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk litteratur

Haut 2023

Byrgskap og byrde

Framstillingar av maskulinitet i tre islendingesoger

Bjørn T. Bøe

Abstract

The object of this master's thesis is to examine the construction of masculinities within the Sagas of Icelanders. Focusing on *Njál's Saga*, *Laxdæla Saga*, and *Bandamanna Saga*, the study draws on theoretical frameworks from gender studies, particularly Raewynn Connell's concept of hegemonic masculinity. By compiling formulaic descriptors inherent to the genre-specific character introductions in the sagas, I propose a functioning model of normative hegemonic masculinity. From this vantage point, I explore how multiple modalities of masculinities are formed and interact within their literary socio-relational contexts. By identifying modalities of masculinity that seem to challenge the predominant, hegemonic configuration, I uncover indications of a paradigm shift occurring within the narratives. I find a divergence from heroic modalities through chivalrous ideals, pointing towards more scholarly and political modalities of dominant masculinities. These modalities wield intellectual, legal, and social power, and resolve disputes through law, cunning and diplomacy rather than violence and heroic deeds. I argue that these challenging masculinities seem impervious to the sanctions imposed by the earlier shame and vengeance-based regulatory system. At the same time, they subjugate heroic modalities under the purview of their judicial and political domination. I also explore how female characters can act complicitly in sustaining the normative hegemonic masculinity. Through this exploration, I suggest that certain female characters seem to occupy complementary spaces either mirroring, balancing, or compensating for lacks in male counterparts' masculinities. In conclusion, this thesis contributes new perspectives to further our understanding of how masculinities operate within the Sagas of Icelanders.

Innhald

Kapittel 1: Innleiing	7
Tekstgrunnlag: Sagalitteraturen	12
Tre islendingesoger	14
Val av utgåver.....	16
Njálssoga	17
Laksdølane.....	19
Soga om sambandsmennene	21
Utfordringar med historiske tekstar.....	22
Kapittel 2: Faghistorie og teoretiske rammeverk.....	27
Forskningsteori: Karakterar, konvensjonar og maskulinitet	27
Forteljaren som litterær konstruksjon.....	32
Kjønnteoretisk tilnærming	33
Kjønnsforståing	33
Kjønnsforskning	34
Maskulinitetsforskning	36
Norrøn litteratur i kjønnteoretisk perspektiv	37
Kapittel 3: Nærlesing av tre islendingesoger	50
«Emneleg og dugande»: Maskuline konstruksjonar i sogene	50
«Ein framifrå mann»: Døme på ein maskulin konstruksjon.....	50
«Stor og sterk og ven å sjå på»: Ein hegemonisk maskulinitet.....	55
«Gunnar heitte ein mann». Karakterintroduksjonar i sogene.....	63
«Kar eller kvende»: Kjønn, presentasjon og performativitet	84
«Dugande kvende»: Feminine konstruksjonar i sogene	84
Skarlatskåper og <i>litklæði</i> : Klede.....	90
Med fall og skitskjegg: Skildringar av hår og skjegg.....	98
Kapittel 4: Eit mangfald av modalitetar	101

«Han brydde seg ikkje om kva folk sa»: Utfordrande hegemoniske maskulinitetar	104
Kapittel 5: Avsluttande perspektiv.....	114
Litteraturliste.....	117
Primærlitteratur	117
Sekundærlitteratur	118
Nettsider	125

«Eg skulle gjerne vita,» sa Gunnar, «om eg er mindre til mann enn andre når det byr meg slik imot å drepa folk.»¹

¹ Jan Ragnar Hagland (2014). *Njálssoga*, s. 66.

Tusen takk til rettleiar Frode Helmich Pedersen, for tolmod, gode råd og kurskorreksjon undervegs. Dette har vore ein lang prosess, og å rettleie deltidsstudentar er nok ei større forplikting enn «vanlege» masterstudentar!

Og ei særskild takk til de som hjelpte meg i mål med uvurderleg motivasjon, oppmuntring og korrekturlesing på den såkalla oppløpssida. De veit kven de er. Heilt amazeballz.

Kapittel 1: Innleiing

Å lese sagalitteratur kan vere ei samansett oppleving. På den eine sida er det med ærefrykt, stoltheit og entusiasme eg les desse verka – sjølvskrivne tilhøyrande verdslitteraturen – og ei slags kjensle av slektskap til det norrøne folket vi les om. På den andre sida kan det samstundes vere beint ut ubehageleg å lese med utifrå moderne tankesett. Den objektive, nesten kliniske forteljarforma presenterer eit brutalt valdssamfunn, og hovudpersonane, nesten alltid menn, står for ein som brutale, omsynslause og hypermaskuline skikkelsar. Hemngjeringar, problematiske kjønnsstrukturar, destruktiv maskulinitet, systematisk misogyni og implisitt homofobi er blant tilhøva som tilsynelatande vert tekne for gitt.

Førestillinga om den norrøne mannen som døme på ein slags ideell maskulinitet finn vi godt representert i populærkulturelle skildringar av «vikingtida», den meir eller mindre konstruerte framstillinga av den norrøne perioden i yngre jernalder og tidleg mellomalder.² I eit slikt syn på det norrøne vert tilhøve som misogyni og valdsdyrking tilsynelatande underkommunisert til fordel for romantiserte fantasiar om ei svunnen stordomstid.³ Her er det ikkje som valds- og valdtektsmann den norrøne mannen vert definert, men som fri og sjølvstendig representant for maskuline kvalitetar, vitalitet og verdiar som styrke, mot og handlekraft.⁴ Men desse førestillingane om «vikingen» og om norrøn tid som ein slags mytologisk gullalder, er moderne konstruksjonar, og stammar i stor grad frå forsøka på å skape nasjonale identitetar i dei skandinaviske nasjonalismeprosjekta på 1800-talet.⁵ Som eit slags tradisjonelt, alternativt ideal vert førestillinga framleis brukt i konstruksjonen av identitære motnarrativ til blant anna likestillingskampen, for å byggje opp under kontrære agendaer om den moderne mannen som undertrykt og feminisert.⁶

² Eg nyttar omgrepet «norrønt» likt som Odd Einar Haugen i *Handbok i norrøn filologi* (2013), altså som språket, kulturen og litteraturen Noreg, Island og dei andre busette delane av det norrøne området (Grønland, vesterhavsøyene, og delar av Dei britiske øyene og Normandie) delte, frå landnåmet på Island i andre halvdel av 800-talet til om lag 1400-talet (s. 24). Sjå elles denne kjelda for ei oversiktleg gjennomgang av terminologien.

³ Bjarne Fidjestøl 1984, s. 10

⁴ I ei nyleg studie visar Anna Källén og Daniel Strand at konstruksjonen framleis fungerer som ein produktiv identitetsmarkør i dag, i form av den populære trenden med DNA-testing innan slektsgranskinga (2021, s. 13-14). I studien kjem det fram korleis populærkulturen bidreg til konstruksjonen av ein slags genetisk identitet. Nesten alle som fekk ein eller annan grad av «skandinavisk» blant resultata i samband med DNA-testing, sette likskap mellom «skandinavisk» og reint populærkulturelle konstruksjonar om vikingar (2021, s. 7-8).

⁵ Svanberg, Fredrik (2015). «Vikinger: Myt och verklighet». I: *Sverige i tiden: Historier om ett levande land*. Stockholm: Historiska museets förlag, s. 36

⁶ Og ikkje minst mot multikulturalisme; jamfør t.d. Gareth Lloyd Evans & Jessica Hancock (2020), s. 240. Det har òg vore eit flittig utnytta symbol for ekstremistiske og rasistiske retningar som fascisme, nazisme og kvit makt, jf. Gareth Lloyd Evans (2019), s. 17, og Evans & Hancock 2020, s. 13).

Hovudkjelda til kjennskapen vi har om det norrøne samfunnet er, i dag som på 1800-talet, den norrøne litteraturen. Denne særegne litteraturarven, med sin påfallande sagaforteljarstil, karakteristiske lyriske tradisjon, og ikkje minst i variasjon av ulike sjangrar, skil seg på mange område tydeleg frå europeisk mellomalderlitteratur elles. Utforskinga av slike skilnader har bidrege til større forståing for europeisk litterær tradisjon i mellomalderen.⁷ Eit felt som dei siste tiåra har vore i klar vekst, er nettopp kjønnteoretiske studie som undersøker framstillinga av maskulinitet i mellomalderlitteratur.⁸ Innan den norrøne litteraturen er emnet framleis ungt og lite utforska, men med påverknad frå mellomalderlitteraturstudie generelt, er dette i ferd med å endre seg. Fleire interessante studie dei siste åra ser potensialet for ny forskning i det nesten liminale grenselandet sogene går føre seg i; gjerne ugjestmilde, nådelause miljø fjernt frå kongemakter og overordna autoritetar, der tema som kjønnsroller og identitetskonstruksjon har ei heilt annan tyding enn i anna mellomalderlitteratur.⁹

I dag er det vanleg å forstå maskulinitet og femininitet som sosiale og kulturelle konstruksjonar som finst i eit mangfald av uttrykk, éin av fleire delar som utgjer individet sin interseksjonelle identitet.¹⁰ I tillegg er det stadig meir vanleg å sjå maskulinitet som eit multimodalt fenomen av skiftande konfigurasjonar avhengige av kontekstuelle og relasjonelle tilhøve. Slike syn opnar for at ein kan forstå framstillingar av maskuline uttrykk også i den eldre litteraturen på fleire og nye måtar enn tidlegare. Vi forstår det samfunnet vi les skildringar av som grunnleggjande annleis vår moderne norske, vestlege kultur. Sagalitteraturen er komponert etter andre kodifisert underforståtte måtar enn moderne litteratur. Er det ikkje då grunn til å tru at maskuline uttrykk hjå karakterane sjølve kan vere langt mindre einsarta enn det som lenge har vore tatt for gitt? Dette vil eg utforske gjennom å undersøkje måtar mannlege karakterar vert presenterte på i eit utval islendingesoger, i lys av nyare kjønnteoretiske rammeverk.

⁷ Sif Rihardsdottir (2012), i: Evans og Hancock 2020, s.2

⁸ For ei oversikt over forskinga på dette feltet, sjå t.d. Ann Marie Rasmussen (red.) (2019). *Rivalrous Masculinities: New Directions in Medieval Gender Studies*. Notre Dame: Indiana: University of Notre Dame Press.

⁹ Gareth Lloyd Evans og Jessica Hancock 2020, s.1-2

¹⁰ Jf. Jørgen Lorentzen og Wenche Mulheisen (red). (2006). *Kjønnsforskning: En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 155

Eg søkjer å finne svar på følgjande: Korleis vert maskulinitetar konstruerte i dei litterære verka eg legg opp, og korleis fungerer dei? Kan ei forståing av eit mangfald maskuline uttrykk gje oss innsikt i meir enn éin måte å vere ein mann i sagalitteraturen?

Til å svare på desse spørsmåla vil eg utføre nærlesing av korleis eit utval representative karakterar vert presenterte. Som tekstgrunnlag vel eg tre soger; *Njålssoga*, *Soga om laksdølane* og *Soga om sambandsmennene*. I arbeidet vil eg ta i bruk verktøy frå feministisk forskning og kjønnteori, i tillegg til å støtte meg til den etablerte sagaforskinga. Dette opnar for å også spørje: Korleis kan nyare kjønsteoretisk tilnærming synleggjere nye samanhengar i tekstane?

Forskarar som blant andre Preben Meulengracht Sørensen (1980), Ármann Jakobsson (2007) og Gareth Lloyd Evans (2019), har demonstrert korleis framstillingar av maskulinitet i norrøn litteratur ikkje naudsynt handlar om ideal, makt og ære aleine, men at det i tillegg er mogleg å lese framstillingane som uttrykk for noko problematisk og undertrykkjande, også for dei mannlege karakterane sjølve. Det finst ingen eksplisitt uttrykt ideell maskulinitet i islendingesogene, og fleire har difor foreslått å identifisere idealiserte former for maskulinitet gjennom å invertere samansettingar av overskridande åtferd.¹¹ Mykje av dette handlar om seksualitet. Det er likevel få døme på at seksualisert åtferd vert brukt for å bygge opp positive maskuline trekk i sogene. Ei produktiv kjelde til nettopp positive maskuline kvaliteter, finn vi i den særeigne måten sagaforteljaren introduserer karakterar til handlinga. Gjennom tilnærminga til maskulinitet som multimodalt, relasjonelt og kontekstuel fenomen kan det rett nok virke kontraproduktivt å basere seg på statiske enkeltskildringar. Med nyare maskulinitetsteori forstår vi korleis modalitetar av maskulinitet i samspel ordnar seg hierarkisk og løftar fram ei, kulturelt overordna, hegemonisk form for maskulinitet. Burde det ikkje då vere mogleg å produsere ein fungerande modell for ein slik hegemonisk maskulinitet frå karakterintroduksjonar, som vi deretter kan sjå konstruksjonen av maskulinitetar opp mot? Meg kjend er det ikkje tidlegare gjort forsøk på å undersøke dette potensialet i karakterintroduksjonar i sogene.

Metodisk er det først og fremst litteraturteoretisk eg går inn i verka. Med omsyn til metadebatten om norrøne tekstar som litteratur eller historiske kjelder, er det altså med

¹¹ Evans 2019, s. 23

utgangspunkt i ei forståing av verka som *litterære*.¹² Det tyder ikkje at eg avviser verka sine potensial som historiske kjelder. Ei heller at eg legg meg på ei einast synkront analytisk linje. Tvert i mot er det opp til fleire historiske og kulturelle dimensjonar å ta omsyn til. Men det er potensialet som ligg implisitt i verka som nettopp *litteratur* eg er interessert i, og med det er det dei *litterære* verkemidla eg søker å undersøkje. Eg vel med det ikkje å gå djupare inn i debatten, berre å avklare kva inngangsport eg gjer nytte av.¹³

Nærlesing aleine er likevel ikkje nok til å avdekke ny kunnskap eller forståing. Litteraturvitskapen har lang tradisjon for å gjere nytte av perspektiv frå andre disipliner, til dømes frå psykologien og antropologien. Sidan tilhøva eg er interessert i har å gjere med tema som kjønn og kropp, er det både naturleg og fruktbart i denne samanhengen å hente verktøy frå kjønnsforskning. For å komplimentere den litteraturteoretiske nærlesinga, tek eg difor i bruk ulike kjønnssteoretiske rammeverk. Raewynn Connell sitt konsept *hegemonisk maskulinitet* vert nyttig i å forstå maskulinitetar i samspel. For å sjå korleis kjønna dynamikk mellom mannlege karakterar kan bli styrka eller svekkja, vil eg også sjå til Eve Kosofsky Sedgwick sitt konsept om *homososialitet*. Rammeverka dei nemnte teoretikarane formulerer har allereie vore nytta som produktive verktøy i litteraturteoretisk sagaforskning av andre.¹⁴

I første kapittel gjev eg ei forenkla oversikt over sagalitteraturen som korpus og islendingesogene som sjanger. Deretter går eg kort gjennom tekstgrunnlag og val av utgåver, før eg problematiserer enkelte utfordringar med å forstå sagalitteraturen ut frå vår samtidige kulturelle kontekst.

I andre kapittel avklarar eg først omgrepa kjønn og kjønnsforståing slik eg forstår dei i denne samanhengen. Deretter gjev eg ei enkel oversikt over kjønnsforskinga som fagfelt, før eg gjev ein kortfatta presentasjon av dei teoretiske rammeverka eg vil nytte av i analysane. Til sist i dette kapittelet går eg gjennom nokre observasjonar for korleis nærme seg dei litterære verka med utgangspunkt i forskningstradisjonen på feltet.

I tredje kapittel gjennomfører eg nærlesing av dei tre verka *Njålssoga*, *Soga om laksdølane*, og *Soga om sambandsmennene*. Som avgrensing av lesinga tek eg utgangspunkt i

¹² Sjå Else Mundal i Haugen (red.) 2013, s. 435-437 for ein oversiktleg gjennomgang av debatten rundt forholdet mellom sogene som munnleg og skriftleg tradisjon. For ei konsis samanfating av forfattarrolla i denne samanhengen, sjå Mundal s. 422. For ein lengre diskusjon om temaet, sjå t.d. Andersson, T.M. (2006) *The Growth of the Medieval Icelandic Sagas (1180–1280)*. Ithaca, N.Y.: Cornell University Press, særleg s. 1-20.

¹³ Sjå elles Bjarne Fidjestøl (1984), s. 7-17 for ein diskusjon om sogene sin historisitet versus som litteratur.

¹⁴ Sjå t.d. Evans & Hancock 2020, s. 12-13

presentasjonar og skildringar av eit utval karakterar, og særleg representative enkeltscenar frå dei tre sogene. For å perspektivere lesinga av maskuline konstruksjonar og framstillingar, vil eg òg identifisere og undersøkje eit lite utval feminine konstruksjonar.

I fjerde kapittel vil eg problematisere observasjonane eg har gjort i dei tre føregåande kapitla, før eg summerer opp med avsluttande perspektiv i femte kapittel.

Tekstgrunnlag: Sagalitteraturen

Sagalitteraturen er episke prosaverk som ein reknar å ha vore munnleg overleverte før dei vart teikna ned på 1100-1400-talet, i Noreg og på Island.¹⁵ Dei høyrer til den norrøne litteraturen – korpusen av skjønnlitterære tekstar, lovtækstar, hagiografi, historiografi, omsette riddarromanar frå kontinentet, med meir, på norrønt. Sjølve sjangerinndelinga av sagalitteraturen er omdiskutert.¹⁶ Det er likevel brei semje om at sjangrane slik vi kjenner dei i dag i all hovudsak er resultatet av kategoriseringar frå moderne tid.¹⁷ Når vi taler om *islendingesaga* er det difor utifrå moderne klassifisering, ikkje eit omgrep med historisk grunnlag.¹⁸

Kva kriterium det er som gjer *islendingesogene* til ein eigen sjanger og kva det er som skil den frå andre, særlandske undersjangerar, som *fornaldersogene* og *verdslege samtidsoger*, er altså ikkje openbert.¹⁹ Vanleg forståing er basert på andre kriterium enn det vi normalt reknar som litterære sjangerkonvensjonar, som til dømes drama, roman eller novelle, og så bortetter. I staden sjangerbestemmer ein sogene på bakgrunn av *kven* det handlar om, og *når* og *kor* handlinga går føre seg. Etter denne forståinga reknar vi fornaldersogene som soger som dreier seg om mytiske og semi-mytiske heltar frå tidlegare tider, slik som Sigurd drakedrepar og Ragnar Lodbrok, og at handlinga i desse sogene tydeleg utspeler seg i Skandinavia *før* koloniseringa av Island.²⁰ Verdslege samtidsoger er soger som handlar om sentrale maktfigurar i Sturlungetida, ein turbulent periode av politiske konfliktår i den islandske samtida desse sogene vart skrivne ned i, på 1100- og 1200-talet.²¹ Islendingesogene er soger om person- og ættekonfliktar, gjerne utvikla til generasjonelle ættefeidar som etterlet blodspor i generasjonar, og er rimeleg fast plasserte i tid til eit spenn frå landnåmstida til dei første tiåra etter kristninga i år 1000.

Ved sida av dei meir eller mindre etablerte sagasjangerane finst det i tillegg ein undersjanger kjend som *táttar*, forteljingar med eit vanlegvis langt mindre omfang enn dei

¹⁵ Else Mundal (2013) i: Haugen (red.). *Handbok i norrøn filologi*, s. 425

¹⁶ For ein utførleg gjennomgang av sjangeromgrepet og norrøn litteratur, sjå Massimiliano Bampi i Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson (red.) (2017). *The Routledge Research Companion to Old Norse Literature*. Abingdon: Routledge, s. 4-14, og Mundal 2013, s. 422-432.

¹⁷ Skjønt enkelte har historisk basis, jf. Lars Lönnroth (1975). «The concept of genre in saga literature». *Scandinavian Studies* Vol. 47, s. 419-426. Lönnroth tek i artikkelen til orde for å revidere sjangeromgrepa utifrå den terminologien som faktisk blir brukt i den norrøne litteraturen.

¹⁸ Sjø Lönnroth 1975, s. 422.

¹⁹ Med «særlandsk» meiner eg at desse sjangrane truleg berre var produktive på Island, frå 1200-talet, i motsetnad til t.d. kongesoger og bispesoger og omsette riddarsoger (sjå elles Mundal 2013, s. 434).

²⁰ Sjø Bampi 2017, s. 5.

²¹ Sjø Mundal 2013, s. 444.

tradisjonelt rekna sogene. Skiljet er likevel noko flytande, og avgrensinga kan ofte vere kunstig.²²

Islendingesogene vart truleg skrivne ned frå tidleg 1200-tal.²³ Dette århundredet vert gjerne rekna som sjølv stordomstida for den tekstlege produksjonen, men sjangeren har sannsynlegvis vore produktiv til heilt utpå 1400-talet.²⁴ Islendingesogene dreier seg nesten utan unntak om dei første generasjonane i dei store, islandske familiedynastia frå tida rundt kristninga av Island. Handlinga spenn ofte frå ætta bryt opp i Noreg og tek land på Island, fram til tiåra like etter år 1000.²⁵ Ei typisk islendingesoge er gjerne kjenneteikna av ein implisitt historisk basis og strengt objektiv, nærast lakonisk, forteljarstil. Sjølv om desse trekka tener til å gjere dei som realistiske å rekne, til liks med samtidssogene, inneheld islendingesogene gjerne også fantastiske og overnaturlige element, som i fornaldersogene.

Totalt reknar ein rundt 40 overleverte verk som tilhøyrande islendingesogene. Blant desse finn ein nokre av dei utan tvil mest kjende verka frå den norrøne litteraturen som heilskap. Islendingesogene er då også den delen av sagalitteraturen som har vore gjenstand for mest forskning. Potensialet for ny forskning er med det kanskje langt større i dei andre sagasjanrane, som riddarsogene, fornaldersogene og dei legendariske sogene. Men min innfallsvinkel er litteraturvitskapleg, og det er først og fremst litterære skildringar eg er ute etter. Eg har difor medvite valt å sjå på nokre av dei verka ein held for å ha den høgste litterære kvaliteten, og som ikkje minst er litterært mest *tilgjengelege*.

Sjølv om dei overleverte tekstlege kjeldene vanlegvis ligg føre på norrønt, er det lang tradisjon for omsetjing og tilgjengeleggjing av norrøne tekstar til samtidig språk, faktisk heilt sidan 1500-talet.²⁶ Dei fleste tidlege omsetjingane i Noreg låg naturleg nok føre på dansk språk, også dei norske. I ein gjennomgang av norske omsetjingar definerer Jan Gunnar Jørgensen difor *norske* omsetjingar som verk som er omsette av nordmenn, fortrinnsvis i Noreg.²⁷ Det er

²² Som Lars Lönnroth har vist, er namnet *þáttir* ikkje kjend i denne bruken før på 1500-talet (1975, s. 423).

²³ Mundal 2013, s. 447

²⁴ Mundal 2013, s. 447

²⁵ Mundal 2013, s. 448

²⁶ Jørgensen, Jon Gunnar (1994). «Sagaoversettelser i Norge på 1500-tallet». *Collegium mediaevale* 1993/2, s. 182–86.

²⁷ Jon Gunnar Jørgensen (2008). «Oversettelse av norrøn litteratur». *Norsk oversetterleksikon*, 4.7. 2018. <https://www.oversetterleksikon.no/oversettelse-av-norron-litteratur/>. Det var sjølv sagt ei stor utfordring å gje ut norske omsetjingar av norrønt, når det norske skriftspråket var dansk! Denne utfordringa gav grobotn for innsatsar for å nettopp fornorske skriftspråket, gjennom utgivingar av omsette norrøne verk, slik til dømes Johan Storm Munch, Jacob Aall og Jens Christian Berg prøvde på med tidsskriftet *Saga: Et Fjerdingaars Skrift* i 1816 (sjå Jens Johan Hyvik (2002). «... en Forbrydelse mod Nationen. Et nasjonalt dannelsesprosjekt som mislyktes». *Historisk tidsskrift* 81, s. 55–81).

særleg frå 1800-talet av at produksjonen av norske omsetjingar av sagalitteraturen vert produktiv, som har samanheng med det norske nasjonale prosjektet i kjølvatnet av oppløysinga av unionen med Danmark. I denne prosessen vert det svært viktig å etablere ein norsk, nasjonal identitet med lang historie, tufta på ein særeigen norsk karakter tydeleg skilt frå den danske.²⁸ Grunnlaget for dette fann romantiske tenkjarar i folkediktinga og bondekulturen. Som Slindebirken – det ynda motivet frå nasjonalromantisk dikting og kunst frå tidleg 1800-tal – som blant andre museumsgrunnleggjaren W.F.K. Christie såg for seg som om røtene strakk seg ned i ein tenkt norrøn kulturarv, på same måte som bondekulturen gjorde.²⁹ I siktemål av det nasjonale prosjektet var det først og fremst kongesogene som vart gjenstand for omsetting, motivert både av akademisk interesse og folkeopplysingstanken. Gjennom slik tankegang vart også islendingesogene norske: «for i den norske modellen var islendingene å rekne som utflyttede nordmenn», skriv Jørgensen på nettstaden *Norsk oversetterleksikon*.³⁰

Tre islendingesoger³¹

Sogene som utgjer kjeldematerialet i denne oppgåva, består av tekstar som vart utforma på Island i andre halvdel av 1200-talet, slik vi kjenner dei i overlevert stand. Dei har til felles at dei er å finne i *Möðruvallabók* (AM 132 fol), eit velinmanuskript frå midten av 1300-talet som vert rekna for å vere den største samlinga av islendingesoger som har overlevd til vår tid.³² Dei eldste overleverte kjeldene vi kjenner til er frå byrjinga av 1300-talet.³³ I tillegg veit vi at det

²⁸ Andersen 2012, s. 160

²⁹ Christie, Wilhelm F.K. (1837). «Om det mærkelige Birketræet paa Gaarden Slinde, i Sogn». *URDA* 1 (1): 318–327

³⁰ Jørgensen, 2008

³¹ Note om namn og verktitlar: I filologisk samanheng er det vanleg å nytte namnekonvensjonar etter førelegga på originalspråket. I denne (litterære) oppgåva har eg derimot valt å nytte namnekonvensjonane som er vanlege på norsk. Med det meiner eg at eg til dømes konsekvent refererer til *Njáll Þorgeirsson* som *Njál Torgeirsson*. Det er elles akademisk tradisjon for å forkorte titlane i omtale av verka. *Njálssoga* vert t.d. vanlegvis gjerne omtala som *Njála*. *Soga om laksdölane* vert gjerne forkorta til *Laxdæla*, og *Soga om sambandsmennene* til *Bandamanna*. Eg kjem til å nytte forkortingane *Laksdölane* om *Soga om laksdölane*, og *Sambandsmennene* om *Soga om Sambandsmennene*, men lét *Njálssoga* skrivast fullt ut, i og med det korte namnet.

³² Elizabeth Ashman Rowe i: Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson 2017, s. 158. Sogene i samlinga er *Njálssoga*, *Soga om Egil Skalla-Grimsson*, *Finnboga den sterkes saga*, *Soga om sambandsmennene*, *Kormaks saga*, *Soga om Víga-Glum*, *Soga om Droplaug-sønene*, *Soga om Ølhetta*, *Hallfred Vandrådeskalds saga*, *Soga om laksdölane*, *Tåtten om Bolle Bolleson* og *Soga om fosterbrørene*. Alle sogene og tåttane frå *Möðruvallabók* er gjengjevne på norsk i Jørgensen og Hagland (red.) (2014). *Islendingesagaene. Samtlige sagaer og førstini tåtter*. Reykjavik: Saga forlag. Einar Ól. Sveinsson daterer nedteikninga av *Laksdölane* til mellom 1230-1260, medan Jan Ragnar Hagland reknar *Njálssoga* til å vere frå om lag 1280. Hallvard Magerøy vurderer *Soga om sambandsmennene* til å ha vore nedskriven kort tid etter undergangen av den islandske fristaten i åra 1262-1264, basert på den inngåande kjennskapen redaktøren ser ut til å ha hatt kva gjeld lovane og rettane frå fristatstida (Magerøy 1976, s. 24)

³³ Callow i: Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson 2017, s. 23.

er fleire skilje mellom dei overleverte tekstane i dei ulike kjeldene som framleis eksisterer, og for mange soger ser ein difor for seg teoretiske, tapte versjonar.³⁴

Sjølve handlingane i islendingesogene går derimot føre seg i særleg tiåra rundt år 1000. Det er altså fleire hundre år mellom dei hendingane som vert skildra, og den tida då dei vart skrivne ned og truleg redigerte. Difor må ein òg ta i betraktning skilnadane mellom den kristne samtidskulturen til forfattar/redaktør i kjølvatnet av sturlungetida, og den heidenske før-kristne nybyggjarkulturen då handlinga i sogene som oftast går føre seg.

Njálssoga (Brennu-Njáls saga, Njála) består av to delar. Første del omhandlar den legendariske og høgt akta Gunnar Håmundsson frå Lidarende, og hans venskap til den kloke Njál Torgeirsson. Andre del leier opp til at Njál og familien hans vert brent inne på garden deira på Bergtorskvål, og deretter om etterspela av denne hendinga.

Soga om laksdølane (Laxdæla saga) er ei typisk ættesoge, og handlar om sju slektsledd i ætta etter Unn den djupsynte, som utvandra til Island på slutten av 800-talet. Høgdepunktet er kjærleiksdramaet mellom Gudrun Osvivsdotter og bestevenene Kjartan Olavsson og Bolle Torleiksson.

Handlinga i *Soga om sambandsmennene (Bandamanna saga)*³⁵ dreier seg om Odd Ufeigsson, som etter å ha gjort seg til uven med faren Ufeig, dreg ut og vert ein rik mann. Men då han vert offer for ein juridisk konspirasjon, er det Ufeig som reddar han, gjennom retorisk manipulasjon og lovkynde.

Dei fleste karakterane i islendingesogene kan reknast som meir eller mindre historiske personar. Mange av hendingane som vert skildra i sogene har truleg skjedd, som brenninga av Njál og familien på Bergtorskvål. Mykje må likevel reknast vere fiksjon; mellom anna speler Gunnar på Lidarende sitt gjenferd ei viktig rolle i kapittel 78 av *Njálssoga*. Kvedande kjem han ut frå gravhaugen og inspirerer Hogne og Skarphedin til å hemne han.³⁶ I denne oppgåva er eg ikkje oppteken av kva grad karakterane eventuelt har historisk legitimitet, og avgrensar meg

³⁴ Odd Einar Haugen 2015, s. 114

³⁵ Merk at den siste norske omsetjinga av saga (bokmål) heiter *Sagaen om forbundsfellene* (Arnhild Mindrebø si omsetjing i Jørgensen og Hagland 2014).

³⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 144. Når dette er sagt, er faktisk ikkje Hogne, Gunnar og Hallgjerd sin eldste son i *Njálssoga*, kjend frå noko anna kjelde enn *Njálssoga* (Jamie Cochrane (2020). «The incredulity of Hogni. The importance of believing in ghosts in *Njáls Saga*». *Saga-Book*, Vol. 44, s. 1). I *Landnámabók* er Gunnar sin eldste son lista som Grane, medan han her har ein yngre son ved namn Håmund. Ein skulle tru sonen til ein så vord mann som Gunnar ville vore kjend, men det er altså ikkje tilfelle, og han kan faktisk vere like fiktiv som Gunnar sin kvedande gjengangar.

difor til å einast behandle dei som litterære. Av referansetekstane har *Njálssoga* og *Laksdølane* noko overlappande persongalleri, og er dei to lengste islendingesogene. *Soga om sambandsmennene* er samstundes den kortaste.³⁷ Ikkje berre lengda på dei to første gjer det straks utfordrande med ei fullstendig nærlesing. Det gjer òg dei svært omfattande karaktergalleria. Samstundes kan det bli like avgrensande å berre finne døme frå éin tekst åleine, særleg når objektivet er å sjå på og samanlikne potensielle mønstre i framstillingane av maskulinitet. I den følgjande gjennomgangen av kvar av dei tre verka vil eg difor ta utgangspunkt i skildringa av eit utval enkeltkarakterar og scenar.³⁸ Det er mange måtar å legge føringar for korleis foreta eit slikt utval. Sidan føremålet er å sjå korleis uttrykk for maskulinitet vert konstruerte, finn eg det største potensialet i måten karakterar vert skildra på, både gjennom presentasjonar av karaktertrekk og gjennom performativitet. Andre omsyn å ta i utvalet kan vere kontekst, direkte handling, direkte tale, implisitt handling, implisitt tale, med meir. Som alltid er det naudsynt med noko grad av tolking på bakgrunn av dei potensielle skilnadane mellom dei ulike ideologiske uttrykka og den sosiokulturelle forventningshorisonten.

Val av utgåver

Primærtetekstane eg vil bruke, er fagleg gjennomarbeidde utgåver på norsk. Verka eg nyttar er i hovudsak frå Samlaget sin bokserie *Norrøne bokverk* (1907-2003). I denne serien er dei aktuelle utgåvene Jan Ragnar Hagland si 2008-utgjeving av *Njálssoga*, basert på Aslak Liestøl si omsetjing frå 1961;³⁹ 1994-utgåva av Bjarne Fidjestøl si omsetjing av *Soga om laksdølane*; og 1976-utgåva av Hallvard Magerøy si omsetjing av *Soga om sambandsmennene*. I tillegg har eg nytta samleverket *Islendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tætter* frå 2014, redigert av Jan Ragnar Hagland og Jon Gunnar Jørgensen. I denne samlinga gjeld det høvesvis Jan Ragnar Hagland si nyomsetjing av *Njálssoga* i band III, Birgit Nyborg si bokmålsomsetjing *Sagaen*

³⁷ Med unntak av *Soga om Øllette*, som vanlegvis vert rekna som ein tått (jf. Elizabeth Ashman Rowe: «(...) given that *Möðruvallabók* is the quintessential collection of *Íslendingasögur*, its use of the rubric ‘*Qlkofra saga*’ and its concluding statement, ‘ok lukr þar sögu olkofra’ (and there ends the saga of Qlkofri) means that the story of Qlkofri really should be considered an *Íslendingasaga*» (i: Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson 2017, s. 153)). Det er også verdt å nemne om *Soga om Øllette* at den ved sida av *Soga om sambandsmennene* er den einaste andre klare komedien i korpusen, og til liks med *Sambandsmennene* dreier seg om satirisering over det islandske rettssystemet (Lena Rohrbach i: 2017, s. 141).

³⁸ Jf. t.d. Vésteinn Ólasson sin gjennomgang av narrasjon og representasjon i sogene, *Dialogues with the Viking Age*, der han omtalar dramaturgien i islendingesogene som sekvensar av iscenesette interpersonale interaksjonar bundne saman gjennom ulike forteljartekniske grep (1998, s. 90).

³⁹ Jf. Jan Ragnar Hagland si drøfting av teksthistoria til *Njálssoga*, i 8. utgåva av den norske omsetjinga frå Samlaget (2008).

om *laksdølene*, i band V, og Arnhild Mindrebø si bokmålsomsetjing *Sagaen om forbundsfellene*, i band V.

Sjølv om utgåvene lista opp ovanfor alle har høg grad av tilgjengelegheit og også akademisk autoritet, kan det ofte vere naudsynt å ta høgdom for skilnadar, både mellom omsetjingar til ulike språk, som norsk og engelsk, men ikkje minst potensielle semantiske avvik frå kjeldene. Sjølv om lesingane skal vere litterære og ikkje filologiske eller historiske, er det undervegs likevel naudsynt å konferere med fleire kjelder for å komplimentere dei norske omsetjingane. Til dette føremålet har eg nytta *The Complete Sagas of Icelanders including 49 tales*, den engelske utgåva av *Íslendingesagaene*, redigert av Viðar Hreinsson (1994), og bokserien *Íslensk Fornrit* frå Hið íslenska fornritafélag, som vert rekna som standardutgåvene av verka. Her gjeld det høvesvis Einar Ólafur Sveinsson si utgåve av *Laksdølane* (1934) i band 5, Guðni Jónsson si utgåve av *Sambandsmennene* (1956) i band 7, og Einar Ólafur Sveinsson si utgåve av *Njálssoga* (1954) i band 12.

Som støtte til søk og oppslag har eg i tillegg nytta nettstaden The Icelandic Saga Database.⁴⁰ Denne har einast vore nytta som støttevertkøy, då proveniens for tekstane i databasen i stor grad er ukjend. Alle søk gjort i databasen har difor vore kryssjekka mot dei tilsvarende kapitla i trykte utgåver av *Íslensk Fornrit* og søk i dei digitaliserte versjonane av dei norske referansetekstane med Nasjonalbiblioteket sin søkefunksjon på nb.no.

Njálssoga

Njálssoga, eller *Njála*, har ein særskild plass i sagaforskinga, og vert allment rekna for å vere den mest høgverdige av íslendingesogene. Ein reknar med den skriftlege soga vart til rundt 1280, men handlinga går føre seg om lag 300 år før ho vart skriven ned.⁴¹ Av dei 50-60 handskriftene som har overlevd, er den eldste frå om lag 1300, og dei seinaste frå 1500-talet. Soga vart for første gong utgjeven i trykt form i 1772 som *Sagan af Niali Þorgeirsyni ok Sunvm Hans* ved Olav Olavius, medan Niels Matthias Petersen stod for den første omsetjinga til samtidsdansk, i *Historiske Fortællinger om Islændingernes Færd hjemme og ude* bd II på

⁴⁰ Sveinbjörn Þórðarson (red.) (2007, 13.9). The Icelandic Saga Database. <https://www.sagadb.org/>

⁴¹ Jan Ragnar Hagland (1994) i: Liestøl og Hagland 2008, s. 22

tidleg 1840-tal.⁴² Andreutgåva av Petersen si omsetjing (1862) kom også ut i fornorska utgåve, som eit tilleggshäfte til Folkevennen i 1871. Denne vart omsett av Karl Linné Sommerfeldt.⁴³

Sjølve handlinga av saga består av to hovudbolkar, der del ein og del to utgjer den første. Handlinga tek til med konsekvensane av det turbulente giftarmålet og skilsmissa mellom berserken Hrut Herjolvsson og Unn, dotter til den mektige hovdingen Mår Gigja Sigvatsson. Etter skilsmissa nektar Hrut å betale medgifta attende.

I andre del møter vi Unn sin frende, Gunnar Håmundsson på Lidarende, som vel å involvere seg i saka om medgift av moralske grunnar. Med råd frå sin kloke og lovkvinnige ven Njål, sikrar Gunnar Unn medgifta tilbake. Seinare vert Gunnar forelska i Hrut si niese, Hallgjerd, som indirekte har fleire liv på samvitet. Trass i åtvaringar frå både Hrut og Njål, trulovar Gunnar seg med henne. Hallgjerd steller i stand ei blodig feide med Njål si kone, Bergtora, som ender med ei rekke daude, inkludert Tord Løysingsson, fosterfaren til Njål sine soner. Gunnar hamnar stadig i rettsleg klammeri takka vere kona Hallgjerd, som gjentekne gangar tvingar han til å gjere drap for å redde æra. På det verste gjev Gunnar henne eit slag, noko ho lovar vil bli tilbakebetalt. Ved hjelp av Njål kjem han som regel ifrå det med æra intakt. Men på eitt tidspunkt åtvarar den framsynte Njål Gunnar mot fleire hemndrap. Og skulle han finne på å drepe to frå same ætt, vil det gå ille. Unn sin son, Mår Valgardsson, får nyss i spådomen. Han stiller i stand nye åtak på Gunnar, og Gunnar ender med å gå i fella. Til slutt vert han løyst fredlaus, og må dra frå Island. Men då han rir heimanfrå, fell han frå hesten, og vert overvelda av det vakre synet av Lidarende, i ein av dei mest minneverdige skildringane i sagalitteraturen: «Fager er lia, aldri har ho synest meg så fager som no, Bleike åkrar og slegne vollar. Eg vil ri heim att og ingenstad fara».⁴⁴ Han oppfører seg som om han ikkje er fredlaus, og vert snart konfrontert av ei rekke fiendar. Han forsvarar seg så best han kan, men når bogestrengen hans ryk, nektar Hallgjerd å gje han av håret hennar for å tvinne ein ny streng, som takk for slaget. Det vert Gunnars ende.

I del tre følgjer vi først njålssonene Helge og Grim på vikingferd, før dei kjem heim saman med heidersmannen Kåre Solmundsson. Kåre giftar seg med søstera deira, og vert Njål sin svigerson. Men eit anna følgje vender også attende frå vikingferd, leia av Tråin Sigfusson. Med han kjem Rapp, ein mann som skapte vanskar for Grim og Helge med Jarl Håkon då dei

⁴² Jf. Jørgensen 2008

⁴³ Jørgensen 2008

⁴⁴ Liestøl og Hagland 2003, s. 138

var i Noreg. Dei forlangar oppreising frå Tråin, men får ikkje anna enn spott. Dermed startar ei rekke blodige konflikhtar mellom njålssønene og Tråin sin bande. Helge og Grim sin bror, Skarphedin, drep Tråin sjølv i ein reint spektakulær kampscene på isen. For å gjere opp for drapet, adopterer Njål Tråin sin no foreldreause son Hoskuld. Saman med det faktum at Tråin sin bror, Kjetil, er gift med Njål si andre dotter, klarar han difor å gjere forlik trass alle odds. Hoskuld vert etter dette Njål sin soleklare favorittson. Så snart Hoskuld er myndig arrangerer Njål han eit godt giftarmål. Og då bruda Hildegunn krevjar at Hoskuld må ha sitt eige gørdord for at ho skal gifte seg med han, får Njål også i stand dette. Hoskuld vert lukkeleg gift med makt og ære. Men når njålssønene vert manipulerte til å drepe den no mektige Hoskuld vert utfallet for mykje å handtere, sjølv for den sørgjande Njål. Familiegarden på Bergtorskvål vert omringa av ein stor flokk på over 100 mann, og heile familien vert drepne i mordbrann. Berre Kåre kjem seg unna.

Den resterande handlinga i saga dreier seg om utfallet etter mordbrannen. Ein dramatisk rettssak på Alltinget ender utan tilfredsstillande oppreising for Kåre. Han dreg ut på ei hemnferd som tek han til både Orknøyane og Roma, før den ender med skipbrot nær garden til den siste av gjerningsmennene, Flose. Kåre og Flose skværar opp, og Kåre gifter seg med Hoskuld si enke. Mordsyklusen tek endeleg slutt.

Laksdølane

Soga om laksdølane vert nest etter *Njålssoga* rekna som den fremste islendingesoga, både av kunstnarleg kvalitet, og i tal på overleveringar. Særleg verdifull er den for sin uvanlege kjærleikstematikk og eksepsjonelle kvinnelege karakterskildringar, som er vanleg å rekne for å vere inspirert av dei høviske riddarsogene.⁴⁵ Mange har lese *Laksdølane* med fokus på korleis dei kvinnelege karakterane kan handle som om dei var menn. Ofte vert trekantdramaet mellom Gudrun, Kjartan og Bolle i *Laksdølane* lese som å ha intertekstuelle band til den kontinentale riddarlitteraturen. Det er difor rekna som truleg at forfattaren eller redaktøren har hatt kjennskap til europeisk litterær tradisjon, moglegvis gjennom europeisk klosterutdanning.⁴⁶

Laksdølane byrjar skjemamessig med ein historisk prolog, som skildrar korleis hersen Kjetil Flatnev fer frå Noreg og vert forfar for fleire av dei store slektene på Island. Soga følgjer

⁴⁵ Mundal 2013, s. 448. Heltedikt frå Europa vart truleg omsette og bearbeidde som norrøne soger i same periode som ein reknar *Laksdølane* for å ha vorten til (Mundal 2013, s. 432).

⁴⁶ Fidjestøl 194, s. 11, Mundal 2013, s. 450

deretter Kjetil si formidable dotter, Unn den djuptenkte, og så etterkomarane hennar på Island. Først følgjer vi hovdingen Hoskuld Dala-Kollsson, Unn sitt barnebarn. Deretter skiftar fokuset for handlinga til hans uekte son, Olav På, og deretter til Olav sin son Kjartan, og fostersonen Bolle Torleiksson. Det er no handlinga dreier over i det som skal utgjere hovudkonflikten i saga, ikkje minst med introduksjonen av Gudrun Osvivsdotter. Kjartan og Bolle er nære vener, men begge attrår Gudrun. Som den fremste av dei to fosterbrørne er det Kjartan som vert trulova med henne. Kjartan og Bolle vil dra utanlands, men Kjartan vil ikkje ta Gudrun med på ferda. Gudrun på si side er ikkje villig til å vente i uvissa på Kjartan i tre år. I Noreg kjem Kjartan og Bolle i konflikt med kong Olav Tryggvasson, som forbyr islendingar å forlate Nidaros utan å konvertere til kristendom. Kjartan og Bolle vert etter kvart forlikte med kongen, og lét seg kristne. Men kongen har møtt motstand i forsøka på å spreie kristendomen til Island, og vel å halde fleire islandske stormannssøner, deriblant Kjartan, som gissel. For den grunnen kjem Bolle aleine attende til Island. Han fortel Gudrun at Kjartan er att i Noreg som kongen sin akta gjest, og avslører samstundes at Kjartan er på svært god fot med kongen si søster Ingebjørg. For denne grunnen går Gudrun motvillig med på å gifte seg med Bolle. Kjartan vender omsider attende, og då han oppdagar at Gudrun er gift med Bolle, tek han seg ei anna kone mest på trass. Bolle forsøker forsoning med fosterbroren, til inga nytte. Konflikten utviklar seg gjennom ein serie fornærmingar og tjuveri, og toppar seg med at Kjartan med hærfølge beleirer Bolle og Gudrun sin gard i tre dagar. Gudrun eggjar brørne sine til å ta hemn på Kjartan, og trugar Bolle med skilsmisse om han ikkje vert med. Saman overfell dei Kjartan. Bolle vil først ikkje slost, men når det vert tydeleg for gudrunbrørne at dei ikkje er nokon match for den suverene Kjartan, pressar dei Bolle til å gå inn i kampen. Kjartan nektar å slåst mot fosterbroren. Bolle gjev han dødsstøyten, men angrar umiddelbart, og Kjartan døyr i armane hans.

Gudrunbrørne vert bannlyste frå Island for drapet, men Olav På ber om at fostersonen vert spart denne lagnaden, og berre må betale mannebot. Dei andre sønene vert svært arge, og etter at Olav går bort, lét dei seg eggje av mora, Torgjerd. Saman med frendar overfell dei Bolle og den gravide Gudrun. Dei drep Bolle, og banemannen Helge Hardbeinsson hånar Gudrun ved å tørke Bolle sitt blod på Gudrun sitt sjal.

Tolv år seinare tek Bolle Bolleson, sonen Gudrun føder, opp hemnen for far sin. Hemnsyklusen endar ved at Bolle og olavssønene vert forlikte. Bolle dreg utanlands og vinn mykje ry, medan Gudrun ender sine dagar som nonne.

Soga om sambandsmennene

Også *Soga om sambandsmennene* vert framheva for sin særleg kunstnarlege kvalitet.⁴⁷ Men der *Njálssoga* og *Laksdølane* har mykje til felles, skil *Sambandsmennene* seg frå dei på ei rekke måtar. Ikkje berre er handlinga langt meir avgrensa enn det som vanleg er i sogene; den er einast sett etter år 1000 (og ikkje overskridande tusenårsskiftet), og er moglegvis den kortaste av alle islendingesogene. Ikkje minst er den som satire åleine som den einaste klare komedien blant islendingesogene.⁴⁸ Ifølgje den skotske litteraturvitaren W. P. Ker er det tale om «the first reasonable and modern comedy in the history of modern Europe».⁴⁹ Likevel har soga vore gjenstand for overraskande lite forskning samanlikna med dei to andre.

Sambandsmennene byrjar med introduksjon av hovudpersonane Ufeig Skidesson og sonen Odd. Det er ikkje noko kjærleik mellom Ufeig og Odd. Odd dreg heimanfrå så snart han kan, utan middel til å slå seg opp. I staden må han låne. Men lukka er med han i alt. Han gjer seg etter kvart svært rik på handel utanlands, og er snart sagt å vere den kanskje rikaste mannen på Island. Så høgt akta som han er, går naboane saman om å skaffe han gødord. Odd hyrar ein mann ved namn Uspak Glumsson, som trass i dårleg rykte og utsjånad visar seg særst dugeleg og driftig. Odd er svært nøgd med alt Uspak tek seg føre på garden, så når han på ny må dra utanlands, etterlét han både drift og gødord i hendene på ein motviljug Uspak. Det viser seg at også gødordet er noko Uspak meistrar. I den nye rolla får han attpåtil gifta seg, med den meir eller mindre sjølvstendige kvinna Svala. Når Odd kjem heim, vil Uspak først ikkje gje frå seg gødordet, og det ender med at Odd må tvinge det frå han. Saman med Svala flyttar Uspak deretter til garden hennar, Svölustadir. Etter kvart byrjar buskapen til Odd å forsvinne, og Odd sin trufaste fosterbror Våle mistenker Uspak for å stå bak. Saman med Odd og 20 mann dreg han til Uspak for å konfrontere han. Uspak drep Våle i skjul, og overtud Odd til å uvitande dra heim utan Våle. Når dette kjem ut, påverkar det Odd sitt ry negativt.

Under Alltinget forsøkjer Odd å reise sak mot Uspak, men er ikkje lovkunnig nok, og saka fell gjennom over formalitetar. Ufeig kjem til Odd og tilbyr å ta seg av saka. Det ender med at Uspak vert lyst fredlaus. Til og med Svala vender seg mot han. Men no vert Odd anklaga for bestikking, og ein allianse av åtte hovdingar bestemmer seg for å konspirere for å felle den rike Odd. Gjennom smidig retorikk, sluheit og utnytting klarar Ufeig å snu situasjonen til Odd

⁴⁷ I følgje Halvard Magerøy er det «eit av dei største kunstverka i den islandske sogelitteraturen» (1956, s. 333)

⁴⁸ Magerøy, 1976, s. 9

⁴⁹ Magerøy, 1976, s. 9

sin fordel ved å spele sambandsmennene opp mot ein annan. Far og son vert forlikte, Odd giftar seg med dottera til ein av hovdingane. Uspak vert knivstukken av den «halv-tomsete» Bjalve, bror av Svala sin nye mann Mår Hildisson, og dør seinare av skadane.

Utfordringar med historiske tekstar

Det er ikkje uproblematisk å rekonstruere førestillingar frå mellomalderen vi berre kjenner gjennom usikre kjelder.⁵⁰ Eitkvart forsøk på lesingar av mellomalderlitteratur må difor kome med ei rekke atterhald. Ikkje minst når det gjeld eventuell samanheng mellom verka som litteratur og deira forløparar i munnlege tradisjonar. Det er noko som gjer mellom anna sjølve forfattarrolla svært utydeleg.⁵¹ Dette tangerer også to av dei største debattane innan sagaforskinga – kor vidt sogene er *historiske kjelder* eller *skjønnlitteratur*, og forholdet mellom verka som munnleg overleverte eller litterært komponerte storleikar. For oss er desse spørsmåla av mindre tyding her. Sidan berre skjønnlittære framstillingar er av interesse her, tek eg som sagt ikkje stilling til eventuell historisitet.⁵² Det er likevel fleire faktorar å ta høgde for i lesinga. Den første er litterær kvalitet. Else Mundal peikar på at kva litteraturvitarar og sagaforskarar i dag held for kunstnarleg høgverdig kvalitet ikkje naudsynt stemmer overeins med synet til dei som skreiv sogene ned, og den samtidige lesaren deira.⁵³ Og ikkje berre kunstnarleg kvalitet – forventningshorisonten til den samtidige lesaren vil ha vore fundamentalt annleis enn vår. Som Kristen Mills poengterer, må vi difor vere medvitne at framstillingane vi les er meint å vera forståelege for den samtidige lesaren, og ikkje oss.⁵⁴ Det vil altså seie at meininga ikkje alltid vil vere openberr for moderne lesarar. Eit døme på kva Mills meiner finn vi i korleis framstillinga av kjensler – *emosjonar* – vert handtert i sagalitteraturen. I 1867 stillar den islandske diktaren Grímur Thomsen den norrøne sagahelten opp mot den klassiske, greske litteraturens helt på denne måten:

The Greek utters his passion in its fullness, he does not even fear
to express himself by inarticulate interjections; the Northern

⁵⁰ Jf. William Ian Miller (1992). «Emotions and the Sagas». I: Gísli Pálsson (red.). *From Sagas to Society: Comparative Approaches to Early Iceland*. Middlesex: Hisarlik Press, s. 93

⁵¹ Det er verdt å merke at det i dag er stort sett akseptert at sjølv om dei fleste sogene har hatt utspring i munnleg forteljartradisjon, kan dei likevel reknast som litterære verk som i noko varierende grad blei til ved nedskrivinga (jf. t.d. Evans 2019, s. 5).

⁵² For ei interessant analyse av den historiske utviklinga av maskulin identitet i det islandske samfunnet frå det 900-talet 1200-talet, sjå Bjørn Bandlien si doktorgradsoppgåve, *Man or monster: Negotiations of Masculinity in Old Norse Society* frå 2005.

⁵³ Mundal 2013, s. 47. Sidan denne oppgåva handsamar kjeldematerialet utelukkande frå ein litteraturvitenskapeleg ståstad, og følgjande som litterære tekstar, vil eg herifrå konsekvent vise til det samtidige publikummet eller målgruppa, som *lesaren*, i eintal.

⁵⁴ Mills, 2014, s. 473

character grows more silent as his passion increases; being too well aware of the insufficiency of speech to exhaust his passion or the inadequateness of the form to express the spirit, he disdains to give vent to it.⁵⁵

Grímur formulerer det som har blitt sjølv arketyper for førestillinga om sagahelten. Christopher Crocker set det same på spissen slik: Den norrøne mannen er lakonisk og kjenslemessig avstumpa.⁵⁶ Eit døme på eit emosjonelt uttrykk som tilsynelatande er «umannleg», er å gråte. Det tyder likevel ikkje at menn som uttrykker kjensler eller emosjonar naudsynt er umannlege. Derimot har fleire forskarar peikt på korleis sogene slett ikkje naudsynt er så blotta for emosjonar som ein tidlegare har meint. Det kan vere ein dissonans mellom det som vert *sagt*, og det som vert *sett*, som Crocker påpeiker.⁵⁷ Særleg kan det vere tale om litterære topoi og kulturelt akseptable kodar for korleis ein uttrykker emosjonar, som den samtidige lesaren ville kjent, men som rett og slett ikkje er like openberre for oss. Ei forklaring på dette finn vi hjå Barbara Rosenwein, som meiner at normer for korleis emosjonar vert uttrykte innanfor ei sosial gruppe *ikkje* er noko universelt.⁵⁸ Det krevjar ei viss tolking for å kunne forstå dei, dei fungerer som felles vokabular og tankesett, med kontrollerande og disiplinerande funksjon, ikkje ulikt Pierre Bourdieu sitt habitus.⁵⁹ Gjennom den velkjend strengt objektive forteljarstilen unnlèt forteljaren vanlegvis direkte skjønnsvurdering av handlinga, og vegrar seg alltid for å gje nokon som helst form for direkte skildring av karakterane sine kjensleliv.⁶⁰ Det tyder ikkje at karakterane i sagalitteraturen ikkje uttrykkjer emosjonar, berre at det kan vere naudsynt å lese verka med eit anna perspektiv. Karakterane sine kjensleliv bli formidla på måtar som kan vere skjult for moderne lesarar. For å dekode emosjonelle uttrykk i sagalitteraturen som ikkje er openberre for moderne lesarar, foreslår Kirsten Wolf ein eigen «somatisk semiotikk». ⁶¹ I dette omgrepet legg ho korleis enkelte skildringar i sogene som kan virke svært overdrivne for moderne lesarar eigentleg kan representere litterære grep.⁶² Døme på dette er nonverbale signal, skildringa av kroppsspråk og andre fysiske reaksjonar, altså gjennom skildringar av karakterane sine kroppar.⁶³ Enkelte slike

⁵⁵ Grímur Thomsen (1867). «On the Character of the Old Northern Poetry» *The Northern British Review* 46-47

⁵⁶ Christopher Crocker 2020, s. 240

⁵⁷ Crocker 202, s. 242

⁵⁸ Barbara Rosenwein (2006). *Emotional communities in the early Middle Ages*. Ithaca, NY: Cornell University Press

⁵⁹ Mills 2014, s. 472

⁶⁰ Carolyne Larrington (2015) «Learning to Feel in the Old Norse Camelot?». *Scandinavian Studies* Vol 87, Iss. 1, 64-94.

⁶¹ Kristen Wolf. (2014). «Somatic Semiotics: Emotion and the Human Face in the Sagas and Þættir of Icelanders.» *Traditio* 69. pp.125–145.

⁶² Wolf 2014, s. 143.

⁶³ Miller 1992, s. 98

karakteristikkar kan virke særleg uvanlege for oss, som dei bisarre andletsuttrykka Egil Skalla-Grimsson tidvis vert skildra med, eller når blod sprutar frå øyra til Torhall Ásgrímsson i *Njálssoga*. Lese med Wolf og Rosenwein kan slike skildringar vere døme på verkemiddel samtidige lesarar eller tilhøyrarar vil ha funne forståelege ut ifrå deira felles forståingshorisont. Dermed kan forteljaren kompensere for at sjangerformelen ikkje tillèt direkte skildringar, og i staden skildre signifikantar for emosjonar, meiner Wolf.⁶⁴ Også Sif Ríkhardsdóttir har påvist døme på signifikantsystem i sogene som skil seg frå våre.⁶⁵ Sif syner mellom anna korleis franske forteljingar omsette til norrønt inneheld semiotiske adaptasjonar som må ha vore heilt naudsynte for at det norrøne publikummet skulle forstå dei utifrå *sine* sosio-kulturelle, litterære referanserammer.⁶⁶ Den europeiske mellomalderen bestod trass alt av eit mangfald av historiske og kulturelle kontekstar og normsystem for emosjonelle uttrykk. Også sjanger spelar ei rolle her, for som Rosenwein påpeiker har emosjonar ulike nytteverdi i ulike sjangrar.⁶⁷ Med Rosenwein sine perspektiv kan vi lese uttrykk for fleire emosjonelle samfunn i sagalitteraturen, med ulike normsystem i spel i ulike kontekstar. Det tilhøyret ein kronikør eller historikar har til sitt eige emosjonelle samfunn avgjer truskap til materien, altså kor vidt hen er tvungen til å dokumentere ei gitt emosjonell hending eller eit kjensleutbrot: det er korleis hen reknar med at lesaren vil forvente hendinga ført i pennen som dikterer kva hen tek med, hevdar Rosenwein.⁶⁸ I somme tilfelle kan skildringar vere døme på overlappende sagasjangertradisjonar. Emosjonelle utbrot og gråt er forventta høvisk reaksjon i riddarsogene⁶⁹ – og dermed maskulint akseptabelt. I dei samtidige islendingesogene er det derimot vanlegvis forstått som uttrykk for noko umannleg og avvikande. Men verk som *Laksdølane* har klare intertekstuelle trekk påverka av riddersogene og dei høviske ideologiane som veks fram på Island på 1200- og 1300-talet, og som vi kan rekne med den skrivekyndige kulturen også spring ut ifrå.⁷⁰ Dette er interessant å ha med når vi undersøker ulike maskuline uttrykk i sogene.

⁶⁴ Wolf 2014, s. 143

⁶⁵ Sif Ríkhardsdóttir (2012). *Medieval Translations and Cultural Discourse: The Movement of Texts in England, France and Scandinavia*. Cambridge: D.S. Brewer.

⁶⁶ Sif 2012, s. 74.

⁶⁷ Rosenwein 2006, s. 28

⁶⁸ Rosenwein 2006, s. 28.

⁶⁹ Dei høviske riddarsogene er ein relativt heterogen sjanger soger som anten vart omsett frå fransk, og også tysk og latinsk, sannsynlegvis som ledd i Hákon Hákonssons høviske dannelsingsprosjekt i Noreg, men òg potensielt originale komposisjonar etter same lest på Island. Broder Roberts omsetjing av *Tristramsoga* (*Tristrams saga ok Ísöndar*) er riddarsoga med tidlegaste kjende datering, 1226, og då 1200-talet truleg var stordomstida til produksjonen av denne sjangeren, vil den ha overlappa med produksjonen av islendingesoger (Mundal i: Haugen 2013, s. 432-434). *Soga om laksdølane* er til dømes truleg komponert på midten av 1200-talet, og har ofte vore foreslått influert av riddadiktinga, med sin romantiske tematikk (Mundal 2013, s. 448).

⁷⁰ Védís Ragnheiðardóttir 2020, i: Ármann og Mayburd (red.) s. 422

Å nytte moderne teoretiske perspektiv på historiske verk er ikkje gjort utan atterhald, og det er risikabelt å rekonstruere førestillingar frå mellomalderen vi berre kjenner gjennom så usikre kjelder. Høgst spekulativt vert det når det er tale om verk med ukjend opphav, truleg foregripne av munnlege tradisjonar. I tillegg må ein ta høgd for at det kan ha vore eit svært tydeleg skilje mellom førestillingane i det norrøne samfunnet på Island i åra islendingesogene finn stad, og i dei kristne, akademiske miljøa i sturlungetida og seinare.⁷¹ Det er gjerne fleire hundre år mellom hendingane som vert skildra i islendingesogene og tida dei vart skrivne ned og truleg redigerte. Som nemnt, vart tekstane slik vi kjenner dei i overlevert stand utforma på Island i andre halvdel av 1200-talet. Denne kristne samtidskulturen var sterkt prega av den blodige sturlungetida.⁷² Uroa i denne perioden, særleg i åra 1230 til den islandske fristaten fall under norsk herredøme på tidleg 1260-tal, var i stor grad ein konsekvens av at makta og rikdomen i det elles adelslause samfunnet vart konsentrert hjå ein liten, mektige klasse hovdingslekter. Samstundes arbeidde mange for å styrke banda med den norske krona, mellom anna gjennom kyrkja.⁷³ Handlingane i islendingesogene går derimot føre seg særleg i tiåra rundt år 1000, i ein til dels heidensk og førkristen, og til dels nyleg konvertert kristen, nybyggjarkultur. Også i denne avstanden ligg det klare, kulturelle skilnader. Vi må òg akseptere at førestillingane som kjem med vår sosiokulturelle kontekst 800 år seinare, skil seg ytterlegare, for ikkje å seie betrakteleg, frå materien vi studerer.⁷⁴ Det finst difor ingen garanti for autentisitet, for korkje haldningar, verdisyn eller kulturell tyding frå det islandske samfunnet rundt 1000-talet, men heller ikkje for den overleverte kjelda i seg sjølve. Det er altså allereie ein viss dissonans mellom den materien som opptar forskinga, og den tolkinga av den som ligg i allemannseige. Særleg kontroversielt kan slike syn bli i samanhengar der slike konstruksjonar gjev grunnlag for identitetskjensler.⁷⁵ Sjølv med mål om objektivitet kan ein då

⁷¹ Mundal 2014, s. 450

⁷² Jesse L. Byock (1988). *Medieval Iceland. Society, Sagas and Power*. London: University of California Press, s. 71

⁷³ Byock 1988, s. 8, 47-58. Mykje av denne turbulente historia er sjølv sagamaterie i dei islandske samtidssogene, ein sjanger som ligg mykje nærare den samtida dei vart komponerte i enn islendingesogene, og som særleg handlar om dei mektige ættene som vaks fram til å ha det meste av den konsolidert makta i det islandske samfunnet på 1200-talet (sjå t.d. Byock 1988, s. 31pp.).

⁷⁴ Ikkje minst finst det parallelltekstar overleverte i ulike kjelder, som i varierende grad skil seg frå einannan, sannsynlegvis grunna skriftleg variasjon (Mundal 2013, s. 440). Ein har t.d. ingen sikre kjelder på kva moglege forfattarintensjonar det kan vere tale om i verka, om miljøet er farga av personen som fører verket i pennen, eller av samtidige til det temporale opphavet. Oppstod rammeverket i forteljingane som rapport frå augevitne, eller som kollaborasjonar mellom historieforteljarar? Kor mykje avvik kan vi rekne med? Og kor mykje utdjupar eller redigerer den som festar forteljinga til velin? Har denne redaktøren i det heile sosio-kulturell innsikt eller andre føresetnader for å vurdere kva som er relevant eller avgjerande? Eller kan det potensielt vere tale om fundamentalt andre budskap enn det «originale»? Og er det i det heile mogleg å snakka om noko «originalt», eller bør vi rekne redaktøren som forfattaren, og det nedskrivne som originalverket? Mange av desse spørsmåla er det vanskeleg, om ikkje å seie umogleg, å svare på, og er heller ikkje intensjonen her. (Sjå også fotnote ⁷)

⁷⁵ Jf. fotnote ³.

risikere å la sine egne førestillingar stå i vegen. På den andre sida er det absolutt eit poeng at det er litterære representasjonar som er gjenstand for undersøkingane våre. Litteratur krevjar alltid ei viss tolking uansett, og hermeneutikken er trass alt godt innarbeidd i humaniora. Behovet for tolking er difor ikkje naudsynt noko hinder, men kan derimot vere rikt på mogelegheiter. Det er kan gjere det mogleg å avdekke tilhøve som tidlegare har vore oversett, utfordre etablerte konstruksjonar, og tilby ny innsikt og kunnskap. Nettopp grunna dette usikre aspektet ved tekstane, er det i akkurat rommet mellom etablerte konstruksjonar og nye lesingar det framleis kan liggje mykje potensiale i desse verka.

I dette kapitlet har eg gitt ein kort presentasjon av islendingesogene som sjanger, og plasseringa dei har innan ein større litterær tradisjon. I tillegg har eg presentert tekstgrunnlaga for oppgåva, og drøfta særskilde utfordringar med å undersøkje historiske verk med usikker proveniens. Fordi denne oppgåva først og fremst er litteraturvitskapeleg, er det i hovudsak dei immanente, konkrete tekstane eg held meg til, og eg tek difor mindre omsyn til variasjonar, overleveringar eller diskrepans ved originalkjelder.

I neste kapittel vil eg sjå på forskningstradisjonen på den norrøne litteraturen og innan kjønnteori, og kort gjere greie for teoretiske rammeverk som kan vere nyttige i analysane.

Kapittel 2: Faghistorie og teoretiske rammeverk

Forskingsteori: Karakterar, konvensjonar og maskulinitet

At *Njálssoga* gjerne vert rekna som eit dramatisk og stilmessig høgdepunkt innan islendingesogene har allereie vore diskutert. Theodore M. Andersson held derimot eit litt anna syn; han meiner at *Njálssoga* representerer ein klar subversjon og kritikk av sagasjangeren, der ein medviten forfattar/redaktør i staden utfordrar lesaren ved å satirisere dei forventa sjangerkonvensjonane.⁷⁶ I staden for den klassiske «familiesaga»-oppbygginga, meiner han at *Njálssoga* handlar langt meir om nederlag, kulturell kollaps, og samfunnskollaps.⁷⁷ Ármann Jakobsson støttar Anderson sitt syn, og argumenterer for at det kjem fram i måten teksten kan presentere ideologiske haldningar på tre ulike plan.⁷⁸ I dette legg han at saga ikkje berre uttrykker haldningane som er dominante i det samfunnet saga vart til og haldningane som er dominante i det samfunnet saga framstiller. I tillegg finn han eit eige ideologisk budskap i den litterære teksten sjølv, som han meiner uttrykkjer underliggjande haldningar i sjølve saga.⁷⁹ Slik framstillinga av maskulinitet kjem til uttrykk i ei soge treng altså ikkje å reflektere den kulturelle forståinga forskinga elles har av Island på 1200-talet, men representere ein eigen tekstleg ideologi for kva som inneber maskuline ideal. Denne tekstlege ideologien identifiserer Ármann gjennom fleire motsetnader i korleis karakterane tilsynelatande tvangsprega responderer til omgjevnadane, utifrå forventningar til manndom, samstundes som få eller ingen konsekvensar synast råke dei som ikkje held seg til denne standarden.⁸⁰ Korvidt *Njálssoga* er ein bevisst satire eller ikkje, skal eg ikkje ta stilling til her. Men som Ármann opplever også eg når eg les tekstane at er fleire klare brot mellom forventningar og åtferd i ei rekke døme som omhandlar tydeleg kjønnskoding. Eg vil sjå på fleire slike skildringar der karakterar står i eit krysspress mellom forventningar og føresetnader knytt til kjønna åtferd. Men i motsetnad til Ármann har eg ikkje einast valt scenar og karakterar som kan bli definerte av potensielt transgressiv åtferd. Å undersøke maskulinitet i form av avvik frå normer og det ibuande potensialet for transgresjon er sjølvstekt fruktbart i og for seg, men når vi søkjer å få eit meir heilskapleg bilete av korleis maskulinitetar vert konstruerte kan vi ikkje avgrense oss berre til korleis dei eventuelt avviker.

⁷⁶ Anderson 2006, s. 183

⁷⁷ Andersson 2006, s. 203

⁷⁸ Ármann (2007). «Masculinity and Politics in *Njáls Saga*» s. 195

⁷⁹ Ármann 2007, s. 195, 195f, 203

⁸⁰ Ármann 2007, s. 203

Det å undersøkje konkrete karakterar i sogene er ikkje noko nytt i seg sjølve. Karakteranalyser var tidlegare sentrale i forskinga på den norrøne litteraturen, før eit skifte mot strukturalisme og proppianske rolleanalyser på 1970-talet. I sistnemnde tradisjon finn vi Lars Lönnroth sin grundige gjennomgang av *Njálssoga* frå 1976.⁸¹ Her identifiserer han narrative rolletypar, og deler karakterane inn i desse basert på kva funksjon dei har i narrativet. Også Vésteinn Olason har lese sogene med fokus på eit avgrensa utval rolletypar og funksjonar.⁸² Også i dei siste 40 åra har det vore mange som har gjort reine karakterstudie av sagalitteraturen, mange av dei med utgangspunkt i *Njálssoga*. Av desse kan nemnast Ármann Jakobsson, som utforskar den ideologiske og moralske funksjonen av Tráin Sigfusson i *Njálssoga*,⁸³ Robert Cook som analyserer Mår Valgardsson,⁸⁴ og Low Soon Ki, som har studert Skarphedin sitt flir.⁸⁵ Det er absolutt nyttig å sjå på kva funksjon ein karakter har for forteljinga, og som litterære verk gjer sogene tydeleg nytte av typar og roller for å byggje oppunder handlinga.

Å undersøke slike funksjonar kan fortelje oss mykje om korleis vi er meint å forstå framstillinga av maskulinitet i handlinga. Men om sagakarakterane er enkle å dele inn i *typar*, er dei likevel ikkje naudsynt særleg homogene. Sjølv om vi avgrensar tolkinga av karakterane til litterære konstruksjonar er det tydeleg at dei aller fleste er langt meir samansette enn dei er todimensjonale. Det kan vi mellom anna sjå på måten sjølv dei mest ideelle heltetypane ofte vert perspektiverte med lyter eller andre negative sider, ferdigheiter eller eigenskapar. På same vis kan i utgangspunktet negativt framstilte karakterar ofte ha formildande kvalitetar, og vere uttrykk for at forteljaren vil illustrere kor vanskeleg det av og til kan vere i ei gitt scene å vurdere kven som har *rett*: protagonisten eller antagonistten. Det som manglar i rolleanalysar er difor ofte heilskaplege vurderingar av karakterane som individ som har fleire karaktertrekk enn dei som skal til for å oppfylle funksjonen dei har i forteljinga.

At ein karakter har ulike sider vert ofte tydeleg allereie i det den vert introdusert til forteljinga. Forteljaren stoppar opp narrativet for å skildre karakteren med sjangerspesifikke kjenneteikn, konvensjonar som skal indikere kva for ein persontype det er tale om. Slike indikasjonar kan ligge i detaljane forteljaren vel å fokusere på i skildringa, eller i korleis andre personar vert skildra å reagere eller respondere. Ofte gjev forteljaren generaliseringar av typen,

⁸¹ Lönnroth 1976, s. 65-68

⁸² Vésteinn 1998, s. 143

⁸³ Ármann Jakobsson. (2009). «The Impetuousness of Þráinn Sigfússon: Leadership, Virtue and Villainy in *Njáls saga*». Arkiv För Nordisk Filologi, 124, 53.

⁸⁴ Robert Cook (2001). «Mörður Valgarðsson». I: Ásdís Egilsdóttir og Rudolf Simek (red.) *Sagnaheimur: Studies in Honour of Hermann Pálsson on his 80th birthday*, 26th May 2001. Wien: Fassbaenderr

⁸⁵ Low Soon Ai (1996). «The Mirthless Content of Skarphedinn's Grin». *Medium Ævum*, Vol. 65, No. 1

«det har vori sagt», eller «ein tyktest». Å krydre skildringane med subjektive meiningar på denne måten, skjult bak ein slags «folkeopinion», som til dømes «folk sa...», «mange meinte...», «det vart sagt...» og liknande, er vanlege verkemiddel. Som teknikk kan dette moglegvis vitne om korleis sogene har munnlege førelegg.⁸⁶ Men som Thomas M. Andersson har synt kan vi langt på veg rekne dei fleste døma på denne typen formuleringar som stilistiske grep.⁸⁷ Skildringane tener både til å slå fast ei «sanning» – forteljaren sin eigen dom – og noko som er generelt, allment anerkjend. Det skapar ein grad av realisme og signaliserer truverd, men som i sanning i beste fall kan vise seg å berre vere folkesnakk. Den vage nemninga «folk» eksisterer i eit slags liminalt rom mellom dei ulike laga i teksten, openbert under forteljaren, men samtidig over det direkte handlingsplanet. Det er umogleg å vite kven «folk» spesifikt kan referere til, for dei vert aldri namngjevne. Det er ingen som uttrykkjer påstandane gjennom replikkar, og dei er heller ikkje assosierte med nokon konkret tid eller stad.⁸⁸ Om ein vil løfte blikket, kan «folk» for så vidt også referere til forfattern/redaktøren si samtidige målgruppe. Karakterar som Kjartan eller Gunnar vil ha vore velkjende historiske personar i den tida sogene vart førte ned, og vi kan absolutt tenkje oss at «folk» hadde si meining om dei sjølv utan å vere kjende med dei enkelte sogene vi konsentrerer oss om. Dette er kanskje særleg tydeleg i *Sambandsmennene*, der forteljaren refererer spesifikt til hendingar og karakterar som den tilsynelatande går utifrå at lesaren allereie kjenner.⁸⁹ Også i *Laksdølane* tek forteljaren for gitt at lesaren kjenner til historiske detaljar, som detaljane rundt skilsmissa mellom Hrut og Unn som vart «opphavet til striden mellom laksdølane og fljotslidingane», utan at vi får noko meir informasjon om dette her, trass i Hrut sin viktige rolle i handlinga.⁹⁰ Forteljaren tek for gitt at lesaren er kjend med denne konflikten, sjølv meir enn 200 år seinare. Som forteljartekniske grep tener slike utsegn difor til å gje inntrykk av at noko er allment. Samstundes etablerer det visse narrative reglar som ikkje går på akkord med realismen. Eg les òg ein annan viktig funksjon av denne teknikken, som meg kjend ikkje er diskutert andre stader, nemleg at gjennom å vise til allmenne oppfatningar i sentrale skildringar, byd forteljaren på innsikt i kor viktig folkeopinionen er for karakterane sjølve. Som vi skal sjå nedanfor, kan dette perspektivet bli særleg fruktbart i vår samanheng. Med nyare kjønsteoretiske perspektiv kan vi forstå framstillinga av kjønna åtferd som uttrykk for sosiale konstruksjonar. Karakterane modulerer

⁸⁶ Thomas M. Andersson (2002). «The Long Prose Form in Medieval Iceland». *The Journal of English and Germanic Philology*, Jul., 2002, Vol. 101, No. 3, s. 383

⁸⁷ Andersson er elles tilhengjar av at sogene slik vi kjenner dei i stor grad har røter i munnleg tradisjon.

⁸⁸ Dette skal vi rett nok sjå unntak av, i døme frå *Sambandsmennene* nedanfor.

⁸⁹ Sjå t.d. Magerøy 1976, s. 33

⁹⁰ Fidjestøl 1994, s. 52. Dette emnet blir derimot handsama langt meir omfattande i *Njálssoga*.

sine egne uttrykk og reaksjonar utifrå relasjonelle tilhøve og sosiale konvensjonar, med trugselen mot ære og sosial status hengande over seg som regulator. Forteljaren sine skildringar kan også vere døme på reine karakterdomar, verkemiddel som tener å leie lesaren til å sympatisere med eller vende seg mot karakteren. Slike påfallande karakteristikkar er somme gongar frampeik til seinare handling. Dette skapar forventningar hjå lesaren om korleis ein person kjem til å te seg.⁹¹ Njål Torgeirson er «så lovkunnig at det fanst ikkje hans like», og kona hans, Bergtora Skarphedinsdotter, er «ei dugande kvende og gildt menneske».⁹² Desse kvalitetane slår forteljaren fast idet dei to vert introduserte i kapittel 20 av *Njålssoga*. Allereie frå første møte investerer vi positive forventningar til Njål som ein uunnverleg alliert i juridiske spørsmål. At Bergtora er heil ved, gjer at vi forventar at ho er ei kvinne som openbert gjer seg fortent til respekt.⁹³ Karakterdom kan forteljaren òg gje i form av skildringa av stereotype ytre karaktertrekk og kommentarar på utsjånad. Eit godt døme på slike trekk finn vi i skildringa av Skarphedin Njålsson i *Njålssoga*, der forteljaren kommenterer: «munnfager var han ikkje».⁹⁴ Forteljaren kan òg kommentere negativ åtferd, som at antagonisten Sigmund Lambesson i *Njålssoga* var «vrang å vera i hop med».⁹⁵ Gjennom slike grep gjer forteljaren oss merksame på kva slags menneske vi har med å gjere sjølv før karakterane kjem inn i handlinga. Forteljaren stimulerer fordommar, skjult i allmenne formlar. Ved å få oss til å sjå for oss kva for slags person det er tale om, og dermed kva dei kan vere i stand til, skapar forteljaren forventningar til kva som skal skje. Det er difor det alltid er nærliggjande å vente at blonde, pene karakterar vil vise seg å vere gode, medan mørke og stygge karakterar vil avsløre seg som destruktive.⁹⁶ Denne dualiteten mellom «lyse» og «mørke» karakterar er ikkje berre ein klisjé. Det har faktisk vore eit vanleg skilje innan diskursen i karakteranalysetradisjonen, og vert framleis brukt i mange studie av norrøn litteratur.⁹⁷ Ikkje berre er det vanleg å rekna dette skiljet som mellom heltar og skurkar, men også mellom ulike heltetypar. Einar Ól. Sveinsson kallar dei «mørkhåra heltar» og «blonde kjempar».⁹⁸ Else Mundal definerer den lyse sagahelten som «lys av sinn og skinn, omgjengelege, vakre og omtykte».⁹⁹ Motstykket er mindre openlyst god, vanskelegare

⁹¹ Jf. Lönnroth 1976, s. 85

⁹² Liestøl og Hagland 2008, s. 58

⁹³ Liestøl og Hagland 2008, s. 58. Merk forresten korleis det i Einar Ólafur 1954 heiter «goðr drengr» (s. 57). Her er altså ordet *drengr*, som vanlegvis tyder ung mann, brukt som generaliseringa «menneske» (jf. Heggstad (2008). *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget, s. 113).

⁹⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 59

⁹⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 88

⁹⁶ Lönnroth 1956, s. 85

⁹⁷ Som t.d. hjå Mundal i: Haugen (red.), 2015.

⁹⁸ Einar Ól. Sveinsson (1971). *Njál's saga: a literary masterpiece*. Omsett av Paul Schach. Lincoln: University of Nebraska Press, s. 96

⁹⁹ Mundal i: Haugen (red.), 2015, s. 448

å forstå motivasjonen til, har gjerne tydelege, fysiske skavankar eller lite attraktive trekk, og vert definert av tungsinn og mørke som heng over dei. Men helten i den klassiske islendingesoga er ofte tvitydig, og som mellom andre Vésteinn Ólason peikar på, særmerkt av nettopp det å vere eit feilbarleg menneske.¹⁰⁰ Heilt «lys-mørk» er karaktergalleria difor ikkje. Ein i utgangspunktet sympatisk karakter kan finne på å handle på tvers av det sosialt eller lovmessig aksepterte, sjølv med gode intensjonar. Slike brot med forventningar forklarar Viðar Pálsson som ein litterær teknikk for å avsløre karakterbrester og svakheiter, som tener til å grunnkje utfallet av hendingar i handling prega av at manglande fullbyrding av forlik og rettfærd.¹⁰¹ På same måte er det gjerne noko formildande over antagonistane sine handlingar, enn kor grovskoren usympatisk den i utgangspunktet vert skildra. Begge delar kan gjerne ha samanheng med det å ha juridisk, om enn ikkje moralsk, rett som sin motivasjon, gjerne i form av rettslege krav.¹⁰² Skiljet mellom rett og galt kan vere svært smalt, og om handlinga har ein moral, er det sjeldan her vi finn den. Lyse karakterar kan like gjerne la seg føre til fall gjennom destruktive handlingar og haldningar, og ha lova – og også den moralske retten – mot seg. På same side kan mørke karakterar ha både juridisk og moralsk rett på si side. Slik kan det vere vanskeleg å la seg heilt overtyde av forenklinga av karaktertypar, sjølv om det absolutt kan vere nyttige utgangspunkt. Det er elles nyttig å merke seg at sjølv om evne til vald ofte er definerande eigenskapar, særleg for dei best representerte heltetypane, syner hemn og vald seg sjeldan som rette vegen til å gjeninnføre orden. Det er ofte balansen mellom dei positive og negative kvalitetane hjå ein karakter som vert avgjerande i evna til å lukkast. Kimen til forløyning ligg difor gjerne i karakterane sin evne til *moderasjon*.¹⁰³ Å handle gjennom arroganse eller aggresjon er uunnngåeleg galt, medan å syne evne til moderasjon alltid er det rette, skal vi tru Vésteinn.¹⁰⁴ Også Einar Ólafur fokuserer på dette med å ha evne til moderasjon som essensielt.¹⁰⁵ Han skil mellom karakterar med og utan sjølvkontroll og moralsk ryggrad, og karakterar med og utan evne til sjølvkritikk og sjølvinnsikt.¹⁰⁶ Det første er elles eigenskapar vi ofte finn i ein tredje heltetype, som Einar Ólafur kallar «den tenkande mannen», motstykket til «den handlande mannen», den meir tradisjonelle helten.¹⁰⁷ Else Mundal nemner

¹⁰⁰ Vésteinn 1998, s. 139

¹⁰¹ Viðar Pálsson i: Ármann og Sverrir 2017, s. 221

¹⁰² Vésteinn 1998, s. 137. Særleg i sogene der det utviklar seg innvikla rettssaksnarrativ kan det vere vanskeleg å skilje mellom kven som har rett av protagonisten og antagonistane.

¹⁰³ Vésteinn 1998, s. 137

¹⁰⁴ Vésteinn 1998, s. 145

¹⁰⁵ Einar Ól. 1971, s. 97

¹⁰⁶ Einar Ól. 1971, s. 97

¹⁰⁷ Einar Ól, 1971, s. 96

denne som *vismannen*.¹⁰⁸ Det er gjennom å kople helten med evne til moderasjon at den kan gjere seg fortent til den øvste form for heider. Eller som Vésteinn uttrykkjer det: «that of being described as drengur góður [a good man]». ¹⁰⁹ Å identifisere kva det vil seie å vere «ein god mann» kan kanskje langt på veg hjelpe oss å forstå framstillinga av maskulinitet. Men den tvitydige naturen til helten i islendingesogene kan utfordre slike forståingar. Ein stad å byrje, er å ta for oss korleis forteljaren skildrar karakterar i teksten.

Forteljaren som litterær konstruksjon

Sagaforteljaren, velkjend gjennom den autorale stilen, gjev i utgangspunktet inntrykk av å uttrykke rein, nesten objektiv «rapportering». Som tekstleg instans er forteljaren ein litterær konstruksjon som formidlar det som skjer på handlingsplanen¹¹⁰ Ein viktig del av den litterære realismen i islendingesagaene ligg nettopp i det å skildre karakterane eksternt og objektivt. Som vi har sett, er eit anna kjenneteikn ved denne realistiske stilen at menneska vert skildra med både tydelege positive og negative sider, altså som feilbarlege individ. Å skildre karakterane som samansette tener ikkje berre til å gje realistisk legitimitet. Det er òg eit nyttig litterært verkemiddel. Den objektive stilen til trass, avslører forteljaren nemleg gjerne ein viss subjektivitet både mellom og i linjene. Sjølv om karakterane hovudsakleg vert skildra frå utsida, er forteljinga sjeldan heilt fri for innsikt i personane sine indre liv og tankar. Det er fleire ulike forteljarteknikkar som bidrar til denne innsikta, til dømes gjennom den konkrete måten karakterar vert presenterte og omtalte på. Forteljaren kan avsløre mykje gjennom sine eigne observasjonar av karakteren sitt ytre. Men også det performative uttrykket som kjem fram gjennom handlingar og direkte tale på handlingplanet kan vere metta med uttrykk for kjensleliv. Særleg når vi ser uvanlege skildringar i samband med Wolf sin somatiske semiotikk. Innsikt frå andre karakterar får vi ikkje berre gjennom direkte tale, men òg gjennom responsar og reaksjonar.¹¹¹ Desse skildringane er ikkje naudsynt eksplisitte, og kan gjerne ligge skjulte i lakoniske og ironiske underdrivingar. Ikkje minst også i bruken av generaliserande formlar. Kva ord og formuleringar forteljaren gjer nytte av i karakterskildringane vil difor vere ei god

¹⁰⁸ Mundal i: Haugen (red.), 2015, s. 448

¹⁰⁹ Vésteinn 1998, s. 144

¹¹⁰ Når eg refererer til «forteljaren», er det difor einast den litterære, tekstimmanent konstruksjonen eg siktar til. Difor er den uavhengig av eventuelle munnlege førelegg med ein teoretisk munnleg tradisjon som opphav, eller konkrete, hypotetiske opphavspersonar i form av tekstredaktøren som først festa saga i skriftleg form. Sjølv om vi snakkar om forteljaren som formidlar av ein tekstleg ideologi, er det altså ikkje ein tenkt forfatar med eigen agenda. Enkelte sagaforskarar, som Hallvard Magerøy, har kalla denne konstruksjonen *sagamannen*; eg vil herifrå konsekvent nytte nemninga *forteljaren* (jf. Magerøy 1956).

¹¹¹ Det er særleg her Ármann finn sine motstridande verdiar i ideologiske syn (jf. Ármann 2007, s. 203).

kjelde til denne innsikta. Det er mange døme å velje frå, og eg vil gjere utval utifrå kva som synest fruktbart for samanhengen. Eg vil òg sjå korleis forteljaren i somme tilfelle ser ut til å slå fast reine karakterdomar over enkelte karakterar. Ved andre høve gjev forteljaren oss tilsynelatande medvite tvitydig informasjon. Difor vil eg også reflektere over måtane båe av grepa påverkar korleis vi er meint å lese enkelte karakterar.

Kjønnteoretisk tilnærming

Kjønnsforståing

Omgrepet *kjønn* er ikkje utvitydig, særleg på norsk, der vi ikkje har eit leksikalsk skilje mellom *sex* og *genus*, som t.d. svensk og engelsk har. Noko forenkla kan vi skilje mellom *sex*, biologisk kjønn, og *genus*, sosialt kjønn.¹¹² Éin måte å forstå omgrepet på er å sjå kjønn med *biologisk* kjønnsforståing som noko ein *har*, medan med *sosial* kjønnsforståing er kjønn noko ein *gjer*.¹¹³ Heller ikkje innan sosial kjønnsforståing er det noko einskild forståing for omgrepet. Kari Nyheim Solbrække og Helene Aarseth oppfattar til dømes eit klart skilje mellom forståinga av kjønn som *habitus* og kjønn som *performativitet*.¹¹⁴ Kjønn som *habitus* baserer seg på arven frå Bourdieu, og ser på konstruksjonen av kjønn gjennom maktstrukturelle relasjonar i samtida.¹¹⁵ Kjønn som *performativitet* har røter i Michel Foucault sin diskursteori. Foucault meinte at makt ikkje berre kan sjåast som eit fenomen som høyrer til formelle institusjonar, som regjering eller rettssystemet, men noko som finst i ein kvar sosiale relasjon eller og praksis.¹¹⁶ Med det meinte han at vi må forstå makt som noko relasjonelt, dynamisk og ustabil, som er avhengig av at fellesskapet aksepterer å oppretthalde den. Denne felles aksepten definerte han som diskurs; språklege og kulturelle rammer for felles sanning og forståing. Foucault meinte at makttilhøve finst i alle sosiale relasjonar, også kjønnsrelasjonar. Kjønnsidentitet og kjønnsnormer må vi forstå som sosiale konstruksjonar som oppstår gjennom diskursiv praksis og relasjon til makttilhøva. Foucault såg sosiale kodar som produkt av tillærte normer, og kjønnskiltnader ville følgeleg vere produkt av dette, ikkje underliggjande, konstante strukturar utanfor menneskeleg kontroll.¹¹⁷ Judith Butler byggjer vidare på Foucault

¹¹² Eller «natur» og «kultur», som Ingrid Nielsen set det på spissen i boka *Tekst og kultur: Ei innføring* (Hansteen et al., 2007, s. 154).

¹¹³ Sjå t.d. Nielsen 2007, s. 154

¹¹⁴ Solbrække og Aarseth 2006, s. 72. I tillegg foreslår dei ein tredje retning dei kallar teoriar om moderne refleksivitet, som eg ikkje vil gå inn på her.

¹¹⁵ Solbrække og Aarseth, 2006, s. 74

¹¹⁶ Foucault, Michel (1995). *Seksualitetens historie I. Viljen til viten*. s.154

¹¹⁷ Jf. Foucault 1995

sitt syn på kjønn som konstruksjonar når hen forstår *kjønn som performativitet*.¹¹⁸ Som Solbrække og Aarseth foreslår, er det særleg korleis Butler ikkje berre avviser etablerte forståingar av kjønn som essensielle, men òg som strukturelle, sosiale rollemønster, som gjer denne forståinga verdt å merke seg.¹¹⁹ I staden meiner Butler at kjønnskilnadar er produkt av *kulturelle* normer, som dikterer forventningar til korleis subjektet må *utøve*¹²⁰ kjønna uttrykk for å bli anerkjent som subjekt.¹²¹ Med det meiner hen at det er ein relasjonell dimensjon ved utøvinga av kjønnsuttrykk, som er avhengig av sosial kontekst. Samstundes understrekar hen at det ikkje er slik å forstå at kjønn er noko ein vilkårlig kan kle seg i, som eit kostyme; måten ein utøver kjønna handlingar og uttrykk på må vere konsistent *over tid* for å bli anerkjent av andre.¹²² I denne anerkjenninga ligg det definisjonsmakt. Som i Foucault si diskursforståing kan vi difor forstå kjønn som performativitet som ein historisk og kulturelt skapt maktstruktur.¹²³ Både retningar er nyttige, all den tid maktomgrepet står sentralt i dei.¹²⁴

Det ligg altså som premiss for oppgåva ei forståing av kjønn som sosiale og kulturelle konstruksjonar og performative uttrykk, relative til tid, stad og samanheng. Med det meiner eg at eg forstår kjønn som ikkje berre biologiske konstantar i eit binært forhold mellom *mann-kvinne*, *mannleg-kvinneleg* eller *maskulin-feminin*, men også relasjonelle uttrykk som oppstår i samhandling med andre, i ulike kontekstar, og avhengige av sosiale forhold og samanhengar. Ei forståing av kjønn som performativitet er altså ikkje avhengig av å forstå kjønnsuttrykk som tilhøyrande einskilde *biologiske* kjønnskategoriar. Dette synet har innverknad på korleis vi forstår feminitet og maskulinitet: det er ikkje berre som noko respektivt kvinner eller menn aleine kan utøve.

Kjønnsforskning

Kjønnsforskning har sidan 1990-talet vore ein omfattande paraply for ei rekke fagfelt, som til dømes feministisk forskning, maskulinitetsforskning, homoforskning, queerforskning, med meir.

¹¹⁸ Butler, Judith (1990), *Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity*. Sjå elles Solbrække og Aarseth, 2006, s. 74

¹¹⁹ Kari Nyheim Solbrække og Helene Aarseth (2006) i: Lorentzen og Mühlheisen, *Kjønnsforskning. En grunnbok*, s. 74

¹²⁰ Eventuelt «framføre» (jf. Butler 1990, «perform»)

¹²¹ Solbrække og Aarseth 2006, s. 74

¹²² Evans & Hancock 2020, s. 3

¹²³ Butler, Judith 1993 i: Lorentzen og Mühlheisen (2006), s. 74

¹²⁴ I møte med kritikk om at performativitetsteorien reduserer kjønn til noko ein kan ta av eller på som om det var eit teaterkostyme, forklarar Butler at i forståinga av kjønn som ein historisk og kulturelt skapt maktstruktur ligg det følgeleg ei forståing av at det kan vere noko vel så påtvinga individet som kjønn som habitus er (Butler 1993 i: Lorentzen og Mühlheisen 2006, s. 74.

Røtene går attende til kvinne- og feminismeforskinga som oppstod på 1960-talet. I starten handla mykje av forskinga om å analysere korleis kjønnsroller og forventningar vart sosialt konstruerte og vidareførte. I respons på kvinnefrigjeringsrørsla sine krav om å reorganisere den i hovudsak maskulint-orienterte historia, argumenterte feministiske forskarar for eit syn der kjønn ikkje berre eksisterer utifrå biologiske faktorar, men er sosialt konstruert identitet, tett samanvevd med makt og privileger. I motsetning til den første, feministiske bølga på 1800- og tidleg 1900-talet, som handla om politisk reform og kampen for like sosiale og juridiske rettar, handla difor mykje av fokuset i denne andre bølga om korleis samfunnet i stor grad byggjer på og vidarefører sosialt konstruerte kjønnsroller. Frå 1970- og 1980-talet vart feministisk forskning utvida til å ta for seg breiare spekter av tema, som seksualitet, rase, klasse og globalisering. Forskarane såg på desse kategoriane i kjønnsperspektiv, og trakk fram rolla kjønn ofte har i diskursar om andre former for undertrykking og diskriminering.¹²⁵ Frå 1990-talet har feministisk forskning dreidd mot meir tverrfagleg kjønnsforskning. Innsikt, metodikk og teori frå fagfelt som sosiologi, antropologi, psykologi og kulturstudiar har gjort det mogleg å forstå kjønn på meir nyanserte måtar, og å betre sjå samanhengen mellom kjønn og andre samfunnsfenomen.¹²⁶ På 2000- og 2010-talet har marginaliserte grupper fått langt større plass i kjønnsforskinga, og eit viktig tema er krysspunkt for ulike former for undertrykking og diskriminering. Som følge har ikkje berre forskinga innan queerteori og transstudiar blitt særskilt viktige, men også forskning på marginalisering og utestenging av ei rekke grupper som ikkje fell inn under tradisjonelle binære kjønnsnormer. Feltet for kjønnsstudiar utviklar seg framleis, og forskarar utvidar stadig horisonten ved å utforske nye tema og tilnærmingar. Nokre av dei sentrale fokusområda inkluderer samanhengen mellom kjønn og teknologi og sosiale medium, konsekvensane av globalisering for kjønnsrelasjonar, og rolla til kjønn i å forme politiske og økonomiske system. I tillegg legg ein stadig større vekt på viktigheita av å engasjere seg med samfunnsgrupper og bruke forskinga til å fremje sosial rettferd og politisk endring. Der kvinneforskninga historisk i stor grad handla om den systematiske undertrykkinga av kvinner under patriarkatet, og kva rolle kvinner har i samfunnet, er kjønnsforskninga i dag difor eit langt meir multidisiplinært felt, som handlar om kjønnsystem og kjønnsulikskap generelt.

¹²⁵ Jf. Lorentzen og Mühlheisen 2006, s. 100

¹²⁶ Lorentzen og Mühlheisen 2006, s. 18

Maskulinitetsforsking

Kjønnsforskinga var lenge lite oppteken av mannlege tematikkar. I forskinga på mellomalderlitteratur, til dømes, har kjønnsrelaterte studie difor hovudsakleg dreidd seg om kva rolle og funksjon kvinnelege karakterar har i tekstane, som motstykke til dei mannlege. Følgeleg har mange sett forsking på maskulinitet som noko overflødig.¹²⁷ Blant feministiske forskarar har det vore teke for gitt at sidan historia er skriven «av menn om menn», er den menneskelege historia eigentleg den *mannlege* historia.¹²⁸ Som mellomalderlitteratuforskaren Thelma Fenster retorisk spør: sidan historia er skriven for menn, kva er då poenget med å *forske* på menn?¹²⁹ Og tidleg feministisk teori handla i stor grad nettopp om å fortelje den kvinnelege historia som eit motstykke til den mannlege.¹³⁰ Det var rett og slett ikkje mogleg å generalisere maskulinitet som eit eige, dedikert og einskild forskingsfelt. Den kjønnsstematiske forskinga på mellomalderlitteratur har historisk difor nesten utelukkande fokusert på kvinner. Men *handlar* historia om menn? Joda, tradisjonell historisk diskurs handlar i all hovudsak om menn, vedgår Fenster.¹³¹ Men den handlar jo ikkje om *alle* menn; berre om det fåtalet som representerer det hegemoniet som til ei kvar tid har blitt ståande som den generiske menneskelege historia, poengterer ho.¹³² Som både kjønns- og klassesdiskurs er synet på historia som einskild maskulin difor djupt problematisk. Det skapar inntrykk av at noko generisk og universelt «mannleg» står i kontrast til det Andre, «kvinneleg». Det er ikkje aleine at det som er kvinneleg vert redusert til noko undertrykt. Alle mannlege uttrykk som ikkje er representert av det normative vert i beste fall også avvist som noko tilhøyrande det kvinnelege og Andre. I verste fall vert det redusert til noko som ein ikkje tillét eksisterer. Difor meiner Fenster at den historiske diskursen også overser det store fleirtalet av menn, alle dei millionane menn som *berre* var menn, og ikkje representerer det normative hegemoniet.¹³³ Dette tankesettet bidrar til eit reduktivt narrativ der mangfaldet vert skjult og glatta over, og der ein har latt vere å dokumentere ulikskapane mellom individa.¹³⁴ Slik praksis tillét ikkje moglegheita for at det finst meir enn éin måte å *vere ein mann* på. Hegemoniet høyrer til makta og patriarkatet, og gjennom å avfeie at det finst andre former for maskulinitet enn den hegemoniet representerer, vert det ein etablert

¹²⁷ Evans, 2019, s. 8

¹²⁸ Fenster 1994, s. ix

¹²⁹ Fenster 1994, s. ix

¹³⁰ Evans 2019, s. 8

¹³¹ Fenster 1994, s. ix-x

¹³² Fenster 1994, s. x

¹³³ Fenster 1994, s. x

¹³⁴ Fenster 1994, s. x

praksis for å vidareføre patriarkatet og oppretthalde maktstrukturar og undertrykking. Førestillinga om at den generiske mannen representerer det maskuline vert dermed opprettheldt, og som også Fenster poengterer, vert kvinna redusert til objekt gjennom det einskilde fokuset på hennar posisjon i relasjon til det normativt mannlege.¹³⁵ Eg meiner eit slikt tankesett berre tener til å vidareføre den same dikotomien som heile vegen har tent til å undertrykkje kvinner.

Så korleis skal ein forstå det maskuline? I følge sosiologen Raewynn Connell tek ei moderne forståing for gitt eit syn der kva type person ein er bidreg til å definere korleis ein oppfører seg.¹³⁶ Ein person som vert sett som *maskulin* vil på denne måten bli assosiert med å vere dominant, ha tilbøyelegheit for vald og sportslege evner, er seksuelt motivert, og så vidare, meiner Connell.¹³⁷ Maskulinitet er altså inneforstått noko ein *gjer*. Historisk trekk Connell linjer attende til førestillingar om individualisme, i stor grad konstruerte i kolonitida og oppblomstringa av kapitalistiske marknadsøkonomien.¹³⁸ Som euroamerikansk kulturelt konsept kan *maskulinitet* likevel neppe seiast å vere meir enn nokre hundre år gamalt, meiner ho. I prinsippet er maskulinitet noko som dessutan berre kan eksistere i ein kjønnsrollestruktur der det står i polar opposisjon til *femininitet*, i følge Connell:

(...) [masculinity is] simultaneously a place in gender relations, the practices through which men and women engage that place in gender, and the effects of these practises in bodily experience, personality and culture.¹³⁹

Som Foucault sitt syn på kjønn, meiner Connell maskulinitet er ibuande *relasjonelt*.¹⁴⁰ Å forske på maskulinitet, med Connell si forståing, går difor ut på å undersøkje korleis menn og kvinner utøver sine kjønna liv i relasjon til andre. Nedanfor vil eg sjå på kjønnteoretiske perspektiv på den norrøne litteraturen, og korleis ta i bruk konseptet til Connell i eiga forskning.

Norrøn litteratur i kjønnteoretisk perspektiv

Ordet *maskulinitet* fanst ikkje på norrønt, og ingen av islendingesogene tematiserer i særleg grad direkte kva det vil sei at ein mann er maskulin. Derimot finn mellom andre Ármann Jakobsson og Preben Meulengracht Sørensen svært mange døme på menn som ikkje opptre

¹³⁵ Fenster 1994, s. x

¹³⁶ Connell 2005, s. 67

¹³⁷ Connell 2005, s. 67

¹³⁸ Connell 2005, s. 68

¹³⁹ Connell 2005, s. 71.

¹⁴⁰ Connell 2005, s. 68

mannleg nok.¹⁴¹ Meulengracht Sørensen har særleg undersøkt samanhengen mellom det norrøne samfunnet sitt konsept om *ære* og maskulinitet i det norrøne samfunnet.¹⁴² I sin gjennomgang av denne æreskulturen ser han på korleis forstå maskuline perspektiv i eit samfunn sentrert rundt aggresjon og vald, som mellom anna dikterte at om ein mann vart gjenstand for ei seksuelt nedsetjande fornærming, nid, kravde det prov på maskulinitet frå den fornærma parten.¹⁴³ Ármann ser på døme på korleis performativ kjønna identitet vert utfordra, særleg i *Njálssoga*. Også han går kritisk gjennom framstillinga av æressamfunnet i saga, og legg fram ei innsiktsfull analyse av korleis saga skildrar nettopp maskulinitet. Han meiner saga uttrykkjer ein klar kritikk mot kjønnsnormene i det samfunnet som vert framstilt i henne, og syner det maskuline idealet karakterane strebar etter som noko djupt undertrykkjande.¹⁴⁴ Ármann har utvilsamt interessante perspektiv, men som Meulengracht Sørensen konsentrerer han seg om avvik frå maskuline modellar. Dersom vi skal danne oss eit bilete av korleis maskulinitet vert framstilt, kan vi ikkje berre sjå på desse, vi må identifisere kva som faktisk kan lesast som maskuline konstruksjonar.

Det er eit vanleg syn at sagalitteraturen skil mellom menn og kvinner sine interesse- og verkeområde, ofte omtala som mannlege og kvinnelege sfærer.¹⁴⁵ Den mannlege sfæren handlar om til dømes reising, krigføring, styresett og rettsvesen, medan den kvinnelege omfattar det heimlege; gardsdrift, familie og det private. Somme kvinnelege karakterar i sogene kan tilsynelatande tre inn i normativt mannlege roller, og utføre handlingar som vanlegvis krevjar maskulin agens. Carol Clover har føreslått at kvinner openbart har høve til å påverke så nær alle sider i den mannlege sfæren, både retorisk og i somme tilfelle direkte. Ho meiner med det at kvinnene ikkje ser ut til å bli graderte etter femininitet, men i staden av ein form for maskulinitet, på lik linje med mennene.¹⁴⁶ Eit slikt syn utfordrar den tradisjonelle forståinga for historiske kjønsskilje, og formulerer ein modell for kjønnsrelasjonar i det norrøne samfunnet som baserer seg på relasjonell og sosial kjønnsforståing, men ikkje seksuell.¹⁴⁷ Inspirasjon til denne modellen hentar ho frå historikaren Thomas Laqueur. Laqueur meiner at

¹⁴¹ Jf. Ármann 2007 og Preben Meulengracht Sørensen (1980) *Norrønt nid: forestillingen om den umandige mand i de islandske sagaer*. Odense Universitetsforlag

¹⁴² Meulengracht Sørensen 1980.

¹⁴³ Sørensen gjer dette gjennom ei sær sars grunding utforskning av den omfattande bruken av seksualiserte fornærmingar i sagalitteraturen (Meulengracht Sørensen 1980).

¹⁴⁴ Ármann 2007 s. 195, 214

¹⁴⁵ Jf. Carol Clover, 1986, s. 35-49

¹⁴⁶ Clover, 1993, s.1-18. Dette gjeld ikkje berre kvinner; barn, træljar, eldre og invalide og alle andre som ikkje møter den strenge standarden for «våpenfør krigar», avviker frå det normative, også kjønns- og identitetsuttrykk vi i dag vil rekna for mannlege.

¹⁴⁷ Clover, 1993

det heilt fram til 1700-talet herska ei forståing av kjønna som *homologe*.¹⁴⁸ Han meiner med det at menn og kvinner må ha blitt forstått som i utgangspunktet like, skilde ved ytre eller indre kjønnsorgan; liknande strukturar, berre omvendte.¹⁴⁹ Vidare meiner Laqueur at ein må ha rekna kjønna for å ha ibuande potensiale for endring, og ikkje naudsynt vart forstått som «faste», einingar. Under rette, traumatiske omstende kunne kjønnsorgana bli inverterte, slik at ei kvinne, til dømes, kunne utvikle ein penis. Det var difor eit behov for å sikre samfunnsordenen som skapte dei strenge, sosiale strukturane som kom til å regulere samfunnet, i følge Laqueur.¹⁵⁰ Kjønnsoverskridande åtferd truga nemleg ikkje berre maskulinitet, men sjøve samfunnsstrukturen. Utgangspunktet for forståinga av ein slik eittkjønnsmodell finn Laqueur i hovudsak frå observasjon av historiske kjelder, mellom anna anatomiske skildringar. Han støtter seg særleg på Aristoteles, og på Galenos av Pergamon. Påverknaden Galenos' arbeid hadde på læjekunsten var utan sidestykke heilt til 1500-talet, på somme område heilt inn på 1800-talet.¹⁵¹

Clover byggjer vidare på Laqueur sitt syn der ho foreslår at den spesifikt norrøne kjønnsforståinga må sjåast som eit kontinuum, eller spekter.¹⁵² Kontinuumet til Clover består av varierende gradar av det ho identifiserer som *blauðr*, sett i forhold til kjernepunktet *hvatr* – eit sosialt binærsystem.¹⁵³ *Hvatr* representerer eit normativt ideal og ein standard, medan ein kvar gradering som avviker frå *hvatr* er å rekne som *blauðr*, eit mindreverdige Andre.¹⁵⁴ Å vere *hvatr* inneberer i følge Clover kvalitetar som å vere sterk, ærefull, høvisk og mektig. *Blauðr* impliserer til motsetnad å på ulike vis vere makteslaus, og gjerne stakkarsleg. Slik sett er det ikkje naudsynt det vi i dag ville tolke som feminin eller mindre maskulin som vert problematisk for sagamennene. I staden er det det å vere *makteslaus*, slik som til dømes kvinner, træljar, gamlingar og barn.¹⁵⁵ Maktesløyse handlar ikkje berre om manglande evne til å utøve fysisk eller valdsmessig makt, men også økonomisk og sosial makt. Clover trekk difor parallellar mellom det å framstå som stakkarsleg og med konsekvensar på uansvarleg åtferd, mangel på ære, og feigheit. Slik må vi forstå det å vere fattigsleg som teikn på overskridande og antisosial

¹⁴⁸ Laqueur (1990). *Making Sex: Body and Gender from the Greeks to Freud*

¹⁴⁹ Laqueur, 1990, s. 26

¹⁵⁰ Laqueur 1990, s. 115

¹⁵¹ Sjå Petros Bouras-Vallianatos og Barbara Zipser (2019). *Brill's Companion to the Reception of Galen* (særleg kapittel 24 og 25).

¹⁵² Clover 1993, s. 11. *Hvatr* og *blauðr* vert i denne samanhengen lese som «hard» og «blaut».

¹⁵³ Clover 1993, s. 11

¹⁵⁴ Clover, 1993, s.1-18. Dette gjeld ikkje berre kvinner; barn, træljar, eldre og invalide og alle andre som ikkje møter den strenge standarden for «våpenfør krigar», avviker frå det normative, også kjønns- og identitetsuttrykk vi i dag vil rekna for mannlege.

¹⁵⁵ Jf. Clover 1993, s. 373

åtfærd. Clover peiker også på assosiasjonar til avvikande seksualitet. Å vere *hvatr* innebar etter Clover sitt syn å vere velkledd, kompetent som stridsmann, ansvarleg og lojal, og også å unngå upassande seksuell åtfærd.¹⁵⁶ For å summere opp kan vi sjå kontinuumet mellom *hvatr* og *blauðr* slik Clover presenterer det, som gradar av tilgang, eller mangel på, makttilhøve og handlingsfridom, representert gjennom kvalitetar ein ærefull, sterk, autoritær, og ikkje minst våpenfør, krigarhovding burde ha.

Korkje Laqueur eller Clover sine teoriar er utan kontrovers. Laqueur har blitt flittig kritisert for å tolke skildringar i kjeldene ut frå moderne forståing av kjønn og seksualitet, og for å velje bort kjelder som ikkje stemmer overeins med påstandane hans.¹⁵⁷ Clover er også kritisert for ikkje å ha brukt eit breitt nok kjeldegrunnlag, og i tillegg for å ikkje ha sett særleg nøye etter historiske kjelder å perspektivere med.¹⁵⁸ Gareth Lloyd Evans argumenterer for at Clover eigentleg berre foreslår eit *nytt* tokjønnsystem, idet det framleis ligg implisitt i todelinga av *hvatr* og *blauðr* ei forståing for at *noko* er maskulint – altså *hvatr*, og at *noko* er feminint – altså *blauðr*.¹⁵⁹ Og sjølv om det absolutt er mykje å hente i ei teoretisk, norrøn kjønnsforståing orientert mot performativitet og sosiale konstruksjonar, er det likevel mange døme i litteraturen på klare uttrykk for at det også må ha eksistert forståing for biologiske kjønnskilnader.¹⁶⁰ Clover byr absolutt på nyttige perspektiv når vi les framstillingar av kjønn og kjønna handlingar i sogene, særleg i lys av nyare forskning. Syn på kjønnsuttrykk som sosiale, performative og foranderlege einingar, er produktive og opnar for å tolke framstillingane av kjønn i primærkjeldene som uttrykk for ein rikare flora av kulturelle eller sosiale einingar enn avgrensa til unære eller binære system.¹⁶¹ Lesingane hennar hjelper oss også med å forstå maskulinitet som *noko relasjonelt*. Og at enkelte mannlege karakterar tydeleg representerer ideell maskulinitet, er det ikkje vanskeleg å finne døme på. I tekstutvalet er det berre å sjå til sentrale karakterar som Gunnar på Lidarende i *Njálssoga* eller Kjartan Olavsson i *Laksdølane*. Det er derimot ikkje mogleg å vere einig i at det finst grunnlag for å rekne desse maskulinitetane som einaste rette måten å vere ein mann på, og alle andre måtar som avvikande

¹⁵⁶ Clover 1993, s. 373

¹⁵⁷ Sjå t.d. Park, Katherine; Nye, Robert A., 1991. «Destiny Is Anatomy: Making Sex: Body and Gender from the Greeks to Freud» by Thomas Laqueur». *The New Republic*, Vol. 204, Iss. 7, s. 53, og King, Helen, 2013. *The One-Sex Body on Trial: The Classical and Early Modern Evidence*. Farnham: Ashgate Publishing Ltd

¹⁵⁸ For ei oversikt og oppsummering av kritikken, sjå Evans & Hancock, 2020, s. 6.

¹⁵⁹ Jamfør t.d. Heggstad, Leif (2008): *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget: «*blauðr*. a. (...) som er ho av art, av hokjønn, kvinneleg.»; «*hvatr*. a. mannleg, som er hann av slaget (mots, *blauðr*)»

¹⁶⁰ Dette finn vi til med hjå Clover sjølv, som i artikkelen «The Politics of Scarcity: Notes on the Sex Ratio in Early Scandinavia» analyserer døme på skikken med å sette ut barn i sogene, der kriteriet for å bli satt ut ofte var kjønnsbasert, altså at det hovudsakleg var jentebarn som vart ofre for skikken (s. 158).

¹⁶¹ Sjå m.a. Evans 2019, s. 13-14

Andre. Det som særleg manglar hjå Clover er nettopp rom for at det kan eksistere *meir* enn eitt maskulint uttrykk, at det finst meir enn ein måte å vere ein mann på. I staden er det mogleg å sjå maskulinitet som noko relasjonelt utan å avgrense det til ein enkelt storleik der alle andre uttrykk er ugyldige. Eit slikt perspektiv finn vi hjå sosiologen Raewynn Connell.

Connell meiner at maskulinitet som fenomen ikkje til er noko som til ein kvar tid er definerbart normativt og generisk, men som ulike formar og uttrykk i eit *mangfald* av ulike maskulinitetar med ulike opphav og funksjonar.¹⁶² Sjølv om maskulinitet med dette synet ikkje er noko einsarta, ser det likevel ut til at eitt uttrykk uunngåeleg vert ståande over andre. Slike observasjonar i ungdomsmiljø i Australia på 1980-talet resulterte i at forskingsgruppa Connell var ein del av formulerte konseptet om *hegemonisk maskulinitet*.¹⁶³ Sentralt i denne teorien er nettopp korleis maskulinitet er ein multimodal konstruksjon som oppstår og opptrer som variable uttrykk i ulike situasjonar i relasjon til andre maskulinitetar og faktorar.¹⁶⁴ Slike faktorar kan avhenge av kulturelle, sosiale, psykologiske og kjenslemessige tilhøve, eller vere påverka av andre identitetsmarkørar som klasse, rase, seksuell orientering eller funksjonsevne. Utgangspunktet for hegemonitanken er henta frå Antonio Gramsci si klasseforskning, og går i korte trekk ut på at det mangfaldet av maskuline uttrykk som fungerer i samspel i fellesskap opphøgjer eitt bestemt uttrykk som kulturelt ideelt.¹⁶⁵ Men dette hegemoniske idealet er eigentleg uopppnåeleg, som gjer det mogleg også for andre uttrykk for maskulinitet å tileigne seg legitimitet, sjølv om dei er underordna den hegemoniske maskuliniteten. Desse forsøker difor konstant å posisjonere seg som relasjonelt dominante, som resulterer i eit hierarkisk ordna samspel av varierende grad kulturelt subordinerte maskulinitetar. På denne måten medverkar alle deltakande maskulinitetar aktivt til å oppretthalde hegemoniet. Sidan den hegemoniske maskuliniteten vanlegvis er nært knytt til maktfunksjonar i samfunnet, er den i tillegg både garantist for patriarkatet, og for undertrykking av til dømes kvinner.¹⁶⁶ Eit viktig poeng hjå Connell er at hegemonisk maskulinitet ikkje naudsynt eine og aleine ligg i fysisk aggresjon, men også gjennom sitt krav til *fornufta*.¹⁶⁷ Slik forklarar Connell kvifor det ikkje naudsynt er den med til ei kvar tid mest fysisk makt som er den som oppfyller det hegemoniske idealet, og at det finst andre faktorar som kan gje tilsvarande dominans. Vi må forstå maskulinitet som

¹⁶² Connell 2005, s. 77

¹⁶³ , R.W. Connell og James W. Messerschmidt (2007). «Hegemonic Masculinity. Rethinking the Concept». *Gender & Society*, Vol. 19. No. 6

¹⁶⁴ Jf. Connell og Messerschmidt 2007

¹⁶⁵ Connell og Messerschmidt 2007

¹⁶⁶ Connell 2005, s. 302

¹⁶⁷ Connell 2005 s. 164

noko ibuande relasjonelt, avhengig av sosiale markørar og kulturelle motsetjingar for å i det heile gje meining som konsept.¹⁶⁸ Ikkje berre vil ulike former for maskulinitet som er til stades i ein kvar kontekst variere, dei vil også krysse kvarandre på komplekse vis. Maskulinitet er difor ikkje eit spørsmål om anten eller, meiner Connell. Sjølv om maskulinitet som konsept ikkje kan eksistere utanfor kjønnsrelasjonelle strukturar, er det ikkje avgrensa til noko som *berre* står i forhold til det feminine.¹⁶⁹ Connell meiner at det heller er eit spørsmål om *samanheng*, det ho kallar «the principle of connection».¹⁷⁰ I dette omgrepet legg ho korleis mengda ulike maskulinitetar som til ei kvar tid finst, vert konstruerte utifrå ei heil rekke interseksjonelle faktorar, ikkje utelukkande kjønn eller kjønnsperformativitet.¹⁷¹ Dette spring ut får det arbeidet Connell deltok i på 1980-talet. Med gramsciansk forståing av kulturell dynamikk fant forskargruppa til Connell at eit mangfald av maskulinitetar i samspel produserer og løftar fram eitt maskulint uttrykk som finslipt maskulint ideal. Fellesskapet opphøgjer og legitimerer dette uttrykket, og den dominante maskuliniteten får makt i kraft av denne kulturelle og sosiale legitimiteten. Varianten er *hegemonisk* fordi den marginaliserer og undertrykker kjønnsuttrykk som avviker frå det normative. Men der Clover sitt kontinuum avviser kjønnsuttrykk som ikkje er *hvatr* som umaskuline, er uttrykka som ikkje oppfyller krava til det hegemoniske idealet, framleis *maskulinitetar*. I motsetnad til korleis Clover definerer *blauðr*, er sjølv marginaliserte maskulinitetar framleis aksepterte som uttrykk for *maskulinitet*. Dei er likevel marginaliserte og undertrykte. Connell kallar slike *subordinated masculinities*, eller underordna maskulinitetar. Modalitetane som ikkje lev opp til idealet er underordna den hegemoniske maskuliniteten, og sjølv om dei er anerkjende som maskulinitetar, er dei framleis behandla som mindreverdige. Det interessante her er som Connell understrekar at det i det heile er svært få, om nokon, som faktisk *kan* oppnå det hegemoniske idealet.¹⁷² Den krystalliserte forma er som regel så findestillert at nesten ingen klarar å oppfylle kriteria for normativ standard. Men modalitetar av maskulinitet som ligg nære den dominante modaliteten nyt godt av den hierarkiske strukturen, fordi den likevel ordnar dei over kvinner og marginaliserer og undertrykkjer andre maskulinitetar som ligg fjernare frå idealet.¹⁷³ Dette trass i at dei ikkje sjølv oppnår det hegemoniske idealet. Desse privilegia kjem faktisk dei aller fleste menn til gode, slår Connell fast. Maskulinitetar som bidreg til å opphøje

¹⁶⁸ Connell 2005, s. 44

¹⁶⁹ Connell 2005, s. 44

¹⁷⁰ Connell 2005, s. 71

¹⁷¹ Connell 2005, s. 71

¹⁷² Connell 2005, s. 79

¹⁷³ Connell 2005, s.76-79

den hegemoniske maskuliniteten sjølv om dei sjølve også er underordna kallar Connell *complicit masculinities*, medverkande maskulinitetar.¹⁷⁴ Også enkelte feminitetar nyt godt av den hegemoniske maskulinitetsmodellen, og fungerer medverkande til å oppretthalde patriarkatet og undertrykking av andre feminitetar og marginaliserte maskuline modalitetar, som homofile og særleg transpersonar. Som i klasseteorien til Gramsci er hegemoniet avhengig av vidareføringa av patriarkatet og undertrykking av underordna.¹⁷⁵ Maktomgrepet vert sentralt her, både i konstruksjonen av makttilhøve, og korleis makta til undertrykking vert oppretthaldd. Slike makttilhøve finn vi i alle relasjonelle kontekstar, slik mellom andre Michel Foucault har vist.¹⁷⁶ Lese med Foucault, kan vi sei at den hegemoniske forma for maskulinitet oppstår innan sosiale relasjonar på ulike plan, og vert forsterka gjennom forholdet til makt. Eit hegemoni eksisterer gjennom allmenn aksept og støtte med utgangspunkt i den forståinga fellesskapet deler. Gjennom diskursiv praksis vert normer for maskulinitet etablerte, og etter kvart vert desse vidareførte som kultur og sosial praksis.

Ei rekke teoretikarar har gjort nytte av konseptet i nettopp forskning på norrøn litteratur.¹⁷⁷ Thomas Morcom ser det å oppnå det hegemoniske idealet som ein av dei viktigaste måla for medlemmene i kongens hird, i kongesogene.¹⁷⁸ Her heime har m.a. Bjørn Bandlien tatt i bruk konseptet i doktoravhandlinga si frå 2005, der han gjer nytte av hegemonisk maskulinitet som rammeverk for å undersøkje korleis maskulinitet endra seg mellom det 10. og det 13. hundreåra på Island og i Noreg.¹⁷⁹ Også Meg S. Morrow tar i bruk hegemonisk maskulinitet i si masteroppgåve om funksjonshemming og maskulinitet i *Viking and Medieval Norse Studies* ved Universitetet i Oslo.¹⁸⁰ Hegemonisk maskulinitet kan difor fungere godt som ein produktiv teoretisk modell, særleg i relasjonelle tilhøve mellom ulike karakterar. Teorien er også svært fruktbar i den forstand at den gjer det mogleg å sjå ikkje-hegemoniske modalitetar som fullverdige maskulinitetar.¹⁸¹ I tillegg har Evans nytta teorien for å syne korleis det å oppfylle dei nærast uoppnåelege krava til ein hegemonisk maskulinitet i islendingesogene i seg sjølv kan bli overskridande.¹⁸² Det vert òg interessant å sjå på døme der

¹⁷⁴ Connell 2005, s. 79

¹⁷⁵ Connell (2005), s. 77.

¹⁷⁶ Jf. Foucault 1995

¹⁷⁷ Sjå t.d. Thomas Morcom (Morcom, 2020, i: Evans & Hancock, 2020, s. 129), Gareth Lloyd Evans (Evans, 2019), og Ásdís Egilsdóttir (Ásdís, 2020, i: Evans & Hancock, 2020).

¹⁷⁸ Morcom, T. (2020). «Inclusive Masculinity in Mörkiskinna». I: Evans & Hancock (2020), s. 129

¹⁷⁹ Bandlien, 2005

¹⁸⁰ Morrow, 2020

¹⁸¹ Evans (2019), s. 15-26.

¹⁸² Evans 2019, kap. 4

meir enn ein dominant form for maskulinitet gjer seg gjeldande, utifrå det Connell skriv om hegemoniske paradigmeskifte og potensiale for endring knytt til det rasjonelle.

Å gjere nytte av teorien om hegemonisk maskulinitet er likevel ikkje utan atterhald. Connell sjølv tek opp fleire viktige poeng som er nyttige å reflektere over når vi skal nytte hegemonisk maskulinitet som rammeverk på forskning på eldre litteratur. I artikkelen «Masculinities in global perspective: hegemony, contestation, and changing structures of power» revurderer ho relasjonen mellom hegemoni og maskulinitet i lys av postkolonial teori.¹⁸³ Connell meiner her at bruken og diskusjonane om hegemonisk maskulinitet stort sett har vore gjort utifrå eurosentrisk, samtidig standard, som tek for gitt at alle formar for kjønnsforståing, kjønnsrelasjonar og heteronormativitet er like.¹⁸⁴ I røynda finst det eit vell av kulturelle, geografiske og historiske skilnadar vi må ta omsyn til. Med det meiner ho at sjølv grunnleggjande vestlege omgrep i kultur- og kjønnsforskning kan ha liten eller inga meaning andre stadar i verda, for ikkje å snakke om over tid. Kjønnsrelasjonar, metodar for undertrykking og maktstrukturar manifesterer seg ulikt både geografisk, globalt, samfunnsmessig og lokalt, kulturelt, og ikkje minst temporalt. Det er difor ikkje mogleg å ta for gitt at ein i norrøn tid hadde same forståing for kjønn og kjønnsrelasjonar som vi har i dag, og følgeleg kan vi ikkje forvente at hegemoni opptre slik vi i vår samtidige forståing vil forvente. Konseptet risikerer elles å bli ahistorisk når vi ser sosiale reproduksjonssystem som like over tid og avstand. Det finst ikkje nokon koherent, sjølvoppretthaldande logikk for kjønnsordenar, seier Connell¹⁸⁵ Den moderne, vestlege og eurosentriske forståinga av kjønn er på ingen måte er universell. Ei anna vanleg fallgruve Connell identifiserer er korleis ein ofte ikkje skil tilstrekkeleg mellom forståinga av *hegemoni* og forståinga av *dominans*.¹⁸⁶

Clover si forståing av *hvatr* kan kanskje fungere som retningsgivande for ein teoretisk hegemonisk maskulinitet i det norrøne samfunnet, særleg sidan den kan sei noko om makttilhøva og relasjonane mellom menn. Konflikt mellom menn er då òg tematikk som står sentralt i mange av islendingesogene. Men mekanikkane bak kan uansett vere fruktbare å undersøkje for å forstå korleis maskulintetar vert konstruerte, og eit godt utgangspunkt for slike undersøkingar finn vi i Eve Kosofsky Sedgwick si forståing av *homososialitet*.¹⁸⁷ Sedgwick

¹⁸³ Connell, R.W. (2016). «Masculinities in global perspective: hegemony, contestation, and changing structures of power». *Theory and Society* Vol. 45, No. 4, s. 303-318.

¹⁸⁴ Connell (2016), s. 304.

¹⁸⁵ Connell (2016), s. 305

¹⁸⁶ 2016, s. 305. Sjå også Connell og Messerschmidt 2007.

¹⁸⁷ Sedgwick 1985

utforskar spesifikt samanhengen mellom maskulint begjær etter mannlege, sosiale band og maktstrukturar innan patriarkatet.¹⁸⁸ Omgrepet homososialitet kjem eigentleg frå Jean Lipman-Blumen, men der Lipman-Blumen nyttar det for å skildre «(...) the seeking, enjoyment, and/or preference for the company of the same sex», i *kontrast* til «homoseksualitet»¹⁸⁹, set Sedgwick homososialitet og homoseksualitet i staden i *relasjon* til ein annan, i eit kontinuum, og opnar for potensialet også i det erotiske begjæret mellom menn.¹⁹⁰ Ho undersøker korleis historiske maktrelasjonar både verker inn på, og vert påverka av, mannleg homososialt begjær, kva som «tel» som seksualitet, og kva former det kjem i.¹⁹¹ Sedgwick meiner det er homofobi som regulerer det homososiale i moderne diskurs: homososiale band mellom menn – karakterisert av nærleik, favorisering, lojalitet, samhald – står altså i sterk kontrast til *homoseksualitet*, sjølv om slik mannleg *bonding* tilsynelatande har svært mykje til felles med mannleg kjærleik.¹⁹²

Der Sedgwick primært er interessert engelsk litteratur frå 1700- og 1800-talet, har David Clark brukt hennar homososiale perspektiv til å sjå på både anglosaksisk litteratur og *Den eldre Edda*.¹⁹³ Likeins har Gareth Lloyd Evans og Carl Phelpstead bae tatt i bruk homososialitet som teorigrunnlag i sine undersøkingar av sagalitteraturen.¹⁹⁴ Men bae meiner det er naudsynt med tilpassingar for å ta i bruk modellen på denne måten. Sedgwick set som regel set homososiale band mellom menn i samband med trekantforhold med ei kvinne, noko vi faktisk også vi finn døme på i sagalitteraturen, særleg i *Soga om laksdølane* er det ikkje gitt at begjæret mellom to menn gjennom ein kvinneleg karakter er sentralt i døme på homososiale interaksjonar i sogene. I sagalitteraturen har reine mannlege relasjonar ofte høgare verdi enn relasjonar mellom menn og kvinner. Å bli assosiert med viktige menn kunne på den måten gje status i seg sjølv, nytte omgrepet krevjar difor ei viss tilpassing.¹⁹⁵ Som løysing foreslår Evans å sjå trianguleringa av begjæret gjennom ei kvinne ikkje som ein rein føresetnad, men snarare som ein måte å sentrere seg rundt ein person eller eit objekt som står i ein feminiserande strukturell posisjon.¹⁹⁶ Denne konfigurasjonen er ifølgje Evans stabil, men der denne strukturelle posisjonen er fråverande kan relasjonen mellom to mannlege karakterar bli ustabil

¹⁸⁸ Sedgwick 1985

¹⁸⁹ Fordi det ikkje naudsynt inneberer uttalt erotisk seksuell kontakt. Lipman-Blumen 1976, s. 16, i: Evans 2019, s. 28.

¹⁹⁰ Sedgwick 1985, s. 2

¹⁹¹ Sedgwick 1985, s. 2

¹⁹² Sedgwick 1985, s. 2

¹⁹³ Clark 2012, s. 49-50; gjengjeven i Evans 2019, s. 32

¹⁹⁴

¹⁹⁵ Clark 2012, s. 49-50; gjengjeven i Evans 2019, s. 32

¹⁹⁶ Evans 2019, s. 32. Både Sedgwick sjølv og Evans manar for øvrig til varsemd og kritisk sans når ein nyttar moderne konsept som dette på historiske kjelder, tekstar og kulturar.

og vere ei kjelde til konflikt i handlinga.¹⁹⁷ I dette legg han korleis den eine parten naudsynt må underkaste seg den andre. I islendingesogene treng ikkje slike relasjonar vere problematiske. Der det eksisterer ein tydeleg skilnad i status mellom partane er det ikkje naudsynt slik at den eine parten vert feminisert i denne posisjoneringa, slik Sedgwick finn iverka ho undersøker.¹⁹⁸ I staden kan vi sjå det som at partane uttrykker ulike modalitetar av maskulinitet, som også Evans påpeiker.¹⁹⁹ Men dersom det ikkje finst nokon sjølvsgt skilnad i status, kan derimot homososiale band bli truga.²⁰⁰ Det eksisterer ein tydeleg relasjon mellom homososiale band og individuell maskulinitet. Å knyte slike band kan fungere som ein investering i maskulin status; ein får høgare maskulin status gjennom assosiasjon med visse andre. Men som andre investeringar, høyrer det med risiko. Menn som er knytte til kvarandre forpliktar seg til å til dømes stø einannan i rettsvistar, hemne frendar, og på andre vis handle på vegne, til fordel eller til støtte for den andre. Forpliktinga gjeld både mellom likestilte og mellom ein person med høgare sosial status og ein lågare stilt. Dersom ein unnlèt å følgje opp forpliktingane sine misser ein sjølv status. Det same kan skje dersom den ein har knytt seg til misser status, og det er difor eit visst ansvar også for ein sjølv å knyte band med andre. Det som regulerer desse forholda er anerkjenninga i det utvida samfunnet, særleg andre menn.²⁰¹ Det er i møtet med andre, særleg andre menn, at maskulin status, og homososiale band, har verdi. Å bli funne utilstrekkeleg utifrå dei felles, maskuline ideala er ein konstant trugsel, og som Evans demonstrerer, ofte eit svakt punkt som gjer menn mottakelege for manipulasjon gjennom å stille spørsmålsteikn ved manndomen deira.²⁰² Ikkje berre andre menn kan dra nytte av sårbar maskulinitet, vi ser det særleg godt demonstrert i islendingesogene i korleis kvinner ofte eggjar menn til handling på denne måten. Ein vanleg måte å tvinge menn til handling på denne måten er å truge dei med med å bli sett som avvikande frå det normativt maskuline. Dette er ein av dei sentrale funksjonane i førestillinga om *níð*, eller «umannleg» oppførsel, og inkluderer både seksuelt avvikande oppførsel, og kjenslemessige uttrykk.

Til no har eg presentert ei forståing av maskulinitet som noko multimodalt, som oppstår utifrå kontekst og relasjon med andre. Maskuline relasjonar vert knytte og regulerte i samspel med kvarandre. Regulatorar, som responsar på emosjonelle uttrykk, vil også variere, både utifrå kontekst, som sjangertrope, og gjennom forventningshorisont. Sjølv som kontekstuell og

¹⁹⁷ Evans 2019, s. 32

¹⁹⁸ Evans 2019, s. 32

¹⁹⁹ Evans 2019, s. 32

²⁰⁰ Evans 2019, s. 32

²⁰¹ Evans 2019, s. 44

²⁰² Evans 2019, s. 45

relasjonell sosial konstruksjon må det finnast enkelte definerbare kriterium. Ein stad å byrje, er å sjå på kva overgangen frå barn til vaksen inneberer. Dette finst det ei kjelde til i lovteksta *Grágás*, som vi har overlevert i to ulike samlingar frå 1200-talet, og som for første gong skal ha vorte skriven ned i 1117.²⁰³ *Grágás*, som ikkje vart erstatta før med lovteksta *Járnsíða* då Island kom inn under norsk kontroll på tidleg 1260-tal, var difor sannsynlegvis den gjeldande lovsamlinga i dei samfunna som vert skildra i islendingesogene, og også anten medan eller like før dei vart skrivne ned.²⁰⁴ I *Grágás* er skilnaden mellom barn og vaksne særleg skildra i samband med lovmessige rettigheter, til dømes kva gjeld retten til eigedom eller til å krevje arv, tilgang til den rettslege sfæren, og ansvar for eigne handlingar.²⁰⁵ Det er lite som tyder på at det var nokon formell overgang frå barndom til vaksenliv, snarare semantiske kriterium som hjelper oss å forstå når vi skal tolke ein mannleg karakter som moden nok til å bli sett som ein mann, og då gjerne om han har potensiale til å bli meir enn «berre ein mann». Eit døme på dette, er i skildringa av Hoskuld Dala-Kollsson i *Soga om laksdölane*, der vi får vite at, «Hoskuld, son til Koll, var ung då faren døydde, men han var tidlegare fullvaksen i vit enn av år. Hoskuld var ein emneleg og dugande mann.»²⁰⁶ Skildringa, som vi elles skal sjå nærare på nedanfor, fortel oss at han kunne reknast som ein mann tidlegare enn venteleg, grunna klokskapen hans. I tillegg er han *emneleg*,²⁰⁷ noko vi også kan lese som eit uttrykk for det å ha *potensiale* for maskulinitet. Det er naudsynt ein lovnad om noko, og ein måte for forteljaren å gje eit frampeik om at karakteren vil bli viktig i handlinga. Det er ein markør som fyller konstruksjonen *mann* med meining.

Sjølv om det ikkje fanst noko ord for *maskulinitet*, og sogene sjeldan eksplisitt uttrykker kva maskuline konstruksjonar inneber, finst det ei rekke slike mindre eksplisitte markørar for kva karaktertrekk ein mann bør ha. I homososiale relasjonar kan menn investere i maskulin status gjennom å knyte band til andre menn, og menn regulerer felles forståing for maskulinitet gjennom sanksjonar og konsekvensar ved avvik. Vi har sett korleis menn i sogene ofte forsøker

²⁰³ Jørgensen i: Haugen (red.) 2013, s. 280. Den arnamagnæanske samling ved Árni Magnússon-instituttet på Island har to fragment frå siste halvdel av 1100-talet (AM 315 d fol.), blant dei eldste islandske manuskripta som finst (Anthony Faulkes (2011). *A New Introduction to Old Norse. Part II. Reader*. Exeter: University College of London, s. 387). Elles er lova bevart i *Konungsbók* (GKS 1157 fol) og *Staðarhólsbók* (AM 334 fol.), baa truleg frå siste halvdel av 1200-talet.

²⁰⁴ No er det likevel ikkje noko som tyder på at sogene som litterære verk held seg tru til det som står i *Grágás*, som vi skal sjå døme på i analysene nedanfor.

²⁰⁵ Nic Percivall (2008). «Teenage Angst: The Structures and Boundaries of Adolescence in Twelfth and Thirteenth-Century Iceland.» I: Shannon Lewis-Simpson (red.). *Youth and Age in the Medieval North*. Leiden: Brill, s. 134

²⁰⁶ Fidjestøl 1994, s. 27

²⁰⁷ Her: *vænn* (jf. Einar Ól. 1934 s. 14, 140, 148), men også *efniligr* (jf. Einar Ól. 1934 s. 28), *vænligr* (jf. Einar Ól. 1934 s. 71, 150)

å plassere seg relasjonelt over andre karakterar, og at hegemonisk maskulinitet fungerer systemisk gjennom undertrykkinga av underlegne maskulinitetar. Denne undertrykkinga fungerer fordi ulike modalitetar av maskulinitet står i hierarkisk relasjon til kvarandre for å kunne oppretthalde maktbalansane. Samstundes er desse balansane stadig skiftande, som gjer at mannlege karakterar ofte opptrer i konstante forhandlingar om posisjonar.

Der Connell viser at korleis maskuline uttrykk vert forma er variabelt og situasjonsavhengig, krevjar det samstundes ei viss forhandling med andre uttrykk i ein kvar relasjon og situasjon. Det er på denne måten vi altså kan forstå maskulinitetar som skiftande, relasjonelle konfigurasjonar, stadig forma og forma på ny. Connell si interseksjonelle tilnærming gjev oss ein heilt ny verktøykasse når vi undersøker litterære framstillingar av maskulinitet, og hjelper oss med å gjere moglege tolkingar av måten karakterar vert påverka og forma av maskuline identitetar. Samspelet mellom multimodale maskulinitetar i ein gitt samfunnskontekst kan difor tilby djupare innsikt i korleis kjønns- og maktforhold fungerer, vert endra og utvikla over tid. Også dei sosiale strukturane og kontekstane dei vert forma i, er kontinuerleg i utvikling.²⁰⁸ Ein fullstendig gjennomgang av kva som utgjer skiftande maskuline konstruksjonar i sogene vil difor avhenge av eit enormt stort spekter av kontekstar og døme, og det vert naudsynt å halde seg til eit handterbart utval. Samstundes finst det i islendingesogene skildringar av maskuline konstruksjonar som er relativt statiske og etablerte – nemleg i den særeigne måten sogene introduserer og presenterer karakterar på. Utgangspunktet mitt vert difor å undersøkje eit utval karakterintroduksjonar i dei tre verka eg legg opp, og på den måten forsøkje å etablere produktive faktorar i konstruksjonen av maskulinitet i sogene. Men gjennom forståinga av maskulinitet som relasjonelle, foranderlege og kontekstavhengige konstruksjonar som drøfta ovanfor, må ein teoretisk hegemonisk maskulinitet stå i samheng med det mangfaldet av maskulinitetar som skapar og opphøgjer den. Det vert samstundes naudsynt å perspektivere introduksjonsskildringane med tekstleg-performative skildringar av karakterar på forteljarnivå, både gjennom aktiv handling og gjennom skildringar uttrykte gjennom direkte tale eller på andre vis formidla av karakterar i forteljinga.

²⁰⁸ Connell 2005, s. 44

I dette kapitlet har eg gjort greie for kjeldegrunlaget for oppgåva, gått gjennom litteraturteoretisk tradisjon, drøfta relevante metodar å nærme meg kjeldematerialet, og sett på funksjonen forteljaren kan ha i korleis karakterar vert skildra. Eg har òg gitt ei kort oversikt over kjønnsforskning som fagfelt, og drøfta kjønnteoretiske perspektiv som kan vere relevant i studie av mellomalderlitteraturen og lesingane av tekstutvala. I det neste kapitlet vil eg gjennomføre lesingane av verka slik dette vart skissert i innleiinga.

Kapittel 3: Nærlesing av tre islendingesoger

«Emneleg og dugande»: Maskuline konstruksjonar i sogene

Det er ulike måtar å gå fram på for å identifisere maskulinitetar frå tekstutvalet. Ved å ta utgangspunkt i karakterskildringar i dei tre sogene. Dei sjangerspesifikke karakterintroduksjonane i sogene vert kjenneteikna gjennom særreigne personskildringar, som skjer anten gjennom korleis karakteren vert introdusert i forteljinga, eller i opptakten til sekvensar der karakteren vil vere særleg sentral.²⁰⁹ Ifølgje Lars Lönnroth er denne teknikken eit særlandsisk fenomen.²¹⁰ Lesing av den semantiske tydinga av ordbruken i slike scener kan gje oss djupare innsikt i framstillingane, særleg når det gjeld måten karakterar vert presenterte på. Introduksjonane er gjerne metta med meining for korleis vi er meint å lese karakteren. Ofte har desse skildringane preg av generalisering, som gjev eit idealbilete av karakteren på sitt beste eller mest representative, men gjerne med karakteristikkar som kan verke irrelevante eller i beste fall malplasserte.²¹¹ I soger som *Njálssoga* og *Laksdølane* er det gjerne klare hovudpersonar som skil seg ut gjennom rike karakterintroduksjonar. Men også nærare lesing av mindre sentrale karakterar i tekstane gjev oss interessant innsikt, særleg gjennom å identifisere kjenneteikn som seier noko om maskuline konstruksjonar. Som eit grunnlag for kva som kan vere fruktbart å undersøkje, vil eg byrje med i introduksjonen av bikarakteren Torleik Hoskuldson i *Laksdølane*.

«Ein framifrå mann»: Døme på ein maskulin konstruksjon

Torleik Hoskuldson vert introdusert i kapittel 9 i *Laksdølane*. Likevel er det først i kapittel 25 han eigentleg kjem inn i forteljinga.²¹² Her vert han presentert på denne måten:

Torleik Hoskuldson hadde vore stor kjøpmann før han sette bu, og på kjøpferdene hadde han vore hjå høgborne menn, og folk rekna han som ein framifrå mann.²¹³ Han hadde òg vore i viking og synte då greitt at han var ein djerv kar.²¹⁴

Dersom vi les denne skildringa med fokus på kva den fortel oss om Torleik sin maskulinitet, ser vi at den faktisk byr på fleire spor av ein potensielt ideell maskulinitet. Ikkje minst det at

²⁰⁹ Hallvard Magerøy (1956). *Studiar i Bandamanna saga*. København: Munksgaard Forlag.

²¹⁰ Lönnroth 1965, s. 68-117

²¹¹ Jf. Magerøy 1956, s. 133

²¹² Fidjestøl 1994, s. 70

²¹³ Einar Ól. 1954: «þótti merkiligr maðr» (s. 70)

²¹⁴ Fidjestøl 1994, s. 70

«folk rekna han som ein framifrå mann». Frasen seier noko heilt konkret ikkje berre om at «framifrå» er ein måte å vere ein mann på som for ulike grunnar utmerker seg over andre. Samstundes er det tydeleg at Torleik sin maskulinitet er relasjonell. For å dekode det heile, må vi difor først sjå til kva band og funksjonar Torleik har til både handlinga og heilskapen i *Laksdølane*. Mykje veit vi om han allereie før denne presentasjonen. Han er sonen til ein allereie etablert karakter, Hoskuld Dala-Kollson, og nevøen til ein annan, Hrut Herjolvsson. Desse er ikkje berre vesentlege karakterar i *Laksdølane*, men òg sentrale i første delen av *Njálssoga*. I tillegg er han far til Bolle Torleiksson, bror til Olav På,²¹⁵ og onkelen til Kjartan Olavsson. Kjartan og Bolle er saman med Gudrun kjend som dei tre mest sentrale karakterane i *Laksdølane*. Første gangen Torleik vert nemnt i *Laksdølane*, er det saman med syskena:

Dei var alle emnelege born.

Torleik var stor og sterk og tok seg uvanleg godt ut, men han var fāmælt og tverr, og folk som kjende huglaget hans, trudde ikkje han ville bli nokon rettvís mann. Hoskuld sa jamt at han slekta mykje på strandamennene.²¹⁶

Med forteljaren sine eigne observasjonar er det første vi får vite om han, at han og dei andre barna til Hoskuld og kona Jorunn, er «emnelege».²¹⁷ Deretter får vi ei individuell skildring av Torleik. Vi ser korleis forteljaren prioriterer skildringa av kroppslege karaktertrekk: Torleik er stor og sterk, og tek seg uvanleg godt ut.²¹⁸ Det viktigaste å seie om han er altså først og fremst at han har potensiale til å bli noko stort, og deretter å poengtere at han har fysisk storleik, kroppsleg styrke, og ein fordelaktig utsjånad. Først etter dette kjem ein karakteristikk av kva slags menneske han kan vere, gjennom ei skildring av lynnet hans: «han var fāmælt og tverr». Akkurat det er ein rein karakterdom forteljaren set fram. Skildringane som er gitt til no er frå forteljaren sjølv, men den påfølgjande karakteristikken, som gir endå meir innsyn i personlegdomen til Torleik, kjem derimot ikkje frå forteljaren, men frå «folk», og kan altså lesast som tvitydig.²¹⁹ Allereie no har vi ei rekke klare indikasjonar på kva for slags type Torleik er, og kva vi kan forvente av han i forteljinga, og er altså gjort gjennom ein kombinasjon av forteljaren sine eigne «objektive» vurderingar, og ein folkeopinion. Dette er ein smidig måte å gje legitimitet til påstandane om Torleik på. Som diskutert ovanfor, kan forteljaren på denne måten framstå som å rapportere noko som er allment kjend. Heller ikkje opphavet til dei negative kvalitetane er det forteljaren sjølv som slår fast. Det er faren Hoskuld

²¹⁵ Olav Hoskuldson

²¹⁶ Fidjestøl 1994, s. 29-30

²¹⁷ *efnilig* (Einar Ól. 1934, s. 18). Merk elles at Olav På ikkje er sonen til Jorunn.

²¹⁸ *inn sýniligsti* (Einar Ól. 1934, s. 18), «betre å sjå på enn andre» (jf. Heggstad 2008, s. 620).

²¹⁹ *Mönnum – man* (jf. Heggstad 2008, s. 445: *mön*)

som meiner at han hadde fått desse frå morsslekta, som tener til å plassere han ytterlegare genealogisk. «Folk» er altså ein vag storleik forteljaren gjer god nytte av, for å kunne leie oss mot visse konklusjonar. At *folk* såleis «rekna Torleik Hoskuldsson som ein framifrå mann» er eit høve til å skape forventingar til korleis Torleik skal framstå, utan at forteljaren forpliktar seg til å innfri dei. Det er difor heller ikkje nokon garanti for at han vil vise seg som det.²²⁰ Så langt i saga har ikkje Torleik teke aktivt del i handlinga. Fram til no, har forteljinga for det meste dreidd seg om konflikten mellom Torleik sin far Hoskuld og halvbroren Hrut. Rundt kapittel 20 skjer eit tidshopp, der forteljaren til ein viss grad summerer opp handlinga og etablerer eit nytt status quo. No er det sønene til Hoskuld skal ta over som fokalkarakterar. Torleik er no ein vaksen mann, og vi får vite om han at han er ein «hardhaus og ikkje god å kome ut av det med».²²¹ Det er likevel altså ikkje før i kapittel 25 Torleik kjem inn i handlinga. Då veit vi allereie ein del ting om han, som slektskap, kroppsleg storleik og lynne. No synast det viktigare å etablere andre trekk. Det første som vert prioritert her, er at han har vore stor kjøpmann, at han har sett bu, og at han på kjøpferdene har vore hjå høgborne menn. Dette må vi forstå som både at han er ein rik mann, at han har gode handelsrelasjonar og forbindingar, og ein viss politisk innverknad. Dette er økonomiske, sosiale og politiske maktfaktorar. Med Clover kan vi forstå slik makt som klare maskulint symbol. I *Grágás* var retten til eigedom ein av privilegia ein mann hadde, og mangelen på rikdom eller eigedom kunne altså vere kopla til antisosial åtferd, og difor både avvikande seksualitet og mangel på ære. Dette er viktige signal om at Torleik må ha levd opp til potensialet han hadde som emneleg. At han har vore hjå høgborne menn tyder også på at det er ein slags sosial kapital berre det å vere assosiert med slike menneske, og styrker den relasjonelle tyngda i maskuliniteten hans. Det er truleg tale om adelege på dei britiske øyene eller i Noreg. Her er elles eit døme på korleis den ideologiske bodskapen kan vere vanskeleg å plassere. Som vi har sett, var det adelsfrie islandske samfunnet i sturlungetida, då *Laksdølane* mest sannsynleg vart nedskriven, dominert av mektige hovdingar som konsoliderte makt og rikdom. Denne makta har dei fått gjennom mellom anna generasjonell politisk manøvrering, men også gjennom vellukka handel utanlands. Det å reise utanlands, gjere økonomisk og sosial lukke gjennom handel, vikingtokt eller teneste i framande kongshærar, og så vende tilbake, er ein vanleg trope for overgangsrite frå gut til mann i sogene.

²²⁰ Ei lesing av karakteren som nokon framifrå mann må då òg vere ei heller generøs tolking. Han hamnar raskt i opposisjon for onkelen Hrut, og ikkje minst for broren, den langt meir sentrale karakteren Olav. Han er vrang og stolt, og faren favoriserer openbart særleg Olav over han. At forteljaren nesten utelukkande fokuserer på uro når Torleik er involvert i handlinga, les eg som frampeik på den sentrale konflikten i saga mellom Bolle og Olav sin son Kjartan.

²²¹ Fidjestøl 1994, s. 53

Det er ein vanleg trope for overgangsrite i sogene at ein ung mann må dreg på ein eller annan type utferd for å bli mann. Slike tradisjonar høyrde den tradisjonelle kulturen til, tufta på den kulturelle arva nybyggjarane hadde med seg til Island. Denne var dominert av maskuline ideal sentrerte rundt krigarkultusen; dådar, kampferdigheiter og ære.²²² Når han kjem att, er han «røynd», rik og er gifteklar, jamfør korleis vi nærast kan krysse av på ei sjekklister for kva som trengs for at folk følgeleg reknar Torleik som ein *framifrå mann*. Her er mykje formidla med berre to ord, eit adjektiv og eit substantiv. Generaliseringa *framifrå*²²³ må vi lese som ei krystallisering av fordelaktige eigenskapar, samanliknbar med adjektiv som *emneleg* og *dugande* – Vésteinn sin «drengr góðr».²²⁴ Dette er formlar som går igjen innan eit spekter av omgrep med semantisk liknande innhald i tekstane. Andre særskilde døme er *ágætr* – framifrå, gjev eller liknande,²²⁵ og *gørviligr* – fullkommen, dugeleg.²²⁶ Hrut er til dømes skildra som ein *atgerðvimaðr* – ein dugande, drivande mann.²²⁷ Merk at adjektiva som går igjen i Fidjestøl si omsetjing ikkje alltid står til dei same orda i Einar Ól. si utgåve. Adjektiva er likevel ofte brukte i samanhengar der dei er fruktbare representasjonar for den ideologiske konstruksjonen og altså foreslår ligg semantisk implisitt i frasen, «ein framifrå mann». Implikasjonen er, på same måte som med emnelege barn, ei felles forståing for kriterium som oppfyller krava for kva som gjer ein mann nettopp *framifrå*. Her ser vi eit glimt av teksten sin eigen ideologi, for forteljaren skil den ikkje berre ut som separat frå sine eigne vurderingar, men erklærer det i ein generalisering som ikkje har nokon konkret avsendar. Slik er vi meint å lese påstanden som noko allment vedteke. Å vere *framifrå* heng difor saman med summen av det Torleik har oppnådd. Forteljaren summerer opp dei påkravde faktorane, men det er *folk* som bestemmer verdien i praksis. Desse faktorane – rikdom, assosiasjon med høgborne menn, og legitimitet som våpenfør krigar – er tydelege faktorar i ein ideell maskulinitet. Skildringa handlar såleis mykje om *kva* han har gjort. Han har også vore i viking, «og synte då greitt at han var ein djerv kar».²²⁸ Det er samanheng mellom det å dra i viking, altså på plyndringstokt, og det å vere djerv, altså å *demonstrere* maskulinitet. Her heiter det i Einar Ólafur; «verit hafði hann ok i víkingu ok gaf

²²² Jf. «Skaldskaparmál» i *Den yngre Edda*, der Snorre går gjennom denne tropen i skildringa av *heiti* for *drengr* (i: Meulengracht Sørensen 1993, s. 221)

²²³ *merkiligr* i Einar Ól. 1934, s. 70. Elles er nemninga «en utmerket mann» hjå Birgit Nyborg (i: Jørgensen og Hagland 2014, s. 35), og «of some note» hjå Viðar 1997 (s. 35). Nemninga *merkiligr* er elles nytta av kong Olav når han fortel Bolle Bolleson at han er «den mannen som har merkt seg mest ut blant dei som har kome frå Island i mine dagar» (Fidjestøl 1994, s. 185; Einar Ól 1934, s. 214).

²²⁴ Dette er ikkje eit forslag om å skilje ut dette omgrepet for å ha særskild tyding.

²²⁵ Heggstad 2008, s. 28

²²⁶ Heggstad 2008, s. 207

²²⁷ Heggstad 2008, s. 51

²²⁸ Fidjestøl 1994, s. 70

þar goða raun fyrir karlmennsku sakar»²²⁹ – han hadde skaffa seg god erfaring med «maskuline bedrifter». ²³⁰ Maskuline bedrifter er implisitt kvalitetar som handlar om makt, både økonomisk og sosial makt, og valdsmakt. Alt dette byggjer oppunder forventningar om ein standard heltetype som allereie vil ha vore kjend. Skildringa av Torleik syner til desse trope for å etablere han som ein del av denne tradisjonen. Likevel kan vi lese nokre atterhald her. At Torleik er ein framifrå mann kjem først og fremst fram gjennom påstandar, anten frå forteljaren sjølv, eller modulert gjennom «folk». Det tyder at forteljaren ikkje treng slå fast at han *er* det. Sjølv om han ifølgje påstandane om han oppfyller dei formelle krava til maskulinitet utifrå ideologien implisitt i tekstplanet, kjem han til å vise seg som meir tverr enn djerv. Det har også forteljaren førebudd oss på. Tidlegare fekk vi trass alt vite ta han var ein tverr hardhaus, og trass i at vi absolutt kan la det vere rom for ei viss karakterutvikling, skal han altså vise seg å vere det igjen. Men han har heilt openbert utretta nok til å tene både finansiell gevinst og politisk innverknad, samt ein naudsynt grad av ry som stridsmann. Dette tolkar eg som eit uttrykk for den makta som ligg som føresetnader for å kvalifisere til dette motivet. Men ved å presentere han gjennom passive observasjonar får karakteristikkane mindre tyngde enn det dei ville få gjennom skildring av aktiv handling. Likevel kan vi alt no byrje med å identifisere særleg to klare kvalifikasjonar for kva det inneberer å vere ein framifrå mann i teksten. Ein viktig del av skildringa av Torleik ovanfor handla altså i stor grad om kva han har oppnådd av spesifikt kvalifiserande bedrifter, og her synast mykje nært knytt til makt. Det å ha evne til å utøve makt er noko Connell reknar som sentralt for hegemonisk maskulinitet. Det ser eg som å handle om det ibuande potensialet til maskuline bedrifter, som inneberer tilgang til økonomisk, relasjonell og valdsmessig makt. Sjølv om dei negative kvalitetane til Torleik ikkje ekskluderer han frå denne maskuline statusen, er kvalifikasjonane han har likevel ikkje nok aleine til å etablere – og halde – ein fast maskulin konstruksjon. Dersom vi ser føre oss den maskuline konstruksjonen til Torleik som ein økonomi, vil det vere behov for å investere i den etter kvart som verdien på faktorane endrar seg i relasjon med det samfunnet som garanterer og anerkjenner dei. Mykje baserer seg ikkje berre på kva han *synte*, men òg på kva folk *rekna*, *meinte*, *sa*, *syntest*, og liknande. Båe delar signaliserer at dei kjønna handlingane og åtferda hans ikkje har verdi utanfor den sosiale fellesskapen som utgjer konteksten. Maskulinitetar vert konstruerte relasjonelt i samspel med andre kjønna uttrykk i felles kulturell og sosial forståing.

²²⁹ Einar Ól. 1934, s. 70

²³⁰ **karlmennska** f. manndom, mot (Heggstad 2008, s. 338).

Det er nettopp *anerkjenninga frå andre* som krystalliserer – og garanterer – den performative konstruksjonen av maskulinitet.

Frå framstillinga av Torleik som maskulin konstruksjon kan vi produsere ein grov men fungerande modell for ein normativ hegemonisk maskulinitet i sogene: Å vere veletablert og rik, å vere stor og sterk, ven å sjå på, utmerke seg ved heroiske kvalitetar og handlingar, dyrke fordelaktige sosiale band og åtferd, og vise mot og handlekraft, til dømes i strid. I tillegg kan vi sjå moglege indikasjonar på andre kriterium Torleik *ikkje* oppfyller i dei negative trekka vi får presenterte: Å vere veltalande og imøtekomande, å vere rettvis, og å ha god ætt. Nedanfor skal vi undersøkje fleire døme, og sjå om mønstre i framstillingane kan bidra til å produsere ein meir heilskapleg modell.

«Stor og sterk og ven å sjå på»: Ein hegemonisk maskulinitet

Vi har sett korleis skildringa av ein enkelt karakter inneheld karakteristikkar av både utsjånad, eigenskapar/ferdigheiter, og bragdar eller bedrifter. Mange av desse karakteristikkane uttrykker reint kroppslege trekk. Den fysiske kroppen er av sentral tyding for maskulinitet, sjølv når vi handsamar det som ein primært sosial konstruksjon. Connell forklarar at den fysiske kroppen både er medium og uttrykk for korleis ein utøver kjønna åtferd. Kroppen er i stadig forhandling med og omgjevningane, og maskuliniteten vert fortløpande konstruert igjen og igjen, gjennom mønstre Connell kallar *body-reflexive practices*.²³¹ Dette omgrepet definerer Connell som eit kretsløp av gjentakande koplingar mellom kroppslege erfaringar og kroppslege samhandlingar, som via sosialt konstruerte kroppslege erfaringsverder leier til nye kroppslege samhandlingar.²³² I motsetjing til Foucault forankrar Connell identiteten i den fysiske kroppen, og avviser at kroppen går opp i symbol, teikn eller som diskursive posisjonar.²³³ Difor skal vi ikkje berre sjå dei fysiske karaktertrekka som symbol for arva biologiske føresetnader, men også refleksive kjønna uttrykk, dyrka frami relasjon med samfunnet karakteren høyrer til i. Sidan maskulinitetar alltid vert forma i relasjon med det hegemoniske idealet, er dei statiske skildringane av maskuline trekk i karakterintroduksjonane eigentleg gode konfigurasjonspunkt for kva ein normativ hegemonisk maskulinitet inneberer. Slike skildringar inneheld formlar som går igjen som ganske vanlege motiv. Ved å kartlegge slike formlar og motiv i eit utval karakterar, vil eg syne korleis dei kjende mønstra som går igjen kan nyttast til å skilje ut

²³¹ Connell 2005, s. 61

²³² Connell 2005, s. 64

²³³ Connell 2005, s. 64

fellestrekk og særeigenskapar som peiker på ideologiske forventingar om ein hegemonisk maskulinitet. Kartlegginga er på ingen måte fullstendig, og det er heller ikkje nokon intensjon. Intensjonen er først og fremst å undersøkje potensialet som ligg i fellestrekk og skilnader i utvalet. Den mest kjende tropen for korleis ein karakter vert introdusert i sogene finn vi i opningslina av alle tre sogene: I *Laksdølane* heiter det: «Kjetil Flatnev heitte ein mann, son til Bjørn Buna.».²³⁴ *Njálssoga* opnar slik: «Mår heitte ein mann, dei kalla han Gigja.».²³⁵ I *Sambandsmennene* er dette opningslinja: «Ufeig heitte ein mann som budde vest i Midfjord på ein gard som heit Reykir.».²³⁶ Kvar av døma fortel oss noko eige om karakteren som vert introdusert på denne måten. Om Kjetil Flatnev får vi vite at han er sonen til Bjørn Buna – det gir oss informasjon om slekta hans, som er ein viktig statusindikator. Mår vart kalla «Gigja», ein relasjonell indikator.²³⁷ Og Ufeig vert sett i samanheng med geografisk lokalisering, og plasserer med det handlinga til det nordvestlege Island. Det er rett nok svært mange karakterintroduksjonar som ikkje nyttar denne «...heitte ein mann»-formelen. Som vi såg i dømet med Torleik ovanfor kan dette vere grunna sekundær introduksjon. Torleik vert til dømes først nemnd som Hoskuld sin son, og Hoskuld vart introdusert tidlegare i saga. Det må bli understreka at heller ikkje Hoskuld vert introdusert på denne måten i *Laksdølane*. Som stilistisk grep er det difor brukt i heller varierende grad, men det er verd å nemne fordi det er eit så sjangertypisk og formelaktig trekk. Akkurat formelpreget tyder på at det er sjangertropar som skal møte lesaren sine forventningar. Formlar kan vere nyttige verktøy, særleg med tanke på den funksjonen introduksjonane har i å etablere maskuline konstruksjonar. Sidan formlane er så generiske kan dei fortelje oss ganske mykje om kva vi må forstå som viktige, maskuline kvalitetar. Særleg tydeleg vert det korleis mange av dei kroppslege karakteristikkane går igjen. Mange av desse kvalitetane vil eg definere som typiske *heroiske* kvalitetar, ferdigheiter som spelar på atletisme, evne til heroiske dådar, og våpen- og kampferdigheiter. Eg kjem likevel til å syne korleis det også eksisterer eit skilje mellom to ulike maskuline ideologiar, der dei typiske heroiske kvalitetane møter motstand frå andre sett kvalitetar. Oversikta er på ingen måte representativ for korpusen som heilskap. Det er heller ikkje meininga å gje ei komplett oversikt over formlar på tvers av sjangeren. Men vi får ei god indikasjon på likskapar og skilnadar i dei tre sogene. Sjølv dei skil seg frå kvarandre på fleire punkt, går fleire slike formlar så tydeleg

²³⁴ Fidjestøl 1994, s. 19

²³⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 27

²³⁶ Magerøy 1976, s. 29

²³⁷ Bakgrunnen for kallenamnet er ukjend, men ordet tyder *fele*. William Ian Miller (2014) har foreslått at det kan spele på lovkunna til Mår, men det finst meg kjend ikkje noko klart svar på tydinga.

att at dei som sjangerspesifikke krav til kva som gjer ein mann, kor vidt han er god eller dugande eller ei.

Figur 1a: Skjematisk oversikt over karakteristikkar i karakterintroduksjonar i Njálssoga

	Gunnar	Njál	Skarphedin	Grim	Helge
Kropp	Stor av vokster og sterk (<i>mikill maðr vexti ok sterkr</i>)	-	Stor og sterk (<i>mikill maðr vexti ok styrkr</i>)	Stor og sterk (<i>mikill ok sterkr</i>)	Sterk (<i>sterk maðr</i>)
Hår	Stort, vakkert både i fall og farge (<i>hárit mikit, gult ok fór vel</i>)	-	Brunhærd med fall (<i>jarpr á háir ok sveipr í hárinu</i>)	Vakkert, mørkt hår (<i>døkr á háir</i>)	Stort hår (<i>hærðr vel</i>)
Andlet	Vent, ljost andlet (<i>vænn at yfirliti ok ljóslitaðr</i>). Rett, keik nase. Raudleitte kjakar. Blå og glögge auge.	Ven á sjá på (<i>vænn at álit</i>)	Bleikt, skarpskorne drag. Skakk nase, høg tanngard. Ikkje munnfager. Vene auge (<i>eygðr vel</i>)	Ein vakker mann Venare andletsdrag (<i>fríðari sýnum</i>) enn Skarphedin	Ein ven mann (<i>fríðr maðr sýnum</i>)
Ferdigheiter	Våpenfør (<i>manna beztr vígr</i>), atletisk	Lovkunnig utan like (<i>løgmaðr svá mikill</i>), klok (<i>vitr</i>) og framsynt	Våpenfør (<i>vígr vel</i>), atletisk	-	Våpenfør (<i>vígr vel</i>)
Åtferd	Førte seg betre enn dei fleste (<i>kurteisast</i>). Heldt hardt på retten sin. Gjev mild og stillfarande. Trufast, varsam med folk.	Stillfaren (<i>hógværr</i>) men uredd. Hjelpsam. Gav av gode råd	Framfus, uredd, skarp, flákjefta. Heldt for det meste styr på seg (<i>løgum vel stilltr</i>). Staseleg (<i>hermannligast</i>)	-	Klok og stillfarande (<i>vitr maðr ok stilltr vel</i>)
Klede/anna	-	Rik på gods	-	-	-

Tabellen syner ordlyden i karakterintroduksjonar av mannlege karakterar i Njálssoga. Der det er rom for etymologisk variasjon som kan påverke tolkinga, er dei tilsvarande norrøne omgrepa spesifiserte.

Figur 1b: Skjematisk oversikt over karakteristikkar i karakterintroduksjonar i Njálssoga

	Torhall	Sigmund	Floese	Kåre	Hoskuld Kvitanesgóde
Kropp	Staut (<i>harðgørr</i>)*/ storvakxen	Stor og sterk (<i>mikill ok sterkr</i>)	Storvakxen og sterk (<i>mikill vexti ok styrkr</i>)	-	Stor og sterk (<i>mikill ok sterkr</i>)
Hår	Mørk i hår- og hamlet	-	-	Stort og fagert (<i>mikit ok fagrt</i>)	Vakkert (<i>hærðr vel</i>)
Andlet	-	Ven (<i>vænn</i>)	-	-	Vent (<i>manna friðastr sýnum</i>)
Ferdigheiter	Særs lovkunnig	God skald, dugelig (<i>vel búnn</i>) i dei fleste idrettar	-	Skildra gjennom handlinga som atletisk	Framifrå våpenfør (<i>manna bezt vígr</i>)
Åtferd	Djerv (<i>røskr</i>)* Kunne styre orda sine vel, men brålynt	Høvisk (<i>kurteiss maðr</i>). Ærekjær. Kytte svært, fór med spott, vrang	Stridare av seg enn folk flest (<i>manna kappsamastr</i>)	Skildra gjennom handlinga som modig, hjelpevillig	Blidmælt, gåvmild, stillfarande (<i>stilltr vel</i>). Tala vel om andre. Venesæl.
Klede/anna	-	Velreist	Ein stor hovding	Silketrøye og gytt hjelm	-

Tabellen syner ordlyden i karakterintroduksjonar av mannlege karakterar i Njálssoga. Der det er rom for etymologisk variasjon som kan påverke tolkinga, er dei tilsvarende norrøne omgrepa spesifiserte.

* Einar Ól (1954): «røskr maðr ok harðgørr i qllu» (s. 279). **røskr** a. dugande, god, djerv, modig); **harðgerr** a. 1 hardgjord, sterk. (Heggstad 2008, s. 509, 247)

Fig. 2: Skjematisk oversikt over karakteristikkar i karakterintroduksjonar i Soga om laksdølane

	Kjartan	Bolle	Hrut	Hoskuld Dala-Kollsson	Olav På
Kropp	Stor og sterk (<i>mikill maðr ok sterkr</i>)	Stor på vokster (<i>mikill maðr</i>). Sterk (<i>sterkr</i>)	Stor og sterk (<i>mikill ok sterkr</i>).	-	Stor og sterk (<i>mikill maðr ok sterkr</i>). Vakker av skapnad (<i>ágætliga skapaðr</i>)
Hår	Stort (<i>mikit</i>), fagert som silke (<i>fagrt sem silki</i>), fall i lokkar (<i>fell með lokkum</i>)	-	-	-	-
Andlet	Stort og velforma andlet (<i>mikilleitr ok vel farinn í andliti</i>); den vakraste mann fødd på Island (<i>allra manna friðastr</i>). Ljost på let (<i>ljóslitaðr</i>). Utifrå vakre auge.	Vakker å sjå til (<i>friðr sýnum</i>)	Den vakraste mannen ein kunne sjå (<i>allra manna friðastr sýnum</i>)	-	Så ven (<i>vænn</i>) at ingen var hans like
Ferdigheiter	Betre våpenfør (<i>vigr</i>) enn dei fleste, flink med hendene (<i>hagr</i>); svært atletisk.	Nest etter Kjartan i alle idrettar og karsverk. Framifrå stridsmann (<i>inn hermannligsti</i>)**	I alle måtar driftig og dugande (<i>atgørvimaðr</i>)***	Emneleg, dugande****	-
Åtferd	Meir smålåten* og vennesæl enn nokon annan; gladlynt og gjev mild.	Høvisk (<i>kurteisigr</i>)	-	-	Skilde seg frå andre i venleik (<i>vænleiks sakir</i>) og høvisk åtferd (<i>kurteisi</i>)
Klede/anna		Staskjær (<i>skartsmaðr</i>)	-	Vel likt	Velkledd, lett å kjenne att

Tabellen syner ordlyden i karakterintroduksjonar av manlege karakterar i Laksdølane. Der det er rom for etymologisk variasjon som kan påverke tolkinga, er dei tilsvarande norrøne omgrepa spesifiserte.

*audmjuk

** Omgrepet kjem i samband med *kurteisigr* og *skartsmaðr* og er truleg meint som «riddarleg» (sjå ovanfor).

***Einar Ól (1934): «inn mesti var hann atgørvimaðr fyrir allra hluta sakar.» (s. 26). **atgerðvimaðr** m. dugande, drivande mann. Jf. *atgerðamaðr* (Heggstad, s. 51).

**** Einar Ól. (1934): «vænn maðr ok gørviligr» (s. 14). **vænn** her: «emneleg» (jf. Heggstad 2008, s. 737). **gerviligr** (*gør-, gjør-*) a. fullkommen, dugelig. (Heggstad 2008, s. 207).

Figur 3: Skjematisk oversikt over karakteristikkar i karakterintroduksjonar i Soga om sambandsmennene

	Ufeig	Odd	Uspak	Våle	Odd si skildring av Uspak (kap 6)
Kropp	-	Tidleg vel utvikla (<i>brátt vel menntur</i>)	Stor og sterk, ein kraftig kar (<i>mikill maður vexti og sterkur</i>)	-	Stor av vokster, karsleg (<i>mikill vexti og karlmannlegur</i>). Uvanleg stor lekam
Hår	-	-	-	-	Brunt hår (<i>brúnt hár</i>)
Andlet	-	Vakker (<i>vænn</i>)	-	Vakker (<i>vænn</i>)	Store bein i andletet, svarte augebruner (<i>svartar brýnn</i>)
Ferdigheiter	Overlag klok og gløgg (<i>spekingur mikill og hinn mesti ráðagerðamaður</i>). Ein framifrå kar (<i>mikilmenni</i>)	Ikkje nokon arbeidskar (<i>engi var hann verklundarmaður</i>)	Dugande (<i>gervilegur maður</i>)**	-	-
Åtferd	Gåvmild.	Ikkje mykje til gagn for hushaldet	Stri og kaut (<i>óðæll og uppivöðslumikill*</i>)	Venesæl (<i>vinsæll</i>)	-
Klede/anna	Ikkje god råd.	-	-	-	Ser på alle vis ut som ein forbrytar (<i>glæpamannlegasti</i>)

Tabellen syner ordlyden i karakterintroduksjonar av mannlege karakterar i Laksdølane. Der det er rom for etymologisk variasjon som kan påverke tolkinga, er dei tilsvarande norrøne omgrepa spesifiserte.

* Jf. Heggstad 2008: **uppivözlumikill** a. storfelt, overmodig (s. 684)

** Sjå fig. 3f

Av dei nitten karakterane som er tekne med i oversikta (fig. 1-3) er fjorten av dei tydelege protagonistar, medan tre er klare antagonistar (Uspak, Sigmund og Flose). Ytterlegare to kan seiast å ha antagonistfunksjon i delar av saga (Hrut og Hoskuld i *Laksdølane*). Fjorten av karakterane er skildra som store og sterke, tre av dei berre som stor. Til saman er det minst tjue karakterar i *Njálssoga* som vert skildra som fysisk stor i introduksjonsskildringa, og minst seksten døme i *Laksdølane*.²³⁸ I tillegg er Torhall Ásgrímsson skildra som «staut», som i den norrøne teksten heiter *harðgörr*.²³⁹ Det kan vi lese som «hardgjord, sterk» (sjå fig. 1bf). Tolv vert skildra som ven eller vakker å sjå på (særleg i samband med andletet). Ti ulike mannlege karakterar vert skildra som ven eller vakker i *Njálssoga*, og heile 13 i *Laksdølane*. Merk at det særleg i *Laksdølane* er mange kvinner som vert skildra på same viset; ti ulike tilfelle. Sju av mennene vert på ein eller annan måte karakteriserte ved håret. Seks vert nemnde for å vere våpenføre, og seks for atletisme. Seks utviser åtferd som anten er eksplisitt nemnd som høvisk, eller implisitt tyder det. To vert skildra utifrå flott klesdrakt (Olav På og Kåre). Fire av mennene vert skildra for usympatisk åtferd. Berre to karakterar i utvalet vert skildra med negative fysiske trekk, Uspak Glumsson frå *Sambandsmennene* og Skarphedin Njálsson i *Njálssoga*. Skarphedin er som nemnt ein klar representant for Einar Ólafur sine mørke heltar. Til skilnad med Uspak er han absolutt for protagonist å rekne. Dei fleste andre vert derimot skildra med stor vekt på *venleiken* deira – heile tolv av dei utvalde karakterane har dette som klart kjenneteikn. Det er stort sett det same ordforrådet i estetiske skildringar av menn og kvinner, hovudsakleg *væn(n)*, *fríð(r)*, og *fagr* (*fögr*). Omgrepa er vekselvis omsette med *ven*, *vakker* og *fager* på norsk.²⁴⁰ På overflata synast alle å handle om ytre kvalitetar. Jenny Jochens har derimot synt korleis *vænn* helst opptre i fraser som refererer til både ytre utsjånad og indre kvalitetar.²⁴¹ Slik vert Torgjerd Egilsdóttir i *Laksdølane* skildra som «væn ok stórmannlig»²⁴², og Våle i *Sambandsmennene* som «vænn maður ok vinnæll».²⁴³ I skildringar av ytre utsjånad aleine er det nesten utelukkande brukt *fríðr*, gjerne i kombinasjon med *sýnum*, ifølgje

²³⁸ Her finst òg enkelte variantar som kan tolkast å bety stor av vekst, derav moderasjonen «minst». I *Njálssoga* aleine finn vi heile 21 ulike døme på «sterk» i introduksjonsskildringar, medan det i *Laksdølane* finst 17.

²³⁹ Einar Ól. 1954, s. 279

²⁴⁰ *Væn*: «hon var væn kona ok kurteis ok vel at sér» (Einar Ól 1954, s 5-6): «Ho var ei ven og gild jente med høvisk framferd» (Hagland og Liestøl 2008, s. 27). «Þorgerðr Þoreinsdóttir, móð Höskulds, var þá enn ung kona ok in vænsta» (1934, s. 14): Torgjerd Torsteinsdóttir, mor til Hoskuld, var enno ei ung kone og utifrå vakker» (Fidjestøl 1994, s. 27). *Fagr*: «Þykki þér eigi fögr vera?», «Ærit fögr er mæðr sjá» (1954, s. 7): «Er ho ikkje ven?», «Fager er denne jenta» (2008, s. 28). (1954, s. 7). *Fríð*: «hann var mikill maðr ok sterkr ok fríðr sýnum.» (1954, s. 41): «Han var ein stor og sterkr mann og ven og sjá þá» (2008, s. 49), jf. «hann var mikill maðr ok sterkr ok fríðr sýnum» (1934, s. 11): Han var ein stor og sterkr mann, vakker å sjá til» (1994, s. 24). «hann var fríðr maðr sýnum» (1954, s. 70): «Han var ein vakker mann » (2008, s. 65).

²⁴¹ Jf. Heggstad 2008: «sannsynleg, rimeleg; god; emneleg, lovande; ven, vakker.» (s. 737).

²⁴² Einar Ól. 1934, s. 65

²⁴³ Guðni 1956

Jochens.²⁴⁴ Det må vi forstå som at meininga vert spissa til noko visuelt observerbart. Interessant nok syner Jochens også korleis *fagr* hovudsakleg vert brukt for å skildre hår.²⁴⁵

«Gunnar heitte ein mann». Karakterintroduksjonar i sogene

Gunnar Håmundsson, betre kjend i litteraturhistoria som Gunnar på Lidarende, er ein av dei mest arketypiske helten av alle i islendingesogene. Iblant har han meir til felles med dei legendariske sagaheltane som Ragnar Lodbrok eller Sigurd Fåvnesbane, enn til liknande karakterar. Han er den som er nemnd ved namn klart flest gongar i *Njálssoga* (582), sjølv om det ikkje er han som gjev namn til saga, han ikkje vert introdusert før i andre del, og han døyr halvvegs gjennom forteljinga.²⁴⁶ Gunnar vert introdusert for første gang på side 57, i kapittel 19. Sjølve introduksjonen er ei særskild rik skildring. Samanlikna med korleis Torleik vart introdusert, er det ingen tvil om at mykje av handlinga kjem til å dreie seg om denne karakteren:

Gunnar heitte ein mann. Han var frenden til Unn. Mor hans heitte Rannveig og var dotter til Sigfus son av Sigvat den raude, som vart drepen ved Sandholaferja. Far til Gunnar heitte Håmund og var son til Gunnar Baugsson. Gunnarsholt har namn etter han. Mor til Håmund heitte Ramnhild. Ho var dotter av Storolv Høngsson. Storolv var bror år Ramn lovseiemann, og son av Storolv var Orm den sterke.

Gunnar Håmundsson budde på Lidarende i Fljotsli. Han var stor av vokster og sterk, og våpenfør framfor nokon annan. Han både kasta og hogg like godt med bae hendene, og han var så kjapp med sverdet at ein tyktest sjå tre i lufta på ein gong. Med bogen skaut han betre enn nokon annan, og råka alt det han sikta på. Han hoppa meir enn si eiga høgd i fulle hærklede, og like langt attover som framover. Han kunne symja som ein sel. Det nytta aldri å kappast med han i nokon slags leik, og det har vori sagt at ingen var hans jamlike. Han var ven å sjå på, ljøs i andletet, nasen var rett, men noko keik framme. Augo var blå og gløgge, og kjakane raudleitte. Håret var stort og vakkert, både i fall og farge. Han førte seg betre enn dei fleste, heldt hardt på retten sin, men var gjevnmild og stillfarande, trufast mot venene sine, men varsom når han valde dei. Han var rik på gods.²⁴⁷

²⁴⁴ Jochens 1991, s. 3

²⁴⁵ Jochens 1991, s. 3

²⁴⁶ Søk med DH Lab Navn og stader på Nasjonalbiblioteket sine nettsider i Liestøl og Hagland 2008.

²⁴⁷ Liestøl og Hagland 2008, s. 57

Bryt vi introduksjonen ned tematisk, får vi denne fordelinga (sjå Fig. 5)

Figur 4: Tematisk fordeling av motiv i skildringa av Gunnar Håmundsson

Gunnar heitte ein mann.	<i>Standardintroduksjon</i>
Han var frenden til Unn.	<i>Kontekst; slik passar han inn i handlinga</i>
Mor hans heitte Rannveig (...) Sigvat den raude	<i>Genealogi</i>
(...) som vart drepen ved Sandholaferja	<i>Genealogisk band til hending, stad og person som vil truleg har vore kjend</i>
Far til Gunnar (...)Gunnar Baugsson	<i>Genealogi</i>
Gunnarsholt har namn etter han	<i>Geografisering</i>
Mor til Håmund heitte Ramnhild (...) Orm den sterke.	<i>Genealogi til personar som truleg har vore kjende</i>
Gunnar Håmundsson budde på Lidarende i Fljotsli	<i>Geografisering</i>
Han var stor av vokster og sterk	<i>Skildring av fysikk</i>
våpenfør framfor nokon annan	<i>[skildring av ferdigheiter; relasjonell dugleik</i>
Han både kasta og hogg (...) det har vori sagt at ingen var hans jamlike	<i>Skildringar av ferdigheiter og atletisme.. Samanliknar med andre (relasjonell).</i>
Han var ven å sjå på (...) både i fall og farge	<i>Skildringar av fysisk ytre</i>
Han førte seg betre enn dei fleste (...) varsom når han valde dei	<i>Skildringar av åtferd og sosial kompetanse</i>
Han var rik på gods	<i>Økonomisk makt (teikn på ansvarlegheit)</i>

Tabellen syner ei tematisk inndeling av motiva i karakterintroduksjonen av Gunnar Håmunsson i Njálssoga.

Det er ikkje overraskande at den rikaste skildringa i islendingesogene er den rikaste på karakteristikkar. Her får vi først ein standardintroduksjon, før forteljaren her prioriterer å sette Gunnar sin introduksjon i direkte samanheng med handlinga.²⁴⁸ Deretter kjem eit rimeleg oversiktleg familietre, som tener til å etablere slektskap med kjende historiske skikkelsar. Også dette er meint å etablere ein viss relasjonell status. Det same gjer geografiseringa av kor han bur. Lidarende vil ha vore ein velkjend gard også på 1200-talet, og er særleg viktig å få med fordi det er lenselen til det vakre landskapet kring garden som til slutt forseglar Gunnar sin lagnad. Først får vi ei meir personleg skildring av Gunnar. Det kroppslege vert prioritert først, så spesifikt heroiske og atletiske ferdigheiter han har. Her er fleire frampeik på handlinga som skal skje. Ikkje berre kjem Gunnar sin våpenførleik fleire gongar opp i handlinga. Også det at han er så dugeleg med bogen vert sentralt i den aller siste scena hans.²⁴⁹ Sekundært får vi også ei svært estetisk orientert skildring av Gunnar. Venleiken, det lyse andletet, dei «blå og gløgge»

²⁴⁸ Handlinga fram til no har dreidd seg om ekteskapskonflikten mellom Unn og Hrut.

²⁴⁹ Sjå nedanfor.

augo og det store, vakre håret er alle markørar som er med på å understreke Gunnar som arketypp lys heltetype. Deretter får vi ei skildring av lynnet og den gode åtferda hans, tydeleg formulert. Merk at der det heiter «førte seg betre enn dei fleste» hjå Liestøl og Hagland, heiter det «Manna kurteisast var hann» hjå Einar Ólafur.²⁵⁰ *Kurteisi*, via gammalfransk *curteisie*, tyder høvisk, riddarleg åtferd.²⁵¹ Dette er sosiale og relasjonelle kvalitetar som indikerer det Connell kalte kroppsreflesiv praksis. Den moralske rettferdssansen implisitt i den riddarlege åtferda og det kroppslege/performative uttrykket ibuande i slik åtferd er eit viktig motiv i saga. Det er ikkje minst også venskapen mellom Gunnar og Njál, og trufastheita mellom dei to. Til sist får vi vite at han er rik på gods. I det adelslause islandske samfunnet var økonomisk og politisk makt det som utmerka menn blant likemenn. Som vi har sett er rikdom eit sentralt motiv for karakterar som skal utmerke seg, i tillegg til å indikere ein ansvarleg mann.

Sjølve introduksjonen har ei tydeleg ramme i form av skildringa av Gunnar sine slektsband. Direkte etter skildringa av Gunnar kjem ein introduksjon av syskena hans, nesten som eit vedheng:

Bror hans heitte Kolskjegg, han var stor og sterk, ein gild mann og sætande til alt. Ein annan av brørne hans heitte Hjort, han var då berre gutungen. Ein uektefødd bror av Gunnar var Orm Skogarnev, men han kjem ikkje denne saga ved. Gunnar hadde ei syster som heitte Arngunn. Ho vart gift med Roar Tungegode, son av Unde den uborne, son av Gardar som oppdaga Island. Arngunn hadde ein son som heitte Håmund den halte og budde på Håmundsstad.²⁵²

Av desse er det berre Kolskjegg som opptre i saga, og som vi ser den einaste som vert skildra. Om han får vi berre vite at han er «stor og sterk, ein gild mann», og at han er til å stole på.²⁵³ Trass i dette er Kolskjegg nemnd heile 91 gongar i *Njálssoga*.²⁵⁴ Til samanlikning er Torleik nemnd 62 gongar i *Laksdølane*. Kolskjegg opptre hovudsakleg som ein nyttig hjelper for Gunnar. Likevel er det ikkje meir enn dette som er teke med for å gjere oss kjende med han.

Dersom Gunnar representerer Einar Ólafur sin ideelle *handlande* mann, er Njál det ideelle dømet på den *tenkjande* mannen. Som vis lovseiemann er han på alle måtar definert

²⁵⁰ Einar Ól. 1954, s. 53

²⁵¹ Heggstad 2008, s. 363

²⁵² Liestøl og Hagland 2008, s. 57

²⁵³ Her er for øvrig òg ei viktig kopling via systera til andre sentrale personar i islandsk historie.

²⁵⁴ Søk i dei digitale tekstane på Nasjonalbiblioteket sine nettsider.

utifrå dei sosiale og intellektuelle evnene hans. Introduksjon skil seg på fleire punkt frå introduksjonen av Gunnar, men inneheld likevel mange av dei same motiva:

Njål heitte ein mann. Han var son til Torgeir Gollner Torolvsson. Mor til Njål heitte Åsgjerd og var dotter til hersen Åskjell den fāmælte. Ho hadde komi ut til Island og teki seg land austafør Markarfljot, mellom Oldustein og Seljalandsmule.

Njål budde på Bergtorskvål i Landøyar. Han hadde ein gard til, Torolvsfell. Njål var rik på gods og ven å sjå på, men det voks ikkje til skjegg på han. Han var så lovkunnig at det fanst ikkje hans like. Han var klok og framsynt. Velvillig var han òg, og gav gjerne gode råd. Og det gjekk allstøtt vel for dei som gjorde slik han sa. Han var stillfarande, men uredd, og han løyste vanskane for alle som kom til han.

Bergtora heitte kona hans. Ho var dotter til Skarphedin, og eit dugande kvende og gildt menneske, men noko hardlynt av seg. Njål og ho hadde seks barn, tre døtrer og tre søner, og alle kjem sidan med i denne saga.²⁵⁵

Skildringa er på ingen måte like fyldig som Gunnar si, men som seg hør og bør for han som har gjeve namn til saga, er den likevel svært rik. Som med Gunnar er det genealogiske prioritert, her noko meir prosaisk. Deretter får vi veldig spesifikk geografisk plassering, og tilknytning til kjende landnåmsområde. Men i staden for ytre karaktertrekk kjem det først informasjon om den materielle rikdomen hans. Både i form av eigedom, og i korleis han er generelt rik på gods. Først følgjer skildringa av det fysiske ytret hans. At han er ven å sjå på, kan vi også lese som ei skildring av hans indre. Han er samansett god og ven som person.²⁵⁶ Men han har altså ikkje skjegg. At dette er ein prioritert fysisk karakteristikk er sjølvsagt sentralt all den tid det seinare har direkte innverknad på handlinga. Skjeggjet er den einaste indikasjonen av noko kroppsrefleksivt; korkje fysiognomi, kropp eller ein gong atletiske ferdigheiter eller våpenevner vert nemnde. Derimot er det vekt på ei skildringar av ein annan type ferdigheiter, nemleg intellektuell kapasitet, i form av lovkunne og klokskap, samt meir eller mindre overnaturlig framsyn. Deretter følgjer ein karakteristikk av dei sosiale eigenskapane hans, i form av velvilje og evna til å gje gode råd. Det at det allstøtt gjekk vel for dei som følgde råda hans, er tungtvegande vitnesbyrd. Som vi får sjå i handlinga, går det faktisk alltid bra for dei som lyttar til han sjølv dei mest outrerte råda han byr på. Det skal derimot gå ille om ein vel å ikkje følgje råda. Han er òg stillferdig, ein annan formel vi ser gå att, som korresponderer med det å vere klok og reflektert, men også til evna til moderasjon. Deretter følgjer ei kort men innsiktsrik skildring av kona, Bergtora, «ei dugande kvende og gildt

²⁵⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 58

²⁵⁶ Einar Ól. 1054: *Vænn at álit* (s. 57)

menneske, men noko hardlynt av seg». For å understreke at mangelen på skjegg på ingen måte gjer Njål impotent, vert så dei seks barna dei har i lag nemnd som eit apropos.

Til samanlikning med Gunnar og Njål er ikkje introduksjonane av njålssønene fullt så fyldige. Likevel: skildringa av Skarphedin er såpass rik at Ármann viser til den som ein av dei mest omfattande introduksjonane i heile korpuset. Skarphedin vert omtala ved namn 201 gongar i *Njálssoga*. Han er dimed den femte mest namngjevne personen i denne utgåva av teksten, medan Helge og Grim til samanlikning er nemnde henholdsvis berre 90 og 61 gongar kvar, med andre ord færre enn Kolskjegg.²⁵⁷

Skarphedin heitte den eldste. Han var ein stor og sterk mann, vel våpenfør, sumde som ein sel og sprang snøggare enn alle andre, han var framfus og uredd, skarp og flåkjefta, men for det meste heldt han styr på seg. Han var brunhærd med fall i håret.²⁵⁸ Augo var vene, andletet bleikt og med skarpskorne drag. Nasen var skakk, og tanngarden låg noko høgt, så munnfager var han ikkje, men likevel ein staseleg mann. Grim heitte den andre sonen til Njål. Han var ein ven mann, med eit vakkert mørkt hår og venare andletsdrag enn Skarphedin. Stor og sterk var han òg. Helge heitte den tredje av sønene. Han var ein vakker mann med stort hår, sterk og våpenfør. Klok var han òg, og stillfarande. Alle sønene til Njål var utgifte.²⁵⁹

Njålssønene si slekt vart introdusert med foreldra Njål og Bergtora like over, og heimstaden deira Bergtorskvål er allereie etablert i handlinga.²⁶⁰ Skildringa går difor rett på det kroppslege og dei heroiske og atletiske ferdigheitene til Skarphedin, den eldste. At det er dette som vert prioritert i skildringa, understrekar kor viktige desse eigenskapane er for karakteren. Deretter får vi ei elles kanskje overraskande detaljrik skildring av fysiognomien hans. Det er ei rekke punkt der det er naturleg å samanlikne Gunnar og Skarphedin direkte: Til motsetnad med Gunnar vert lynnet og åtferda til Skarphedin framheva før utsjånaden. I tillegg får vi fleire negative karakteristikkar i skildringa av Skarphedin. På overflata kan skildringa og av lynnet og det fysiske ytret stå som eit forvrengt spegelbilete av Gunnar. Gunnar er skildra som lys og vakker der Skarphedin er mørk og stygg. Rett nok er det berre éin detalj som er tydeleg skildra

²⁵⁷ Søk med DH Lab Navn og stader på Nasjonalbiblioteket sine nettsider i Liestøl og Hagland 2008. Det er verdt å nemne at det er to personar med namnet Skarphedin i *Njálssoga*; den første er far til Bergtora, kona til Njål, men vert berre nemnd éin gong. Han er altså bestefaren til Skarphedin Njálsson.

²⁵⁸ Hagland 2014 seier «lysebrunt, krøllte hår» (s. 30), som stemmer med Viðar Hreinsson (red.) 1997: «reddish-brow and curled» (s. 30). Einar Ólafur 1954 seier «jarpr á há ok sveipr í hárinu» (s. 70).

²⁵⁹ Liestøl og Hagland 2008, s. 65. Den fjerde sonen vert òg nemnd: «Hoskuld heitte den fjerde sonen som Njål hadde. Han var lausbarn. Mor hans heitte Rodny. Ho var dotter til ein som heitte Hoskuld og syster til Ingjald frá Kjeldur.»

²⁶⁰ Liestøl og Hagland 2008, s. 58

som uvakker; munnen. Resten er fordekt, men implisitt, fordi han «likevel [er] ein staseleg mann» (mi utheving), altså trass i, ikkje grunna, utsjånaden.²⁶¹ Der Gunnar har tjukt, blondt hår, har Skarphedin krøllete, brunt. Men han har vene auge, der Gunnar har kvikke. Trass i at det ikkje nytta å kappast med Gunnar i nokon leik, får vi likevel vite at Skarphedin spring snøggare enn nokon annan, og sjølv om Gunnar kan hoppe si eiga lengd i fulle hærklede, er det Skarphedin som skal gjere eit nærast overmenneskeleg hopp i kapittel 92.²⁶² At bae sym som selar får derimot ikkje relevans for saga, men er tydelegvis å få med. Men sidan det truleg er ein standardformel, kan det vere rom for å sjå nøyare på kva det kan bety.²⁶³ Til sist får vi ei modifisering av korleis han presenterer, nemleg staseleg. Her nyttar Hagland (2014) omgrepet «som litt av ein krigar», men det er nærliggjande å tru at Liestøl meiner *staseleg* som i *riddarleg*, jamfør korleis Einar Ól. har «þó manna hermannligastr»,²⁶⁴ og tolke meininga som at Skarphedin både kler og berer seg riddarleg. Formelmessig skil ikkje skildringane seg med det same nemneverdig frå kvarandre i tematikk eller innhald. Ei heller frå enkelte andre karakterskildringar i sogene, som vi skal sjå. Men skildringa av Skarphedin er òg meir realistisk enn den av Gunnar.²⁶⁵ Dette sjølv om dei to rollefigurane aldri står i opposisjon til kvarandre i handlinga. Derimot er Skarphedin den einaste som er viljug til å bli med på å hemne Gunnar, etter at denne er daut. Dei har òg mykje same funksjon, ettersom bae vert uviljuge instrument for andre sine manipulasjonar, og vert ofre for ein lagnad dei er makteslause til å styre. Bae synast vere klar over dette. Mange av formlane vi har sett her er openbert meint å signalisere kropplege kvalitetar. Det som skil seg særleg frå ein meir moderne forventningshorisont er derimot kor viktig skildringar som går spesifikt på ytre karaktertrekk er som konvensjonelle formlar for maskulinitet. Særleg skil skildringane av hår seg ut her. Skildringa av skjegg, som vi kjenner som ein rimeleg godt etablert indikator for maskulinitet i mellomalderen, er derimot fråverande.²⁶⁶ Ved sida av å formidle noko om det fysiske ytret, byr skildringane på markørar som impliserer både performativ og relasjonell maskulinitet. Når Gunnar fører seg betre «enn dei fleste» er det sjølv sagt først og fremst samanlikninga med andre menn det er tale om.²⁶⁷ Han vert skildra med udelt positive vendingar. Også Skarphedin er sine langt meir tvitydige kvalitetar er tydeleg meint å setje han i eit visst maskulint lys. Merk korleis det er mykje fokus

²⁶¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 58

²⁶² Liestøl og Hagland 2008, s. 170

²⁶³ Sjå s. 80

²⁶⁴ Einar Ólafur 1954, s. 70

²⁶⁵ Jamfør Gunnar sine overmenneskelege evner når det gjeld hopping.

²⁶⁶ Sebastian Coxon (2021). *Beards and Texts: Images of masculinity in medieval German literature*. London: UCL Press, s. 12

²⁶⁷ Høvisk åtferd er sjølv sagt også meint å lese som «rett» maskulin åtferd.

på korleis han er kjapp, både i kropp, munn og hovud. Det må vi i utgangspunktet sjå som positive eigenskapar, men vert balansert av at han «for det meste heldt han styr på seg». Å vere kjapp i vendinga, både verbalt, mentalt og kroppsleg, heng openbert saman.²⁶⁸ Dette er eit klart frampeik: vi forstår at Skarphedin sannsynlegvis kjem til å vise seg i *overkant* kjapp i vendinga, og difor *ikkje* alltid kjem til å halde styr på seg. Dette hugsar vi seinare, når Skarphedin opptre passivt-aggressivt på Alltinget i kapittel 120. Måten han vert skildra på tener dermed til å indikere at han har eit klart potensiale for vald. Forventningane gjer scenen mykje meir spent enn den naudsynt ville vore, særleg når Skarphedin tek til å vere rappkjefte. Når Helge er klok og stillfarande til samanlikning, er det nettopp fordi han kan moderere seg betre enn Skarphedin kan.

Som med Gunnar og Kolskjegg, er skildringa av Skarphedin langt meir omfattande enn det vi får vite om brørne hans, Helge og Grim. Dette trass i at dei alle vert introduserte i same avsnitt, og alle tre brørne opptre akkurat like lenge i saga. Helge og Grim er attpåtil fokalkarakterane i ein lengre sekvens der dei er på viking, som Skarphedin *ikkje* deltek i. Jamvel som forteljaren legg vekt på at dei to er langt meir tiltalende å sjå på enn eldstebroren, får dei berre to korte setningar kvar i introduksjonen. Karakteristikkane av dei to er meir eller mindre variasjonar av dei same formlane: vekt på venleiken («ven», «venare andletsdrag», «vakker»), fokus på håret («vakkert mørkt hår», «stort hår»), og nesten som apropos standardformlane om styrke («Stor og sterk var han óg», «sterk og våpenfør»). Trass i at dei to som nemnt dreg utanlands på viking, og på alle vis får utmerke seg som krigarar, er det kroppslege noko nedprioritert hjå dei bae, til motsetnad med Skarphedin. Grim og Helge vert faktisk skildra med sine vene andletsdrag, særleg i relasjon med Skarphedin sin utsjånad, *før* vi får vite at dei var store og sterke og gode til å slåst. Helge vert i tillegg karakterisert som klok og stillfarande nesten som ein ettertanke. Elles er det relevant korleis det vert spesifisert at alle sønene til Njål er ugifte. Dette kjem vi attende til. At Helge og Grim ikkje får like stor plass som broren, skulle ein tru helst handla om kva rolle Skarphedin kjem til å ha i handlinga, slik også Kolskjegg knapt opptre. Men både Grim og særleg Helge spelar faktisk svært viktige rollar seinare i forteljinga, og karakteristikken av Helge som «klok» er òg eit frampeik, til ein lengre sekvens i byrjinga av del 3. Dette er sekvensen der Grim og Helge dreg i viking, og handlinga følgjer bedriftene til dei to over heile 16 sider.²⁶⁹ Denne handlinga får mykje å seie

²⁶⁸ «(...) rådsnar og sjølvstikker» heiter det i Hagland 2014, «(...) quick to make up his mind and sure of himself» i Viðar 1997, og i Einar Ól. 1954 «(...) skjótráður ok øruggr, gagnorðr ok skjótorðr».

²⁶⁹ Liestøl og Hagland 2008, s. 149-165

for resten av saga, særleg fordi det er denne sekvensen som introduserer Kåre til forteljinga. Den tidvis framsynte Helge er i tillegg den som overtyder familien om å følge Njål inn att i huset før mordbrannen, mot Skarphedin si vilje.²⁷⁰ Likevel er det altså såpass mykje meir fokus på Skarphedin medan brørne vert avskrivne med standardformlar som mest vert sjablongaktige.

I tillegg til dei seks barna sine har Njål ei rekke fostersøner. Det fremste eksempelet er sjølvsgat Hoskuld Tráinsson, sonen til han Skarphedin drep på isen, som sjølv aksepterer å bli Njål sin fosterson. Allereie som barn var han openbert særskild klok, og Njål ser tydelegvis potensialet i han. Vi får då òg vite at Njål «heldt alt vondt borte frå guten og heldt svært mykje av han». Hoskuld vert introdusert til saga som barn, men vert først skildra etter å ha vekse opp som Njål sin fosterson, slik:

Han var både stor og sterk, hadde vent andlet og vakkert hår. Han var blidmælt og gjev mild, stillfarande, men framifrå våpenfør, tala gjerne vel om andre og var venesæl.²⁷¹

Hoskuld vert skildra rimeleg formelmessig: Kroppsleg styrke og storleik, fysiognomi og hår er dei prioriterte karakteristikkane. Deretter vert nemnt lynne og åtferd, før krigarferdigheiter og nok ei skildring av åtferd. Det er ei ganske generalisert skildring, som seier lite om kva for ein karakter han er, men når vi les skildringa i samanheng med kva rolle Hoskuld har i forteljinga, seier det oss likevel ein god del. Hoskuld vert bygd opp som ein eksepsjonell mann som særleg Njål held høgt, men trass i dette skjer det meste av denne karakterutviklinga utanfor handlinga. Vi må difor berre ta forteljaren – og Njål – på ordet om kva for ein mann Hoskuld er, før konflikten med njålssønene som fører til at han vert drepen. Her er det ei utsegn frå Hoskuld sjølv det er verd å merke oss. Flose rår Hoskuld å flykte vest for å unngå at feiden med njålssønene skal eskalere, men Hoskuld påpeiker at det vil mange tolke som at han flyktar av redsle, og derfor er feig, noko han ikkje vil gje inntrykk av. Flose spår at det vil føre til katastrofe om han ikkje gjer det. «‘Det er ille, seier Hoskuld, ‘for heller ville eg liggja ubøtt enn at mange skulle lida vondt for mi skuld.’».²⁷² Njål skaffar Hoskuld både gøddord, godt gifte og ein ny gard. Her tek han bu, medan njålssønene tilsynelatande framleis bur hjå foreldra på Bergtorskvål.²⁷³

²⁷⁰ Og her er det så ikkje den framsynte, men den mørksynte, som får rett

²⁷¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 174

²⁷² Liestøl og Hagland 2008, s. 194

²⁷³ Liestøl og Hagland 2008, s. 177

Ein annan av Njál sine fostersøner er Torhall Ásgrímsson. Torhall vert tilsynelatande oppdregen av Njál til å gå i sine fotspor, noko han ikkje gjer inntrykk av å gjere for sine eigne søner. Torhall vert introdusert allereie i kapittel 26, men vert første gong skildra i kapittel 109: «Torhall var ein staut kar og djerv i all si ferd. Han hadde lært så mykje om lovene av Njál at han var ein av dei tre lovkunnigaste menn på Island.»²⁷⁴ Torhall får deretter ein slags sekundær introduksjon i kapittel 135, etter at Njál og familien har brent inne:

Han var ein storvaksen kar og sterk som ein bjørn, mørk i hår- og hamlet. Han kunne styra orda sine vel endå han var brålynt. Han var ein av dei tre lovkunnigaste mennene på Island.²⁷⁵

Igjen er kroppsleg storleik og styrke prioritert, før fysiognomi og hår. Og han er altså mørk i både andletet og i håret. Også her er det vekt på at han er ein av dei tre lovkunnigaste på Island, men vi får òg innsyn i lynnet hans; han kan styre orda sine vel, altså har denne evna til å moderere seg, og er dermed ein ansvarleg mann. Å kunne styre orda sine er samanliknbart med formelen stillfarande, som vi har sett fleire døme på, og som vi kan forstå som eit teikn på klokskap. Men Torhall er samstundes brålynt, som vi kan tolke som uforutsigbar.

Til no har vi berre sett døme på reine protagonistar. Nokre få antagonistar er også tatt med i oversikta. Ein av desse er Sigmund Lambesson. Her får vi presentert nemleg ein rimeleg samansett antagonist:

Sigmund heitte ein mann. Han var son til Lambe, son til Sigvat den raude. Han var ein stor farmann, ein ven og høvisk mann, stor og sterk. Han trådde mykje etter vørðnad og ære. Han var ein god skald og dugeleg i dei fleste idrettar, men kytte svært, før ofte med spott og var vrang å vera i hop med.²⁷⁶

Sigmund vert introdusert med den vanlege introduksjonsformelen, og deretter kort genealogisk informasjon. Så er statusen hans som farmann det forteljaren prioriterer, før vi får vite noko om karakteren hans: han er ven og høvisk. Slike karakteristikkar svarar til formlar som lovande eller emneleg, for det er nemninga *vænn* vi finn hjå Einar Ólafur, eit døme som stemmer med det Jochens observerer.²⁷⁷ Vi får også vite at Sigmund er stor og sterk, og med det ei svært konsis standardskildring. Herifrå skil derimot skildringa seg frå dei andre vi har sett på så langt. Sigmund er tydeleg ein kompleks type, og sjølv om han på den eine sida er ven og høvisk, får vi no vite at han i tillegg er ein ærekjær skrytepave med tilbøyelegheit til å gjere narr av andre.

²⁷⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 195

²⁷⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 242

²⁷⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 87-88

²⁷⁷ Sjå ovanfor

Til felles med Skarphedin kan han i tillegg vera vrang. Som vi har sett, er det å vere stillferdig eller smålåten positive kvalitetar som går igjen. Skarphedin er derimot framfus, skarp og flåkjefta, medan Sigmund er både spydig og vrang. Også Torleik vart skildra som vrang og sta, og det same er Uspak, som vi skal sjå nedanfor. Sigmund sin fysikk og rå styrke representerer sjølvsgatt makt, og høve til å dominere andre fysisk. Samhandlinga mellom kroppar balanserte av ulike typar kvalitetar, kan fungere som viktige maskuline indikatorar i rett kontekst. I Sigmund sitt tilfelle, er det at han er «ein god skald og dugeleg i dei fleste idrettar». Ikkje akkurat dei glitrande skotsmåla til Kjartan eller Gunnar, men tilstrekkeleg til at det vert trekt fram blant dei positive sidene hans.²⁷⁸ *Dugeleg* er ein svært vanleg standardformel, som vi elles kan lese som generaliserande omgrep for ymse uspesifiserte maskuline ferdigheiter, ikkje berre naudsynt dei som peiker på det atletiske eller kampdugleik. Om Kjartan kan vi sjå av *fig. 3* at han er «flink med hendene», som også er nærliggjande slik dugleik, og vi ser liknande skildringar hjå Hrut og Hoskuld.

Ein annan som vert skildra som *dugeleg* er Uspak i *Sambandsmennene*:²⁷⁹

Ein mann er kalla Glum. (...) Han var gift med ei kone som het Tordis. Ho var dotter til Ásmund Hærulang, far til Grette Ásmundsson. Uspak het son deira. Han var stor og sterk, men stri og kaut. Han tok tidleg til med fraktfart mellom Strandir og bygdene austafør, og synte seg som ein dugande og kraftig kar.²⁸⁰

Ved første augekast er Uspak ein tilsynelatande formelaktig skildra karakter, og er samstundes den karakteren i *Sambandsmennene* som har mest til felles med andre sagakarakterar.²⁸¹ Han er, med diskutabelt unntak av Ufeig, i tillegg den einaste sentrale av karakterane i *Sambandsmennene* som vert skildra ut ifrå fysiske kjenneteikn. Her er det sedvanlege «stor og sterk», men Uspak skal òg vere «stri og kaut», her i tydinga vrang og overmodig, som minner oss om både Torleik, Skarphedin og Sigmund ovanfor.²⁸² At han er overmodig kan tyde at han har for høge tankar om egne evner, men snarare tvert imot meistrar Uspak overraskande nok det meste han vert utfordra til å ta ansvar for. *Overmodig* tolkar eg difor som at han har ein tendens til å handle før han tenkjer, som dermed vert eit frampeik på korleis han kjem til å

²⁷⁸ Einar Ól. (1954): «at flestum íðróttum vel búinn» (s. 105). *búinn* a. dugande, skikka (Heggstad 2008, s. 96)

²⁷⁹ Magerøy 1976, s. 32

²⁸⁰ Magerøy 1976, s. 32-33

²⁸¹ Magerøy 1976, s. 18

²⁸² Viðar 1997 har «overbearing and very assertive» (s. 285). Mindrebø i: Jørgensen og Hagland 2014 har «ugrei og overmodig», semantisk nærast Guðni 1956: «ódæll ok uppivöðslumikill», som kan omsetjast med «vanskeleg og overmodig».

drepe Våle ved eit uhell.²⁸³ Men før han har gjort noko som helst, får han passet sitt påskrive av Odd Ufeigsson, allereie i det første møtet mellom dei to: «Ikkje har folk mykje godt å seia om deg, og ikkje er du omtykt. Du ser ut som ein luring, slik du òg har ætt til».²⁸⁴ Odd sjølv vert tidleg omtala som ein svært velluka kjøpmann, og ein av dei rikaste mennene på Island. Det er det lite som tyder på når han vert introdusert:

Ufeig hadde ein son med kona si som het Odd. Han var ein vakker gut og tidleg vel utvikla. Men ikkje var far hans noko glad i han, og ikkje var han nokon trottig arbeidskar.²⁸⁵

At Odd har behov for å posisjonere seg over Uspak i det første møtet er truleg både fordi Uspak er tydeleg kroppsleg større og sterkare enn han, og fordi han vert skildra som dugande. På same måte som korleis Connell ser den kroppslege kapasiteten til arbeidarklassemannen som ei økonomisk ressurs, er det arbeidsevna til Uspak som gjev han maskulin status.²⁸⁶ Odd, trass i suksessen han har som handelsmann og storbonde, vert skildra som vakker, men heller arbeidssky. I byrjinga gjev han mest inntrykk av å vera ein *kolbitar* – ein vanleg karaktertype i sagalitteraturen.²⁸⁷ Kroppsleg føler han seg dermed truga av Uspak, og må kompensere for dette gjennom å senke verdien av Uspak sine maskuline kvalitetar. I motsetnad til Uspak synest han eigentleg heller ikkje ha fortent noko som helst, og vi får aldri nokon forklaring for korleis denne døgenikten tilsynelatande over natta kan bli så suksessrik. Uspak er på si side openbert både arbeidsam, lojal, veltalande og gjennomtenkt. Ikkje berre er det tydeleg at han veit å drifte garden til Odd, han er òg såpass flittig og pliktoppfyllande at han skjøttar gødordet til Odd meir enn tilfredsstillande. Vendepunktet kjem når den latente vrangskapen i Uspak trer fram og han viser seg som soga sin klare antagonist. Grunnen til at Odd kan skode Uspak på håra er lesaren difor meint å forstå som eit frampeik gjennom dei negativt lada formlane som vert nytta for å skildre han. Dette understrekar forteljaren gjennom å spesifikt nemne onkelen Grette Åsmundsson i skildringa av genealogi. Som når forteljaren av *Laksdølane* spesifikt koplar Torleik sitt vrange lynne til mora si slekt, vert det i *Sambandsmennene* antyda at Uspak har arva den uheldige disposisjon sin frå morssida. Grette er sjølv hovudpersonen i *Soga om Grette Åsmundsson*, og arven etter han er langt meir alvorleg enn det lynnet Torleik arva. Som ein berykta og brutal fredlaus, var Grette kjend for å vere særst stor av vekst. Og når Odd får endå

²⁸³ Han trudde det var Odd.

²⁸⁴ Magerøy 1976, s. 33. Odd siktar heilt sikkert også til Uspak sin bestefar, Uspak Kjellakson, som er ein antagonist i *Soga om øyrbyggjane* (Jørgensen og Hagland 1997, Vol V, s. 185).

²⁸⁵ Magerøy 1976, s. 29. Jf. Guðni 1956: «Engi var hann verklundarmaður.»

²⁸⁶ Connell 2005, s. 55

²⁸⁷ *Kólbitaren* er forgjengaren til oskeladd-typen i dei seinare legendariske sogene, og deretter eventyra og folkeseigner. Det er den udugelege heimeknekten som ikkje utrettar noko før han dreg ut i verda og søker lukka.

eit høve til å konfigurere relasjonen mellom dei opp mot hegemonisk maskulinitet, nyttar han det til å gjere nettopp dei kroppslege overlegne kvalitetane Uspak har over han, til parodiske overdrivingar. Slik er skildringa Odd gjev av Uspak på tinget:

«Han er stor av vokster og karsleg, har brunt hår og store bein i andletet, svarte augebruner, store hender og digre legger. Heile lekamen hans er uvanleg stor, og han ser på alle vis ut som ein forbrytar.»²⁸⁸

Her ser vi att mange av dei same formlane som vert brukte for å understreke maskulinitet vert overdrivne i så stor grad at dei vert negative. Noko av det finurlege ved handlinga i *Sambandsmennene* er at den verkeleg demonstrerer korleis ei sak kan ha fleire sider, og at velformulert retorikk ofte er den einaste kniven som kan skjere gjennom og etablere kva som er rett og ikkje. Lovmessig og moralsk rett er ikkje naudsynt det same, og Odd si uskuld er i beste fall akademisk gjennom relasjonen til Uspak. Uspak ønskte ikkje å halde gørdordet for Odd i utgangspunktet, men Odd tvang han ta det på seg.²⁸⁹ At Uspak vegra seg for å gje det tilbake handla ikkje berre om at han ville ha det, som han korrekt påpeiker, gjekk Odd juridisk feil fram i prosessen. Ikkje berre er Uspak fysisk dominant, han er faktisk lov-kunnig dominant også. Ved å verkeleg spikre fast at Uspak har eit grotesk ytre, legitimerer Odd sin moralske rett over han, så vel som han vinn den juridiske retten gjennom Ufeig sine prosedyriske krumspring. Med unntak av den korte introduksjonen og Odd sine ord om at han ser ut som ein luring, har vi ikkje fått særleg mange indikasjonar på nokon fysisk likskap med Grette Ásmundsson før dette. Dette er difor eit naudsynt litterært grep for å etablere korleis Odd faktisk har retten på si side.

Odd gjev oss ikkje berre si subjektive mening om Uspak. Han gjev oss eit glimrande døme på ein maskulin konstruksjon som går *for langt*. Uspak ser nesten parodisk trolsk ut slik Odd skildrar han, med sine svære kinnbein, svarte augebryn, og store hender. Det er òg interessant korleis leggane vert nemnde. Uspak har eit særst dårleg utgangspunkt som nevøen til Grette, som vil ha vore velkjend som ein av dei største antiheltane i islendingesogene. Gareth Lloyd Evans gjer ei detaljert lesing av Grette i *Men and Masculinity in the Sagas of Icelanders*, der han mellom anna utforskar det han meiner representerer tydelege *hypermaskuline* trekk i framstillinga. I kontrast til den sedvanlege tanken om at idealisert maskulinitet i islendingesogene er problematisk fordi den alltid er uoppnåeleg, meiner Evans at Grette si

²⁸⁸ Magerøy 1976, s. 52

²⁸⁹ Jf. Viðar Pálsson i: Ármann og Sverrir 2017, s. 221

utfordring er at den overdrivne maskuliniteten hans vert altomfattande. Trass i at han på mange sett nettopp representerer idealet i hegemonisk maskulinitet, vert Grette sitt maskuline uttrykk så ekstremt at han vert utstøytt av samfunnet.²⁹⁰ Det er ein interessant observasjon, særleg sett i lys av introduksjonane av Uspak og Odd . Som vi såg, motstrider folkemeininga og Odd si uttalt personlege meining om Uspak det forteljaren spesifikt uttalar om han. I motsetning til Torleik i *Njálssoga*, som vi berre må stole på har demonstrert sine kvalitetar utanfor forteljinga, har Uspak *synt* seg «som ein dugande og kraftig kar» «mellom Strandir og bygdene austafør».²⁹¹ Dette er performative handlingar, og burde ha hatt ein viss verdi i folkemeininga. I tillegg er dette langt nærare handlinga enn ting som har skjedd i namnlause hallar og tokt. Årsaka til at han likevel ikkje har høgare status er truleg difor den låge ættestatusen hans, og byrden det er å bli assosiert med Grette. Dette demonstrerer verkeleg kor viktig det relasjonelle er, og korleis ein mann sin status kan påverke statusen til ein annan mann positivt eller negativt. Det må meir forhandling til for å overkomme enkelte transgressive kvalitetar enn det Uspak er i stand til. Dei avvikande sidene hans, som altså i stor grad er ufortent gjennom arv og miljø, påverkar han i så stor grad at han ikkje kan kompensere for det sjølv gjennom performativt ideelle maskuline handlingar. Forteljaren skjuler ikkje noko her. Ein kan hevde at den einaste feilen Uspak eigentleg gjer før det skjærer seg, er å gifte seg med Svala utan samtykket til Toraren, den næraste slektningen som rådde for henne. Dette er nemleg ein vanleg trope i sogene, at omstridde giftarmål fører til ulukke, anten det er fordi det er utan kjærleik, utan velsigning frå verje, eller mot nokon sine råd. I *Njåla* gjeld dette sjølv sagt Gunnar og Hallgjerd. Njål rådde imot giftarmålet, og Hrut spådde problem med Hallgjerd allereie i kapittel 1, då ho var barn.²⁹² Og ingen får oppleve dette så til gangs som Gudrun i *Laksdølane*. Gudrun sine draumar spådde ulukke for fire ektemenn.

Ein annan mannleg karakter i *Sambandsmennene* av særleg interesse for oss, er Odd sin far, Ufeig. Som Uspak er også han kjenneteikna av avvikande maskuline trekk. Til motsetjing med Ufeig er han på ingen måte er karakterisert av overdriven maskulinitet. Likevel endar han på alle vis opp på topp, som soga sin klaraste helt. Ufeig vert introdusert på denne måten:

Ufeig het ein mann som budde vest i Midfjord på ein gard som heit Reykir. Han var son til Skide, og mor hans het Gunnlaug. Mor hennar var Jarngjerd, dotter til Ufeig Jarngjerdson austa frå Skörd. Han var gift, og kona hans het Torgjerd, dotter til Våle. Ho var storætta og uvanleg dugande. Ufeig var overlag klok og gløgg

²⁹⁰ Evans 2018, s. 107-143

²⁹¹ Magerøy 1976, s. 32-33

²⁹² Liestøl og Hagland 2008, s. 28

å hitte på gode råder. I alle ting var han ein framifå kar. Men han hadde ikkje god råd. Han åtte store jordvidder, men mindre av lausøyre. Han sparte ikkje på maten for nokon, endå han hadde stort strev med å skaffa det som trongst til hushaldet. Han var tingmannen til Styrme frå Åsgeirså, som då tyktest vera største hovdingen der vest.²⁹³

Skildringa står i sterk kontrast til sonen Odd, som i beste *kolbitar*-stil altså har arbeidd seg opp med to tomme hender til å bli ein av dei rikaste på Island. Her er det første vi får vite den geografiske plasseringa av garden hans, som tener til å forankre handlinga i eit realistisk miljø. Det er kanskje viktigare i denne saga enn i andre; der mellom andre Andersson og Ármann har foreslått at *Njálssoga* kan ha vore meint som ein satire, er det nemleg ikkje mykje tvil over den satiriske handlinga i *Sambandsmennene*. Som Hallvard Magerøy skriv,

(...) ingen annan stad enn i [*Soga om sambandsmennene*] vert det vyrdlause misbruket av rettsapparatet til maktpolitiske føremål den trongsynte juridiske hårkløyvinga og motsetnaden mellom formal jus og røyntleg rettfærd framstelt så åtgildt og så bitande sarkastisk. I [*Sambandsmennene*] er denne tendensen så klår at ein vanskeleg kan fri seg frå trua på at det ligg ein sosial reaksjon bak.²⁹⁴

Magerøy meiner at dette tyder på at *Sambandsmennene* spring ut frå ein god etablert litterær tradisjon, og at saga skil seg frå andre islendingesoger i korleis den langt tydelegare enn andre er einskild komedisk.²⁹⁵ Med det meiner han at der til dømes *Njálssoga* absolutt inneheld klare komiske parti, ligg det sjangerriktig klart tyngre vekt på dei tragiske og episke sekvensane i handlinga. Det finst absolutt døme på karakterkomikk også i dei to andre sogene i kjeldeutvalet.²⁹⁶ Dei komiske karakterskildringane i *Sambandsmennene* er uansett langt meir gjennomgåande. Det er kanskje difor Ufeig heilt frå det første kan skildrast så mykje mindre fordelaktig enn til dømes *Njál*. Som vi ser er det mora, og ikkje minst kona Torgjerd, som har dei gode ætteforbindingane. Vi får faktisk vite noko konkret om Torgjerd før Ufeig sjølv: ikkje berre er ho av god ætt, ho er faktisk «uvanleg dugande».²⁹⁷ Det viktigaste å seie om Ufeig er

²⁹³ Magerøy 1976, s. 29

²⁹⁴ Magerøy 1957, s. 126

²⁹⁵ Magerøy 1957, s. 126

²⁹⁶ Det er til dømes lett å tenkje på Hrut og den store penisen hans (sjå nedanfor), eller Ån Rismage, som drøymde at han fekk det komiske tilnamnet sitt av ei ufyselig kjerring som skar opp magen hans, tok ut innvollane, og fylte den med ris (Fidsjestøl 1994, s. 132). Draumen skulle bli sann nok like etter. Etter at Bolle og osvissønene overfell Kjartan og Ån (eggja til det av Gudrun!), får Ån magen skåren opp, så innvollane heng ut. Han overlever på mirakuløst vis – med tilnamnet Ån Rismage (Fidsjestøl 1994, s. 135). Kjerringa i draumen var naturleg nok Gudrun, som sende Bolle og osvissønene mot Kjartan og Ån, mot trugsel om skilsmisse for Bolle (s. 133)

²⁹⁷ «hinn mesti kvenskörungur». Magerøy skriv at dette sannsynlegvis er mest meint å vere til fordel for sonen Odd; dette er elles første og siste gong Torgjerd vert nemnt i saga (Magerøy 1976, s. 132).

derimot at han er «overlag klok og gløgg å hitte på gode råd»,²⁹⁸ som naturlegvis tener som frampeik på at av dei kvalitetane han måtte ha, er det er desse som vil bli nyttige i handlinga. Han får òg ganske godt skotsmål i å vere ein på alle måtar framifrå kar.²⁹⁹ Likevel vert han audmjuka, for vi får deretter vite at han har dårleg råd og lite gods, sjølv om han eig store eigedomar. Vi har sett korleis rikdom elles er ein viktig maskulin kvalitet, og at mangelen på rikdom kan vere signal om å vere uansvarleg og diverse avvikande åtferd. Årsaka til fattigdomen står i samband med korleis sonen Odd er så lite til hjelp på garden, og at den tydelegvis er vond å drive aleine. Kva hjelp det er i Våle er derimot ikkje godt å seie. I tillegg får vi vite at Odd er så gjevsmild at han deler med andre sjølv når han har lite. Dette er ein tvitydig kvalitet; på den eine sida er det positivt å vere gjevsmild, på den andre sida vitnar det igjen om manglande evne til moderasjon. Likevel skal dette hjelpe til med å gje Ufeig den klart moralske retten mot slutten av saga når han kritiserer til den mektige hovdingen Styrme, som han tener som tingmann for.³⁰⁰ Noko som er påfallande ved skildringa av Ufeig er korleis den skil seg så sterkt ut frå dei andre introduksjonane vi har sett på. Som Njål har Ufeig svært lite av dei definerande kroppslege og heroiske kvalitetane vi ser hjå karakterar som Gunnar. Han er plassert langt frå det vi til no har sett som kriterium for ein normativ hegemonisk maskulinitet. Det spesielle er korleis han i tillegg gjerne representerer marginaliserte maskulinitetar. Dette ser vi særleg tydeleg i i kapittel 5, der vi faktisk får ei fysisk skildring av Ufeig:

Han var tilårskomen. Han bar ei svart ermekappe, og ho tok til å verta sliten. Det var berre ei erm på kappa, og den vende bak mot ryggen. Han hadde ein stav i handa, og i den var det ein brodd. Hetta hans hekk sidt, men augo glytte fram nedunder. Han stappa med staven og gjekk heller lut. Det var gubben Ufeig, far hans, som var komen.³⁰¹

Igjen dette fokuset på kor fattigsleg han er, no ekstra tydeleggjort. Denne skikkelsen er omtrent så langt frå Clover sin *hvatr* som ein kan få det. Mykje av dette ligg i korleis det aller meste vi får vite om han er langt meir fordekt enn dei eksplisitte skildringane og karakterdomane vi har sett. Dette les eg eigentleg som eit frampeik i seg sjølv, eit finurleg litterært grep som speglar det psykologiske spelet Ufeig driv i korleis han manipulerer både sonen Odd og hovdingstanden. Han er bokstaveleg tala fordekt sjølv, av ei kappehette, når han viser seg for

²⁹⁸ «spekingur mikill»: stor vismann eller rådgjevar (Heggstad 2008, s. 584); «hinn mesti ráðagerðamaður»: «den sluaste av menn» (Heggstad 2008, s. 485).

²⁹⁹ «mikilmenni»: stor, gjæv mann i sitt slag (Heggstad 2008, s. 430).

³⁰⁰ Magerøy 1976, s. 72

³⁰¹ Magerøy 1976, s. 47

Odd, og som han på beste dramatiske vis kastar frå hovudet når han leverer sitt retoriske *coup de grâce* i kapittel 10.³⁰² Han vert korkje offer for karakterdom eller sosiale sanksjonar. Men så reddar altså den tilsynelatande skrøpelege og stakkarslege kallen også dagen mot dei rike og mektige hovdingane som har konspirert mot Odd, og vinn fram på alle frontar i saga. Ikkje berre vert han forsona med sonen ved å føre saka til siger, han skaffar sonen kone. Og den no rike sonen, som altså ikkje lenger er nokon udugeleg døgenikt, gjev lovnadar om at Ufeig aldri meir skal vanta på gods.³⁰³

Uspak er elles ikkje den einaste karakteren i kjeldeutvalet som risikerer å bli *for* maskulin. Ein annan kompleks karakter, som også trer inn og ut av protagonist/antagonist-mønstre, har ein avvikande fysikk som skal vise seg så problematisk at det får rettslege og sosiale konsekvensar. I utgangspunktet er han ein «i alle måtar driftig og dugande mann»,³⁰⁴ berserken Hrut Herjolvsson, ein sentral karakter tidleg i både *Laksdølane* og i *Njålssoga*. I *Njålssoga* vert han faktisk nemnd ved namn heile 214 gongar frå han vert introdusert på side 28, fram til han siste gong vert nemnd på side 106. Dette gjer han til den fjerde mest namngjevne karakteren i saga, referert fleire gongar enn sjølv Skarphedin.³⁰⁵ I *Laksdølane* er han namngjeven 92 gongar, frå han vert introdusert på side 23, til han siste gong vert nemnd på side 102. Han vert introdusert på denne måten:

[Hrut] voks opp og vart tidleg stor og sterk, framom alle andre i vokster, høg og herdebrei, smal om livet og vel skapt på hender og føter. Hrut var den vakraste mannen ein kunne sjå, liksom Torstein, morfar hans, hadde vore, eller Kjetil Flatnev. I alle måtar var han ein driftig og dugande mann.³⁰⁶

Og i *Njålssoga* slik: «Hrut var ein ven mann, stor og sterk, vel våpenfør, men stillfarande, ein klok mann, strid mot uvenene sine, men ein god rådgjevar når større saker kom opp».³⁰⁷ Både skildringane prioriterer det ytre og den kroppslege forma hans. At han er «den vakraste mannen ein kunne sjå», samanlikna med Kjetil Flatnev og Torstein Olavsson, er den same typen panegyrisk overdriving vi ser i enkelte av skildringane i *Laksdøla* elles. Ikkje berre er han vakker, han er altså «smal om livet og vel skapt på hender og føter». Hrut er elles ein av

³⁰² Magerøy 1976, s. 72

³⁰³ Magerøy 1976, s. 80

³⁰⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 27

³⁰⁵ Det gjer at det utruleg nok berre er Gunnar (582), Njål (392) og Kåre Solmundsson (277) – altså ikkje Skarphedin (201), som er nemnt fleire gongar enn han. Trass i dette, opptre han berre i ein knapp tredel av forteljinga.

³⁰⁶ Fidjestøl 1994, s. 28

³⁰⁷ Liestøl og Hagland 2008, s. 27

mennene som vart tidleg vaksen, som er viktig å poengtere. Hrut er formelmessig stor og sterk. At han er framom alle andre i vokster, og dei øvrige skildringane av den kroppslege forma hans, både relasjonelt og svært spesifikt, er både for å etablere han raskt som ein truverdig handlande karakter med svært lang forhistorie, som skal kunne interagere som ein verdig likemann med broren, trass i at Hoskuld alt var vaksen då Hrut vart fødd. Genealogien vert her nemnt nesten til sist, før vi får standardformlar som «driftig og dugande», fleire heller vage og generelle kvalitetar. Interessant nok står det ikkje noko om våpenferdigheitene hans, som er påfallande all den tid han skal ha vore ein så stor krigar, noko han på alle vis får demonstrert i *Laksdølane*.³⁰⁸ I *Njålssoga* vert det lagt vekt på at han er stillfarande og klok, «strid mot uvenene sine» og ein god rådgevar, ein klar parallell til Gunnar. Lars Lönnroth representerer ein skule som meiner at *Njålssoga* eigentleg består av tre ulike proto-soger; ein prolog (kapittel 1-17), «Gunnarr's saga» (kapittel 18-99), og «Njáll's saga» (kapittel 100-159).³⁰⁹ Frå dette må vi forstå at Hrut sin funksjon dermed er som den tradisjonelle helten i prologen, rolla Gunnar kjem til å ha i mesteparten av saga. Han går frå hovudperson til antagonistfunksjon etter at Gunnar tek over som hovudperson.³¹⁰ Det er faktisk via Hrut at Gunnar kjem inn i forteljinga; Gunnar vert henta inn for å hjelpe frenden sin Unn i skilsmisseoppgjeret hennar mot Hrut. Seinare giftar elles Gunnar seg med Hrut si niese, Hallgjerd.³¹¹ I *Laksdølane* er denne konflikten berre så vidt nemnt. I staden er fokuset på korleis Hrut kjem til Island for å krevje sin halvdel av morsarven han er skulda, som Hoskuld rår over. Men: «(...) mange sa at det ville bli eit stygt innhogg i rikdommen til Hoskuld i Laksardal, om han skulle betale ut heile morsarven», så han nektar. Etter tre år med juridiske appellar har Hrut fått nok, og stel halvparten av buskapen til Hoskuld. Når broren forsøker å slå tilbake med valdsmakt, synar berserken Hrut seg som overmann, så dei overlevande laksdølane vert nøydde å trygle om grid. Der handlingslamminga hans i *Njålssoga* er representert ved sviktande seksuell prestasjon, som òg fører til at han vert impotent opp mot lova, er det i *Laksdølane* altså først og fremst det uklare rettslege kravet på *morsarven* som gjer han impotent til han kompenserer gjennom valdshandling. Dette er ganske interessant. Den rettslege sfæren i det norrøne samfunnet høyrte mennene til, og kvinnene hadde ordinært sett ikkje tilgang til denne. Det er også difor Unn ikkje kunne føre saka si mot Hrut på eiga hand. Likevel er det i baa sogene i rettslege – og ikkje bokstavelege – slag Hrut vert underdanig; i *Njålssoga* ved at Unn vinn gjennom med skilsmissa

³⁰⁸ Når han for alvor kjem inn i handlinga på side 49, får vi rett nok vite at han er «den fremste i alle mannsverk», og difor høyrde til hirden til kong Harald Gunnhildsson i Noreg (Fidjestøl 1976).

³⁰⁹ Lönnroth 1976, s. 24

³¹⁰ Lönnroth 1976, s. 66

³¹¹ Hallgjerd er elles systera til Torleik og Olav i *Laksdølane*, og dermed tante til Kjartan og Bolle.

mot han, på bakgrunn av den manglende evna hans til å tilfredsstillе henne seksuelt. I *Laksdølane* er det på eit vis motsett; sidan grunnlaget til konflikten mot Unn ikkje vert spesifisert, er det krava hans gjennom mora som er oppe til vurdering. Likevel er det kvinneleg eigarskap og juridisk rett ligg bak trugselen mot manndomen hans i båe tilfella. Og der kravet hans i *Laksdølane* spring ut frå det faktum at mora fødte han, er kravet mot han i *Njålssoga* grunnlagt i at han ikkje kan tilfredsstillе Unn sine kroppslege behov, fordi han implisitt er for stor til å trenge inn. Felles for båe konfliktane er altså at han vert hindra i å handle, og må ty til handlingar som kan kompensere for den manglende evna til å uttrykke maskuliniteten sin. Han kjem til kort mot Gunnar, som dominerer han på alle område, og underkastar seg til slutt. Dette tyder på at Gunnar sin maskuline dominans vert bekrefta.

Der Hrut som berserk først og fremst er krigar, er hovdingen og halvbroren Hoskuld Dala-Kollsson først og fremst ein vismann. Hoskuld, som er far til Torleik, er som Hrut ein av dei sentrale karakterane i første del av både *Njålssoga* og *Laksdølane*. At Hoskuld er ein viktig mann, kjem tydeleg fram allereie i introduksjonen av han:

Hoskuld, son til Koll, var ung då faren døydde, men han var tidlegare fullvaksen i vit enn av år. Hoskuld var ein emneleg og dugande mann. Han tok over heile farsarven med garden Koll hadde budd på. Garden fekk sidan namn etter han og vart heitande Hoskuldstad. Han var snøgt vel likt på garden sin og fekk stønad frå mange kantar, både av frendar og frå venner som Koll, far hans, hadde vunne seg.³¹²

Hoskuld er fokalkarakter frå kapittel 8, og vi får tidleg vite at han er mest kjend som ein klok og fornuftig mann. Det ser vi òg tydeleg i introduksjonen, der han er definert av tidleg visdom som viktigaste karaktertrekk. At dette står i samanheng med at han var ung då faren døydde, må vi lese som at han likevel var i stand til å ta over å vere mannen i familien. Dette vert forsterka av kvalitetane *emneleg* og *dugande*. Deretter får vi vite om rikdomen og innflytelsen han har, både sjølv og gjennom faren sitt namn. Som vi har sett, er økonomisk og sosial makt også maskuline faktorar, som særleg skal indikere at han er ansvarleg. At han var i stand til å ta opp arven – og innflytelsen – etter faren, er openbert meint å understreke akkurat dette. Hoskuld og Hrut er lenge i konflikt over den felles morsarven deira. Der Hrut er seksuelt handlingslamma i *Njålssoga*, er han først og fremst relasjonelt handlingslamma overfor Hoskuld i *Laksdølane*. Han kjem til kort mot Hoskuld sitt avslag om å dele arven med han, og veit ikkje korleis forhalde seg til det. Han vinn først fram når han syner at han er viljug til å

³¹² Fidjestøl 1994, s. 27

handle for å krevje sin rett og demonstrere sin maskulinitet gjennom fysisk makt, og dermed at han er i stand til å rettferdiggjere den.³¹³

Etter Gunnar på Lidarende er Kjartan Olavsson ein av dei klart fremste sagaheltane i heile korpusen. Det er særleg grunna den episke og tragiske kjærleikstriangelen mellom Kjartan, Gudrun og Bolle, som har langt meir til felles med den kontinentale riddarlitteraturen enn sogene elles.³¹⁴ For Kjartan og Gudrun Osvivsdotter ender det ufullendt med Kjartan sin ende for fosterbroren og rivalen Bolle Torleiksson, Gudrun sin ektemann. På dødsleiet innrømmer ho til sonen Bolle Bolleson, «Han var eg verst, han eg elska mest». Kjartan vert første gang nemnt i kapittel 28, som son av Olav På og Torgjerd Egilsdotter.³¹⁵ Her får vi vite at han er kalla Kjartan etter farfaren, irekongen Myrkjartan. Med både kongeblod på farssida og Egil Skalla-Grimsson som morfar, har han med sterke genealogiske band allereie legitimitet som helt, før sjølv introduksjonen av han.³¹⁶ Denne finn stad på den påfølgjande sida:

Kjartan voks opp heime på Hjardarholt. Han var den vakraste av alle menn som var fødde på Island, hadde stort og velforma andlet, utifrå vakre augo og var ljøs på let. Håret var stort og fagert som silke og fall i lokkar. Han var stor og sterk som Egil, morfar sin, eller Torolv. Kjartan tok seg betre ut enn andre menn, slik at alle som såg han, måtte undrast. Han var òg betre våpenfør enn dei fleste andre, og flink med hendene, og han sumde betre enn nokon. I alle idrettar var han langt framom andre, men endå var han meir smålåten og vennesæl enn nokon annan, slik at kvart barn heldt av han; han var gladlyndt og gjevsmild. Olav heldt mest av Kjartan av alle borna sine.³¹⁷

Kjartan vert med ein gong plassert geografisk på Hjardarholt, farsgarden. Det viktigaste vi skal vite om Kjartan, er kor vakker han er. Ikkje berre den vakraste ein kunne sjå, som Hrut, men den vakraste av alle menn som var fødde på Island. Faktisk går dette komparative aspektet igjen – han er stor og sterk (standardformel) *som* morfaren og grandonkelen. Han tek seg ikkje berre betre ut, er betre våpenfør og sym betre enn andre, han er elles overlegen i alle idrettar, og til og med meir beskjeden og vennesæl enn alle andre. Attpåtil er han populær med barn. Som vi har sett med ei rekke andre karakterar så langt, er det ikkje uvanleg med komparative skildringar. I skildringane frå *Njálssoga* ovanfor fekk vi vite korleis Gunnar var meir våpenfør

³¹³ Fidjestøl 1994, s. 51

³¹⁴ Mundal 2013, s. 448

³¹⁵ Fidjestøl 1994, s. 74

³¹⁶ Stamtavla på farssida er truleg rein fiksjon (jf. Fidjestøl 1994, s. 8-9).

³¹⁷ Fidjestøl 1994, s. 75

og skaut betre enn nokon annan, at det ikkje nyttast kappast med han, og at ingen var hans jamlike. Njål var så lovkunnig at det ikkje fanst hans like, medan Skarphedin sprang snøggare enn alle andre. I skildringa av Hrut over fekk vi vite at han er den vakraste mannen ein kunne sjå. Olav På var så ven at ingen var hans like – og interessant nok får vi seinare vite at han er «den vakraste mannen folk hadde sett».³¹⁸ Sjølv samanlikna med desse to er altså Kjartan «den vakraste av alle menn som var fødde på Island». Ved å byggje han opp på dette viset vert han med ein gong ein kontrast for fosterbroren Bolle, som vert introdusert på neste linje:

Bolle, fostbror hans [Kjartan], var òg stor på vokster, og han kom nest Kjartan i alle idrettar og karsverk. Han var sterk og vakker å sjå til, høvisk og staskjær og ein framifrå stridsmann.³¹⁹

Hadde Bolle vorten introdusert på eiga hand, ville han truleg ha utmerka seg på alle måtar. Sett opp mot Kjartan kjem han derimot til kort. Hensikta med dei hyperbole stadfestingane handlar mest om å skilje ut Kjartan som eksepsjonell for å få fram kvifor han og Gudrun er dei rette for kvarandre. Mesteparten av dei overdådige skildringane av Kjartan består av karakteristikkar med lita påverknad på handlinga. Eitt klart unntak er påstanden om at han sym betre enn nokon. Til skilnad frå skildringane av Gunnar og Skarphedin, vert Kjartan sine symjeevner relevant for handlinga i kapittel 40, der han sym om kapp med sjølvaste kong Olav i Noreg.³²⁰ Denne scena inngår i ein større heilskap av innsikt det kroppslege livet i sogene. Islendingesogene inneheld ei betrakteleg mengd kroppslege skildringar, langt fleire enn i tilsvarande litterære tradisjonar frå mellomalderen.³²¹ Ikkje berre er det stort fokus på skildringar av kroppar og utsjånad generelt, det er også svært mange referansar og skildringar til ei tydeleg tradisjon for fysisk aktivitet gjennom leik, sport og idrett. Det har vore vanleg å sjå den store mengda kroppslege skildringar som eit uttrykk for det norrøne synet på arv, eller som Lars Lönnroth, påverknad frå den klassiske fysiognomien, og difor uttrykke ein samanheng mellom kropp og åtferd.³²² Dette er rimeleg eksplisitt i dømet med Uspak. Lönnroth har også foreslått at det kan ha samanheng med den rolla atletiske og heroiske bragder kan ha hatt i dei antatte munnlege førelegga til sogene.³²³ Men eg vil foreslå ein annan måte å tilnærme seg desse kroppslege skildringane, nemleg gjennom forståinga av kroppen som refleksiv praksis og tydinga dette har med interseksjonell identitetsforståing. I scena Bolle og Kjartan møter kongen ved Nidelva, får

³¹⁸ Fidjestøl 1994, s. 53

³¹⁹ Fidjestøl 1994, s. 75

³²⁰ Fidjestøl 1994, s. 106. Scena er elles eit frampeik på at Kjartan vil la seg kristne.

³²¹ Tarrin Wills (2012). «Physiology and Behaviour in the Sagas». *Viking and Medieval Scandinavia*, Vol. 8, s.4

³²² Wills 2012, s.4

³²³ Lars Lönnroth (1965) «Det litterära portättet i latinsk historiografi och isländska sagaskrivning - en komparativ studie». *Acta Philologica Scandinavica* 27, s. 98-99

vi vite at å dra til elva og symje var noko folk gjorde. At Kjartan er så god til å symje, som vi også veit om Skarphedin og Gunnar, må sjølvstyk tyde på at dette er ein aktivitet han har gjort ein del. I motsetnad til ei rekke andre ferdigheiter, som Gunnar si hoppeevne eller Skarphedin sin hurtigheit, kan ikkje symjeferdigheiter aleine bli forklarte gjennom biologisk arv. Han kan sjølvstyk ha hatt talent, men det er ikkje mogleg å dyrke symjeferdigheiter utan å vedlikehalde den. I tillegg veit vi av introduksjonen av han at Kjartan uovertruffen i alskens atletiske ferdigheiter. Der det er vanleg å sjå ein aktiv livsstil i jordbruk eller fiske som kroppsleg stimulerande, kan det ikkje forklare symjeferdigheitene. Eg har allereie synt korleis fysisk tiltalende utsjånad er sentralt i det hegemonisk maskuline idealet. Som karaktertrekk er det representert i introduksjonen av dei fleste karakterane vi har sett på, inkludert Torhall, som elles er definert av å utmerke seg i lovkunne. Eg meiner at dette tyder på at karakterar som Kjartan må ha drive medviten fysisk aktivitet for å vedlikehalde ein veltrena og tiltalende fysikk, og at fokuser på symjing i introduksjonane og scener som denne difor kan vere eit grep for å understreke investering i denne maskuline kvaliteten.

Sogene gjev elles svært mange døme på mannlege karakterar opptre i par, gjerne brør, som Helge og Grim i *Njålssoga*. Slike par kan gjerne opptre i kontrast til kvarandre, anten som ein som er den handlande og ein som er den tenkande, som med Gunnar og Njål, eller ein dugeleg og ein komisk, som Kåre og Bjørn frå kapittel 148 i *Njålssoga*. I tillegg finst det ei rekke mindre sentrale par i alle tre sogene. Mennene i desse parkonstellasjonane komplimenterer kvarandre oftast på eit vis. Ein del er likevel ofte så rudimentale som individ at dei i enkelte tilfelle fungerer som éin komplett karakter.³²⁴ Einar Ólafur meiner dette er tilfelle i dømet Helge og Grim. Kjartan og Bolle høyrer derimot til ein annan type par, som står i opposisjon til kvarandre over å begjære det same objektet – Gudrun.

Med gjennomgangen av formlar i dette kapittelet, vert modellen for hegemonisk maskulinitet modifisert og finjustert: Ein ideelt maskulin mann har eit tiltalende ytre, i form av kraftig kroppsbyggnad og tiltrekkande andletstrekk. Han held fysikken ved like gjennom fysisk aktivitet, og er medviten på utsjånaden ved korleis han kler seg og held håret. Han er arbeidsam og kompetent, og demonstrerer heroiske kvalitetar i form av dådar, dugleik i idrett og i kamp. Han har evne til både handling og moderasjon. Relasjonelt utmerker han seg også gjennom fordelaktige homososiale band og gode ætteband. Han ter seg vel, er veltalende, høvisk og gåvmild. Han er økonomisk ansvarsfull og påliteleg. Presentasjon, både gjennom skildring og

³²⁴ Jamfør Jørgen Olriks sin «tvillinglov» (Einar Ólafur 1971, s. 98)

handling, er med på å definere karakteren, både korleis vi er meint å forstå den, og korleis den vert motteken i samspel med andre karakterar. Sidan ei forståing av maskulinitet er avhengig av ein kontrasterande femininitet, skal vi nedanfor sjå på korleis eit utval kvinnelege karakterar vert introduserte i dei tre sogene.

«Kar eller kvende»: Kjønn, presentasjon og performativitet

Sagalitteraturen er på alle vis dominert av dei mannlege karakterane, og det er i det heile svært få kvinnelege karakterar som utmerker seg eller har tydeleg agens i handlinga. Då er faktisk særleg *Lakdsdølane* den saga som utan tvil har mest interessante og utvikla, kvinnelege karakterar. Men også *Njálssoga* utmerker seg ved enkelte av dei kvinnelege karakterane. Nedanfor skal vi sjå på presentasjonen og introduksjonen av kvinnelege karakterar i alle tre sogene i kjeldeutvalet, i kontrast med korleis dei mannlege karakterane vert skildra.

«Dugande kvende»: Feminine konstruksjonar i sogene

I introduksjonen av Kjartan såg vi korleis han vart skildra som «den vakraste av alle menn som vart fødde på Island». På same måten er den store kjærleiken hans, Gudrun, skildra å vere «den fremste av alle kvinner som voks opp på Island». ³²⁵ Overdrivingane er eit effektivt grep for å kople dei to som karakterar. Vi er meint å forstå at dei bae utmerker seg framfor alle andre på Island. Men dei formlane vi ser i skildringa av Gudrun er ganske annleis dei vi finn hjå Kjartan og andre mannlege karakterar. Samanlikning av skildringane deira illustrerer svært godt skilnaden i korleis menn og kvinner vert presenterte i sogene. Slik vert Gudrun introdusert i *Lakdsdølane*:

[Gudrun] var den fremste av alle kvinner som voks opp på Island, både i venleik og vit. Ho var så fin og høvisk at i den tid syntest det berre barneverk all den pryd andre kvinner hadde imot hennar. Ho var kunnigare enn andre kvinner og betre til å ordleggje seg; gjev mild var ho òg. ³²⁶

Merk at «den fremste av alle kvinner som voks opp på Island» heiter «*kvenna vænst, er upp óxu á Íslandi, bæði at ásjánu og vitsmunum*» hjå Einar Ólafur. Som vi har sett, kan *vænn* ha semantisk tyding som seier noko om indre så vel som ytre kvalitetar. Likevel har Viðar et al. lagt vekt på venleik i den engelske omsetjinga: «She was the most beautiful woman ever to

³²⁵ Fidjestøl 1994, s. 81

³²⁶ Fidjestøl 1994, s. 81

have grown up on Iceland, and no less clever than she was good-looking».³²⁷ Birgit Nyborg har tydelegvis lagt seg tett opptil den engelske omsetjinga, og vald «Hun var den vakreste kvinnen som har vokst opp på Island, og like forstandig som hun var fager».³²⁸ Her er det derimot grunn til å meine at Fidjestøl si omsetjing er nærast. Det er ikkje i *venleik* ho er den beste kvinna, men av *åsyn (ásjón)*. *Vænn* syner her truleg til ein meir ubestemmeleg kvalitet, karakter kanskje, eller korleis ho framstår for andre. Dette vert også spegla i korleis ho er *høvisk*.³²⁹ Som Gudrun vert dei fleste av dei kvinnelege karakterane nesten utelukkande skildra for indre kvalitetar. Ikkje alle kvinner vert ein gong introduserte med særskild karakterskildring, sjølv om dei er viktige for handlinga. Døme på dette er Turid Olavsdotter, Kjartan si syster. Dei kvinnelege karakterane i utvalet i *fig.5* er kvinnelege karakterar som anten er særmerkte gjennom sjølve presentasjonen, eller står i eit særskilt forhold til ein mannleg karakter. Følgeleg består utvalet av Jorunn Kjetilsdotter og Aud Osvivsdotter frå *Laksdølane*, Hallgjerd, Bergtora og Torhalla frå *Njálssoga*, og Torgjerd og Svala frå *Sambandsmennene*.

Ser vi skildringane av dei kvinnelege karakterane i samanheng, er det enkelte openberre trekk går igjen. Særleg vert vi peika i retning av at feminine konstruksjonar er langt meir karakterbetonte enn for mange av mennene. Hoskuld Dala-Kollsson si kone Jorunn er storfelt medan Torgjerd Egilsdotter er stormannsleg – dette er kvalitetar som høyrer saman med dei vi såg om Gudrun. Torgjerd Vålesdotter er uvanleg dugande. Bergtora er dugande kvende og *drengr góðr*. Aud, Svala og Hallgjerd vert ikkje skildra med slike formlar, men Svala er væn som Gudrun, Torgjerd Egilsdotter og Jorunn, medan både Hallgjerd og Torhalla er *kvenna friðust*. Torhalla er også *vel at sér gør í øllu*, som eg tolkar som ein tilsvarande formel til dugande, slik som Bergtora og Torgjerd Vålesdatter. Aud vert derimot skildra gjennom negering av same type adjektiv som vi finn i dei andre skildringane, inkludert *væn*. Sjølv om *væn* kan stå for *venleik*, er det her meir enn grunn til å tru at det står i samanheng med at ho

³²⁷ Viðar 1994, s. 43

³²⁸ I: Jørgensen og Hagland 2014, s. 42

³²⁹ Hjá Einar Ólafur står det berre «*Gudrun var kurteis kona*», altså ikkje «fin og høvisk» (1934, s. 86)

heller ikkje er *gørvilig*, og den typen formlar som for både kvinnelege og mannlege karakterar står for emneleg og dugande.³³⁰

Fig. 5: Feminine konstruksjonar i sogene

Jorunn Kjetilsdotter	«(...) ho var ei ven [<i>væn</i>] og storfelt kvinne [<i>ofláti mikill</i>] og merkte seg ut med god forstand [<i>ok skörungr mikill í vismunum</i> = svært gjævt menneske i forstand].» (Fidjestøl 1994, s. 28, Einar Ól. 1934, s. 16).
Torgjerd Egilsdotter	«(...) ven [<i>væn</i>] og stormannsleg [<i>stórmannlig</i>] og vakkert kledd [<i>ok vel búin</i>].» (Fidjestøl 1994, s. 66, Einar Ól. 1934, s. 65)
Aud Osvivdotter	«Ho var korkje flink eller vakker [<i>ekki var hon væn kona né gørvilig</i>].» (Fidjestøl 1994, s. 84, Einar Ól. 1934, s. 87). Aud er elles den einaste av dei utvalde kvinnene som blir skildra negativt.
Hallgjerd Hoskuldsotter	«(...) ho veks opp og blir den venaste jenta ein kunne sjå [<i>kvenna fríðust sýnum</i>]. Ho var noko storvaksen og vart difor kalla Langbrók. Håret hennar var fagert [<i>fágrhár</i>] og så stort at ho kunne hylja seg i det. Ho var brálynt og hardhuga [<i>skaphørd</i>].» (Liestøl og Hagland 2008, s. 42, Einar Ól. 1954, s. 29).
Bergtora Skarphedinsdotter	«Bergtora heitte kona hans. Ho var dotter til Skarphedin, og eit dugande kvende [<i>kvenskörungr mikill</i>] og gildt menneske [<i>drengr góðr</i>], men noko hardlynt av seg [<i>skaphørd</i>].» (Liestøl og Hagland 2008, s. 58, Einar Ól. 1954, s. 56)
Torhalla Ásgrimsdotter	«Ho var vakrare [<i>fríðust</i>] og førte seg betre enn dei fleste [<i>kurteisust</i>], og tedde seg vel på alle måtar [<i>vel at sér gør í øllu</i>].» (Liestøl og Hagland 2008, s. 66, Einar Ól. 1954, s. 73).
Torgjerd Válesdotter	«Ho var storætta og uvanleg dugande [<i>ættstór kona og hinn mesti kvenskörungur</i> = «den mest dugande/gjeve kvinna»].» (Magerøy 1976, s. 29, Guðni 1956)
Svala	«Svala var ung og vakker [<i>væn kona ok ung</i>].» (Magerøy 1976, s. 37, Guðni 1956)

Tabellen syner ordlyden i karakterintroduksjonar av kvinnelege karakterar i dei tre sogene. Der det er rom for etymologisk variasjon som kan påverke tolkinga, er dei tilsvarande norrøne omgrepa spesifiserte.

³³⁰ Jamfør korleis til dømes Hoskuld Dala-Kollson er «*vænn maðr ok gørvilig*».

Det vert klart gjennom korleis vi er meint å lese henne som motsetnaden til ektemannen Tord Ingunnson, som er, «ein vakker og djerv kar, mykje for seg og god til å føre saker».³³¹ Vi får også vite at Tord berre har gift seg med Aud for rikdomen den gjæve ætta hennar kunne by på. At dei to er motsetjingar er sjølv sagt eit frampeik på konflikt. I ei av dei mest minneverdige scenane i Laksdølane får vi vite korleis Aud og Tord vert skilt.³³² I opptakten til scena får vi vite at Tord og Gudrun Osvivsdotter er blitt vel nære, trass i at båe er gifte. Etter at Gudrun sin mann, Torvald, slår henne for å vere kravstor, pønskar Tord ut ein plan for å få Gudrun skild frå ektemannen. Gudrun syr Torvald ei skjorte som har så stor utringing at brystvortene hans syntest.³³³ Torvald går intetanande i skjorta, som gir Gudrun retten på si side for å skilje seg frå han. Mannen kler seg nemleg for feminint. Det einaste som står mellom Gudrun og Tord er då Aud, og dei nyttar det same motivet for å kvitte seg med ho, ved å sette ut eit rykte om at Aud kler seg i brok med bakstykke, eit maskulint klesplagg. I båe tilfella handlar det om kjønnsperformativitet, subversjon og transgresjon av kjønnsroller, normer, juridisk lov, og sosiale forventningar. Dette kjem eksplisitt fram i dialogen mellom Tord og Gudrun i forkant av at han følgeleg skil seg frå Aud:

[Gudrun sa:] «Er det sant, Tord, at Aud, kona di, jamt går i brok med bakstykke, vikla med band heile ned til skorne?»

Han svara at det hadde han ikkje sett noko til.

«Det er vel lite i det, då,» sa Gudrun, «når ikkje du har sett det, men kvifor skal ho då heite Brok-Aud?»

Tord sa: «Eg kan ikkje tru det er lenge ho har vore kalla så.»

Gudrun svara: «Det er verre for henne at ho skal bere dette namnet lenge heretter.»

Deretter kom folk til tings, men det er ikkje noko å fortelje frå det. Tord var lenge i bua til Gjest og tala jamt med Gudrun. Ein dag spurde Tord Ingunnsson henne kva følgjer det kunne få om ei kone jamt gjekk i brok som ein kar.

Gudrun svara: «Same straff er det for koner på deira side som for ein kar om han har så stor halsopning at brystvortene hans er synlege; båe delar er skilsmålsgrunn.»

Då sa Tord: «Kva rår du meg til, at eg seier meg skild frå Aud her på tinget eller heime i heradet, der eg kan gjere det med råd frå fleire? For det er ærekjære folk som vil kjenne seg krenkte ved dette.»

Etter ei stund svara Gudrun: «Modlaus mann til kvelds biar.»³³⁴

³³¹ Fidjestøl 1994, s. 82

³³² Fidjestøl 1994, s. 82

³³³ Fidjestøl 1994, s. 89

³³⁴ Fidjestøl 1994, s. 89

At det var ulovleg for kvinner å kle seg i mannsklede veit vi faktisk av *Grágás*.³³⁵ Her heiter det, «Dersom en Kvinde klæder sig i Mandfolkeklæder eller skjærer sit Haar eller bærer Vaaben, for at være anderledes end andre, er Straffen Landsforvisning».³³⁶ Men i forteljinga er det ikkje noko teikn på at Aud risikerer å bli bannlyst. Konsekvensen her er skilsmisse. Og når Aud etterpå hemnar seg på Tord ved å *faktisk* kle seg i brok og går til åtak på mannen med sverd som etterlet han med sår på brystvortene, vanlegvis lese som symbolsk effeminsiering og emaskulering, vel Tord å la det ligge, trass i den strenge straffa ho potensielt stod ovanfor, og at det tok han lang tid å lege sára sine.³³⁷ I følgje Gareth Lloyd demonstrerer Aud tydeleg korleis ho uomtvisteleg framleis vert forstått som ei kvinne, sjølv om ho i handling vert kjønna som mannleg.³³⁸ Det er i første omgang klesplagget ho vert assosiert med som kjønna ho, men også den reint maskuline åtferda når ho tek hemn.

Men presentasjonen av Aud er ikkje den einaste av dei kvinnelege karakterintroduksjonane som byr på frampeik gjennom å skildre karaktertrekk som vil få berande relevans for handlinga. Jorunn er usedvanleg klok, som kjem fram når ho grip inn i konflikten mellom mannen Hoskuld og Hrut. Det skjer etter at Hrut har fått nok av å vente på at Hoskuld skal dele morsarven med han, ikkje lenger er handlingslamma, og demonstrerer at han er viljug og i stand til å kjempe for retten sin. Dette får det til å koke over for Hoskuld, som vert «vill og galen», og vil drepe Hrut.³³⁹ Då tek Jorunn styringa. Ikkje berre påpeiker ho skamma det ville påføre Hoskuld om han stod for brordrap, ho kompenserer også med moderasjon og fornuft der Hoskuld reagerer emosjonelt. Ho tek med det posisjonen som den kloke parten. Også skildringa av Hallgjerd sitt hår har funksjon som frampeik. Denne skildringa er i det heile noko uvanleg. Som vi ser er Hallgjerd er den einaste av kvinnene i utvalet som vert skildra fysisk, og som vi skal sjå nedanfor, er hår vanlegvis ein reint maskulin markør. At håret hennar vert difor skildra på denne måten har samanheng med kor viktig det vert for handlinga. Det vert klart når Gunnar står på sin siste skanse, omringa av fiendar som vil drepa

³³⁵ Jørgensen i: Haugen (red.) 2013, s. 280. Den arnamagnæanske samling ved Árni Magnússon-instituttet på Island har to fragment frå siste halvdel av 1100-talet (AM 315 d fol.), blant dei eldste islandske manuskripta som finst (Anthony Faulkes (2011). *A New Introduction to Old Norse. Part II. Reader*. Exeter: University College of London, s. 387). Elles er lova bevart i *Konungsbók* (GKS 1157 fol) og *Staðarhólsbók* (AM 334 fol.), baa truleg frå siste halvdel av 1200-talet.

³³⁶ «Ef kona klæðiz karl klæðom eþa sceR ser scavr eþa feR með vápn fyrir breytni sacir. þat varðar fiórbaugs Garð.» (Vilhjálmur Finsen (1872). *Grágás. Islændernes lovbog i fristatens tid*. København: Brødrene Berlings Bogtrykkeri, s. 455-456.

³³⁷ Fidjestøl 1994, s. 91. Dette er elles eitt av dei mange døma på kvifor immanente lesingar av verka er verdifulle i seg sjølve.

³³⁸ Evans 2019, s. 12-13

³³⁹ Fidjestøl 1994, s. 51

han, og bogestrengen hans ryk.³⁴⁰ Han bed Hallgjerd om to lokkar av håret hennar til ny bogestreng, men ho nektar, og minner han om lovnaden ho gav han den eine gangen han løfta hand mot henne, at det ville ho betale tilbake. Dermed er Gunnar sin lagnad signert.³⁴¹ Dei to kvinnelege karakterane frå *Sambandsmennene* har derimot ikkje særleg mykje å gjere i si søge. Introduksjonen er faktisk einaste gongen Torgjerd vert nemnt. Det er likevel verd å påpeike at også dei to korresponderer til mennene sine: Uspak er rett nok også ung, men han er i alle fall alt anna enn ven. Ufeig si ætt vert berre skildra på morssida, og han er rett nok klok og gløgg og ein framifrå kar, men han er openbart ikkje særleg dugande med økonomien, eller til å drive garden sin sjølv. Også Hallgjerd og Bergtora er på mange vis motsetnader til mennene sine. Hallgjerd er rett nok vakker og formidabel, men forutom introduksjonen over vert Hallgjerd først skildra som barn, med dei illevarslande orda til onkelen Hrut: «Fager er denne jenta [*Ærit fōgr er mæer sjá*], og det kjem mange til å svi for. Men ikkje skjønar eg korleis tjuvsaugo er komne inn i ætta vår.»³⁴² Både lynnet og særleg tjuveaugo hennar står i sterk kontrast til den gjevsmilde og stillfarande Gunnar, med sine blå og gløgge auge. Kontrasten mellom Bergtora og Njål vert eksplisitt formidla gjennom Hallgjerd, men allereie i introduksjonen skil Bergtora seg ut med karakteristikk som vanlegvis høyrer til menn, medan Njål ikkje vert skildra med nokon slik formel. *Drengr góðr* er ein maskulin markør for «mannleg», og formelen er vanlegvis brukt om modige eller kapable menn.³⁴³ Elles er lite som skil dugande kvinne/*kvenskörung* frå *drengr góðr*. At også kvinner kan vere *mannlege*, tyder dermed på at dei kunne utøve mannleg kjønna handlingar utan at det går på kompromiss med henne som biologisk kvinne. Ho er trass alt først og fremst ei dugande kvinne. Bergtora sin performative maskulinitet vert då også medverkande til konflikten mellom Bergtora og Hallgjerd. Det skjer i kapittel 35: Njål og Bergtora har bede Gunnar og Hallgjerd til gjestebod, men Bergtora fornærmar Hallgjerd når ho let si nye svigerdotter, Torhalla, få det gjeve setet Hallgjerd sit på. Hallgjerd betaler tilbake ved å spotte Bergtora for å ha «kartnagl på kvar finger», som er teikn på hardt nevarbeid, medan Njål altså er skjegglaus. Hallgjerd insinuerer at Bergtora, med sine arbeidshender, er mannen i ekteskapet, medan den mjukkinna Njål, er kvinna.³⁴⁴ Når Hallgjerd kommenterer denne subversjonen av kjønnsrollene lukkast ho å tirre Bergtora. Fram til Hallgjerd sette ord på det, var det openbert uproblematisk at Bergtora var «mannen» i forholdet.

³⁴⁰ Liestøl og Hagland 2008, s. 142

³⁴¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 142

³⁴² Liestøl og Hagland 2008, s. 28, jf. Einar Ólafur 1954, s. 28

³⁴³ Jf. Heggstad 2008, s. 113. Liestøl har her omsett med «menneske» (2008, s. 58), medan Viðar *et al.* har «fine person» (Viðar 1997, s. 25).

³⁴⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 77

Hallgjerd sin kommentar etablerer eit innblikk i forståing for skilnaden mellom menn og kvinner, og kor viktig presentasjon er i sosial kontekst. Dette er noko Skarphedin seinare eksplisitt set ord på: «Vi ber oss då ikkje som kvinnfolk»,³⁴⁵ i kapittel 44, eit godt stykke ute i ein allereie etablert feiden mellom Bergtora og Hallgjerd.

Sjølv om fleire av kvinnene vert skildra for utsjånaden, er det som med mennene ingen av dei som på noko vis som gjev oss eit inntrykk av korleis dei faktisk ser ut. Men der nokre av mennene vert skildra for heilt spesifikke karaktertrekk, som nase, lepper eller auge, er det altså berre Hallgjerd sitt hår som får same merksemd som hos mennene. Det mest interessant er korleis måten kvinnelege karakterar vert introdusert på anten komplimenterer eller utfyller mennene dei er assosierte med, eller inneheld frampeik for handlinga. Gudrun og Kjartan speglar kvarandre, men Aud er rake motsetnaden til Tord, medan Bergtora utfyller dei tradisjonelt maskuline kvalitetane til Njål. Sjølv om det har vore gjort mange studie av kvinnelege karakterane i sagalitteraturen, meiner eg at ei nærare undersøking av nettopp desse forholda kan halde potensiale for nye funn. I denne oppgåva er det diverre berre rom for å nemne dette gjennom denne digresjonen. Men nedanfor skal vi sjå nærare på performative kjønnsuttrykk i dei tre sogene, sett opp mot hegemonisk maskulinitet.

Skarlatskåper og *litklæði*: Klede

I *Laksdølane* er klesdrakt så tydeleg knytt til kjønn at konkrete klesplagg vert legitime – og allment aksepterte – grunnar for skilsmisse. Men også i Njålssoga finn vi døme med grunnlag for tolking i same retning. I kapittel 118 ler njålssønene av fosterbroren Torhall Ásgrímsson, fordi han går kledd i «ei brunrandut kuft». ³⁴⁶ Hjá Einar Ólafur heiter kufta kast, ifølgje Ármann eit kvinneplagg. ³⁴⁷ Torhall, som tidlegare er nemnd som «ein av dei tre lovkunnigaste menn på Island», ³⁴⁸ tek seg visst ikkje nær av dette, men kontrar med at han skal kaste kufta den når han ein dag skal «ta opp ettermålet» etter Njål. ³⁴⁹ Torhall er trygg nok på sin eigen maskulinitet til at insinuasjonen over at han kler seg mindre maskulint i fosterbrørne sine auge, ikkje får konsekvensar. I staden er det njålssønene som vert stilt til bry, då Njål sjølv anerkjenner Torhall sin klokskap: «Du vil syna deg best når det mest røyner på». ³⁵⁰ Torhall er

³⁴⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 94

³⁴⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 203-204

³⁴⁷ Einar Ólafur 1954 og Ármann 2007, s. 198. Einar Ól. Sveinsson finn berre denne eine nemninga av ordet i islandske mellomaldertekstar, seier Ármann.

³⁴⁸ 2008, s. 195

³⁴⁹ 2008, s. 204

³⁵⁰ Liestøl og Hagland 2008, s. 204

ikkje den einaste som vert gjenstand for særleg Skarphedin sine førestillingar om kva som er passande mannsklede eller ikkje. Som følge av feiden mellom Bergtora og Hallgjerd, eggjar på eitt tidspunkt Bergtora sønene til å hemne seg på skalden Sigmund Lambasson, for eit spottevers han og Hallgjerd har laga om Njál og njálssønene. Når dei nærmar seg den uforvarande Sigmund, som er ute for å sjå til stodhestane³⁵¹ på Fljotsli, fnys Skarphedin av han for å vere ein «raudalv», altså at han meiner at Sigmund er ein jalebukk. Sjølv om han berre er ute og ser til hestane til Gunnar, går Sigmund nemleg kledd i litklæði, «farga klede» i den norske omsetjinga.³⁵² Slike klede ofte er ein indikator på status, men her insinuerer Skarphedin at farga klede er eit uttrykk for manglande maskulinitet.³⁵³ Dette trass i at Skarphedin sjølv har «farga klede» ved minst to høve i saga. I kapittel 92 er det spesifisert om Skarphedin og følgjet hans at, «Alle hadde farga klede», og Skarphedin sjølv er skildra kledd i blå kufte.³⁵⁴ Her er det sannsynleg at det er tale om fargesymbolikk. Merk at omgrepet for klesdrakta brukt i Einar Ólafur 1954 er blár. Viðar Hreinsson og det redaksjonelle teamet bak *The Complete Sagas of Icelanders* kommenterer dette i referanseseksjonen i band V, som ein variasjon mellom tydinga av blár i moderne islandsk, og ei opphaveleg, meir tvitydig meining på norrønt som truleg var nærare det vi ville kalle blåsvart i dag. Joseph Harris har poengtert korleis sagakarakterar fleire stader vert skildra som kledd i blár klesdrakt forut for at dei drep nokon.³⁵⁵ Finn Hansen har analysert bruken av ordet blár i den norrøne litteraturen, og funne at det ofte ser ut til å vere intendert symbolikk som konnoterer død og Hel.³⁵⁶ Kristen Wolf støttar synet på denne symbolikken, og finn fleire døme på at menn kler seg i blå klede når dei har til hensikt å drepe nokon, mellom anna i *Tätten om Bolle Bolleson*.³⁵⁷ Og allereie neste side utfører Skarphedin sitt risikable «karstykke», når han hoppar «tolv alen over Markarfljot» for å drepe Tráin Sigfusson. Han kler seg igjen i blått når han og brørne går frå bod til bod på Alltinget for å skaffe juridisk støtte i kapittel 120.³⁵⁸ Denne gongen er han i blått frå topp til tå, nøysamt skildra med både blå kjortel, blåranda brok, sølvbelte og silkeband om hovudet, og med øksa han drap Tráin med.³⁵⁹ Det er med andre ord ikkje det åleine å gå med farga klesdrakt som gjer at

³⁵¹ Hingstane

³⁵² Liestøl og Hagland 2008, s. 95

³⁵³ Liestøl og Hagland 2008, s. 95). Sjølv om spotten «Ser de raud-alven?» har vore tolka som seksuelt nedsetjande (Ármann 2007 s. 192) er det for øvrig framleis oppe til diskusjon kor vidt alvar faktisk hadde metaforisk samanheng med kjønna åtferd.

³⁵⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 170

³⁵⁵ Harris, Joseph (1975). *Ögmundar þátrr dytts ok Gunnars helmings: Unity and Literary Relations*. ANF 90, 1975, s.156-182;

³⁵⁶ Hansen, Finn. (1979). «Benbrud og bane i blaatt». *Scripta Islandica* 30, s. 13-24

³⁵⁷ Wolf, Kristen (2006). The Color Blue in Old Norse-Icelandic Literature. *Scripta Islandica*, 57, s. 71.

³⁵⁸ Liestøl og Hagland 2008, s. 209

³⁵⁹ Liestøl og Hagland 2008, s. 209

Skarphedin meiner Sigmund er feminin. Her må det i staden vere tale om relasjonelle og kontekstuelle faktorar. Skarphedin kritiserer Sigmund sine farga klede fordi han kler seg på denne måten når han berre er ute og gjer gardsarbeid. Når Skarphedin kler seg i farga klede, er det derimot som eit medvite verkemiddel og eit synleg og visuelt signal på at han er kapabel til vald. Det representerer hans fysiske evne til undertrykkje – og drepe, som med Tråin, medan Sigmund, som jålar seg til utan grunn, difor er ein «raudalv». Ei anna scene der potensielt feminiserande klesplagg står sentralt, finn vi i kapittel 123, som handlar om forliket etter drapet på Hoskuld Kvitanes-gøde.³⁶⁰ I godset som skal betale manneboten, legg Njål ei sid silkekåpe. Når Flose går over godset, reagerer han på kåpa, som han openbert tolkar som feminin:

Så tok han opp kåpa og spurde kven som kunne ha gjevi den, men ingen svara han. Han vifta med kåpa ein gong til og spurde leande kven som kunne ha gjevi henne. «Kan det vera slik,» spurde han, «at ingen av dykk veit kven som har ått denne kledningen, eller tør de ikkje seia meg det?»³⁶¹

Motivasjon eller ei, Flose skjønar med éin gong kven som står bak. Men den kraftige reaksjonen hans handlar om noko anna. Opptakten til den finn vi i kapittel 116, der Flose kjem på vitjing til Hoskuld si enke, Hildegunn.³⁶² Flose er den næraste slektningen Hildegunn har, og ho forsøker å smiske med Flose for å få han til å ta hemn over njålssønene. Flose er derimot uvillig, fordi han ser fornufta i å la den mektige Njål gjere opp, noko han då òg alltid har kunne forvente av han. Hildegunn let seg ikkje avfeie, og når ingenting anna ser ut til å fungere, legg ho den blodige kappa Hoskuld vart drepen i, som ho har samla blodet hans i, over Flose, så det drypp rundt han. Samstundes forbannar ho han i Guds og Kristi namn, og på manndomen hans, om at dersom han ikkje hemnar Hoskuld og dei andre ofra, «så heit kvar manns niding!».³⁶³ Dette er ei svært symbolsk handling, som gjer sterkt inntrykk på Flose: «Det koka så i Flose at andletet hans stundom var raudt som blod, stundom bleikt som gras og stundom svart som hel».³⁶⁴ Flose ser silkekåpa som ein parallell til den blodige kappa til Hoskuld. I tillegg til å bli minna om den uhyggelege og nedverdige handlinga han vart utsett for, les han ei fornærming i korleis denne er lagt i haugen, og spelar på Hildegunn sine ord om at han er niding – umaskulin – om han ikkje vil ta blodhemn. Dette sjokkerer han såpass at han misser den

³⁶⁰ Liestøl og Hagland 2008, s. 215.

³⁶¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 215

³⁶² Liestøl og Hagland 2008, s. 200

³⁶³ Liestøl og Hagland 2008, s. 201. Merk at m.a. Jenny Jochens meiner at kåpa kan ha vore meint for ein mann, eller bae kjønn, men at støvlane – *bótar* – er kvinnestøvlar, fordi *skóar* ville meint mannssko (1991, s.11 og 26). Då er det i så fall ikkje lett å forstå kvifor det er kåpa Flose er oppteken av.

³⁶⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 202

beherska maska han til no har vist på tinguet. Han ler vantru av det han finn, og kjem med ei småleg fornærming av Njål:

Skarphedin sa: «Kven meiner du har gjevi henne?»

«Om du vil vita det,» seier Flose, «så skal eg seia deg kva eg trur. Eg tenkjer far din har gjevi henne, den skjegglause kallen, for mange som ser han, veit ikkje anten han er kar eller kvende.»

Skarphedin sa: «Det er stygt gjort å sneia han, den eldgamle mannen. Ingen bra mann har nokon gong gjort det. De skulle kunna vita at han er mannfolk, for søner har han fått med kona si, og få av frendane våre har legi ubøtte ved gjerdet vårt, utan at vi har teki hemn.»³⁶⁵

Skarphedin tek kåpa tilbake, og kastar ei blå bukse til den forfjamsa Flose. Den har du nok meir bruk for, seier han, «om det er rett det folk seier at du er jenta til Svinafellsrisen, og at han gjer deg til kvinnfolk kvar niande natt».³⁶⁶ Flose ser silkekåpa som ein trugsel mot sin eigen maskuline status, og reagerer ved å forsøke å avleie trugselen ved å rette merksemda mot den velkjend skjegglause Njål. Men Njål er som vanleg ikkje affisert, og det er Skarphedin som svarar med å snu posisjonane. Njål har trass alt seks barn, påpeiker han, som i tillegg har prøvd seg som menn gjennom å forsvare si maskuline ære. Dette er tydeleg nok prov på Njål sin maskulinitet, meiner han. Flose, derimot, har ingen barn. Det poenget aleine hadde truleg vore nok for å vende saka til Njål sin fordel. Men Skarphedin held ikkje band på seg. Den sjokkerande fornærminga vert difor ståande som det store overtrampet her, ikkje klaginga av Njål. Å overdrive om noko som ikkje finst eller kan vere, var faktisk ulovleg etter Gulatingslova.³⁶⁷ Om kåpa er meint som ein medviten strategi frå bergtorskvalfolket er vanskeleg å seie. Som vi såg, var det Njål sjølv som la henne i haugen. Han har ingen tydeleg motivasjon for å sabotere forliket. Fleire forskarar les kåpa som velmeint, mellom andre Einar Ólafur, som baserer dette på det han meiner var vanleg praksis for å syna særskild velvilje, ved å leggja til gull eller kostbare eigedelar som overgår den avtalte erstatninga.³⁶⁸

³⁶⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 215. Sjå meir om denne scena nedanfor.

³⁶⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 215. Det er for øvrig potensielt andre gongen Skarphedin koplar overnaturlige vesen med overskridande seksualitet (sjå nedanfor).

³⁶⁷ Å overdrive om noko som ikkje finst eller kan vere, var ulovleg etter Gulatingslova (Einar Ólafur 1954, s. 313f). Å hevde at han er nokon annan si kvinne kvar niande natt er elles ei fornærming som óg er å finne i *Soga om Króka-Rev* (Hagland og Jørgensen III (2014), s. 398) og i «Tåtten om Torstein Side-Hallsson» (Ivar Berg i: Hagland og Jørgensen IV (2014), s. 411). I båe tilfella er det usanne rykte sette ut med viten og vilje. Det er ikkje kjend kva som ligg bak utsegnen om Svinafellsrisen, berre at Skarphedin med vilje no gjer det umogleg å nå noko forlik (Ármann Jakobsson (2023) «Cursing with trolls in Njáls saga». *Orð og tunga* 25, s. 8). Verd å merke seg er det elles at Flose seinare drøymmer at han møter ein overnaturlig skapning nær Lomagnup-fjellet, ikkje langt frå Svinafell, som spår døden for mange av Flose sine medskuldige i brenninga av Njål og familien (kap 133, s. 235).

³⁶⁸ Einar Ólafur 1954, s. 292

Skarphedin er både i denne scena og dei nemnd ovanfor, framstilt på ein måte som må verke trugande på dei som er til stades. Hallvard Magerøy meiner dette er døme på skildringar som er meint å gje eit generelt bilete av korleis Skarphedin er til vanleg, og litterært sett difor berre er meint å dra merksemda fullt og heilt til han.³⁶⁹ På generelt grunnlag har Magerøy openbart rett, men eg er ueinig med han i akkurat dette konkrete dømet. Lese i samanheng med døma ovanfor, ser vi at Skarphedin fleire gongar er kritisk til korleis folk kler seg, og som han finn upassande. Skarphedin er også skildra som ein «staseleg mann», trass i at han elles er mindre pen enn brørne. Semantisk variasjon til sides er det rimeleg å tolke dette som at han veit korleis kle og bære seg korrekt, anten det er for å gå i strid eller til tings. Det gjentakande fokuset på dei flotte klesdraktene hans vitnar om dette. Etter åtferda og utsegna hans å døme er han såpass grovskoren at ein kanskje elles skulle tenkje seg han var heller uflidd. Det er derimot aldri. Det er difor meir truleg at Skarphedin er heller kalkulert i måten han presenterer, og med det sjølvmedviten sin eigen kroppsrefleksive praksis. Som vi såg ovanfor, kunne det å vere kledd i *blá* klede gjerne vere eit symbol på at ein mann skulle bu seg på å slå ein annan ihel, og i båe scenane er det nettopp dette Skarphedin signaliserer. Kombinert med det folk veit om han frå før, er det ein temmeleg effektiv strategi for å halde situasjonen spent men høfleg. Slik eg les skildringane ligg det difor klart eit medvite performativt uttrykk bak måten Skarphedin kler seg, som skapar tydelege forventningar både hjå lesaren og hjå andre karakterar. Han er truande til å drepe, så her er det best å oppføre seg. Den blå/blåsvarte klesdrakta er på den måten eit symbol på valdsmakta hans, og ein strategi for å utfordre og dermed posisjonere seg over andre.³⁷⁰

³⁶⁹ Magerøy 1956, s. 133

³⁷⁰ Det finst elles eit anna døme med liknande symbolikk, som derimot er langt mindre tydeleg, og vanskelegare å forstå. Interessant nok er det i ei skildring av Njál. Denne finn stad etter at Mår Valgardsson har manipulert njálssønene til å drepe Hoskuld Kvitanes-góde. I hendingane som leier opp til dette, driv Mår med mykje baksnacking til Hoskuld og njálssønene om kvarandre. Mellom anna seier han til Hoskuld at ei øks som ein gong datt ut av beltet til Skarphedin var prov på at han meinte å drepe Hoskuld. Hoskuld avfeier dette; det var vedøksa til Skarphedin, og han såg sjølv at han stakk henne i beltet (Liestøl og Hagland 2008, s. 193). Njál rir saman med sønene til tings, for å mekle til forlik i drapssaka. På vegen dreg dei innom Ásgrim Ellida-Grimsson, far til Torhall. Njál rir inn på garden, og vi får denne skildringa: «Njál hadde blå kappe og filthatt på hovudet og ei stuttøks i handa. Ásgrim lyfte Njál av hesten, bar han inn, og sette han i høgsetet.» (Liestøl og Hagland 2008, s. 204).

Her er fleire ting å pakke ut. Først den blå kapp. Hjå Einar Ól. 1954 heiter det, «blári kápu» (s. 296), og hjå Viðar 1997 «*black* [sic] cape» (s. 138).³⁷⁰ I Jørgensen og Hagland 2014 har Jan Gunnar Hagland gått for «mørkeblå kappe» (s. 140). Igjen er fargen *blár*, med andre ord sannsynligvis blåsvart. Lese i samanheng med det vi såg om fargen *blár* ovanfor, er det påfallande korleis Njál ikkje berre har vald å kle seg slik, men også at han held ei øks i handa.

Ásgrim «lyfte Njál av hesten» (Einar Ól. 1954: «Ásgrimr tók Njál af hestinum» (s. 296)), og bar han inn, som om han var invalid eller eit barn – eller kanskje som ein romersk keisar. Men han set han i høgsetet, og markerer med det kor høgt han set Njál. Samanliknar vi med scena der Flose kjem til Hildegunn og får den blodige kapp til Hoskuld kasta over seg, skulle ein tru dette var upassande: «Korkje er eg konge eller jarl, og det er ikkje

Eit siste døme på tilsynelatande transgressiv klesbruk frå *Njålssoga*, kjem like før sjølv brenninga av Njål og familien.³⁷¹ Flose og mennene hans har omringa garden, og Flose har gått med på å la alle kvinner, barn og huskarar forlate huset. Likeins Bergtora og Njål sjølv; det er berre njålssønene han er ute etter. Når kvinnene skal ta til å gå ut, erklærer Helge si kone Torhalla at ho, «skilst med Helge på anna vis enn eg ein gong tenkte, men eg skal eggja far min og brørne mine til å hemna den mannskaden som her vert gjort».³⁷² Njål anerkjenner at ho «vil nok gjera det vel, for du er ei god kvinne». Dette beveger tydelegvis kona til Grim, Astrid frå Djupåbakke. Ho foreslår å redde Helge ved å forkle han i kvinneklede.³⁷³ Helge er først motvillig, men let kvinnene kle han i kvinnekappe (*kvennskikkja*) og hovudduk (*hofuðúkr*). Flose gjennomskodar forkledninga med det same: «Det var ei høg kone og brei over akslane. Ta og hald henne.»³⁷⁴ Trass i at han har sverdet klart, og rekk å hogge foten av ein mann, misser han på hovudet til Flose. At det i det heile er ein grov transgresjon for Helge å kle seg som ei kvinne, får ingen sosiale konsekvensar. Visst misser han livet, men han døyrr som ein krigar, etter å ha kasta av seg kvinnekappa. Ármann meiner var nok til å ivareta æra som ein mann,³⁷⁵ men det står derimot ingenting om at han tar av hovudduken. Dette utvilsamt kvinnelege hovudplagget er moglegvis ikkje berre ein duk; *hofuðúkr* kan ifølgje *Norrøn ordbok* også tyde eit slør.³⁷⁶ Det som talar for det siste, er at det er ein klart betre forkledning enn berre ein duk – takka vere spotteverset til Hallgjerd og Sigmund veit vi godt at Helge har skjegg. Uansett misser han tydeleg ikkje ære her. Som Ármann også påpeiker, vert faktisk drapet på Helge ein av dei viktigaste skuldingane mot Flose under rettssaka seinare. Dette er ein av dei motsetnadane mellom levd liv og lov som avslører den tekstlege ideologien Ármann

turvande å gjera høgsete ider meg, og det er ikkje verdt å spotta meg.», sa Flose når Hildegunn ville ha han i høgsetet (Liestøl og Hagland 2008, s. 200). No må det bli lagt til at dette inngår som del av fleire symbolske handlingar Hildegunn tek i bruk for å manipulere Flose til å hemne Hoskuld.. Uansett let Njål plassere i høgsetet som det mest naturlege i verda.

Signifikansen av å presentere seg på denne måten overfor Ásgrim er difor ikkje lett å forstå. Kvifor skal Njål medvite signalisere at han er ein mann som kan kome til å slå ihel, når Ásgrim tydeleg set han så høgt at han berer han inn i huset, og gjev han høgsetet? For ikkje å snakke om at han den aldrande Njål neppe utgjer nokon reell truugsel uansett, og det ikkje gjer særleg meining å dominere Ásgrim. Meir truleg er det kanskje for å understreke alvoret i saka. Ikkje berre er dette den til no verste konsekvensen av konfliktane njålssønene har råka uti, og den som har smerta Njål mest. Ein annan mogelegheit er at Njål investerer i ein tenkt relasjonell økonomi ved å plassere seg over Ásgrim, lik Skarphedin gjorde mot Sigmund. Sidan Njål vil ha behov for all den makta han kan konsolidere før tinget, må han òg kunne vere trygg nok på den plasseringa han har i høve hegemonisk maskulinitet. Njål representerer ein form for maskulinitet som særleg garanterer hans maktposisjon gjennom den allment vedtekte visdomen hans.

³⁷¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 224

³⁷² Liestøl og Hagland 2008, s. 224. Torhalla sin far er Ásgrim Ellida-Grimson, og broren er sjølvsgatt Torhall Ásgrimsson, Njål sin fosterson, omtala ovanfor.

³⁷³ Liestøl og Hagland 2008, s. 224

³⁷⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 224

³⁷⁵ Ármann 2007, s. 201

³⁷⁶ Heggstad 2008, s. 315.

har foreslått, som ikkje stemmer overeins med karakterane sine eigne haldningar. No vart brenninga sett som ei særleg alvorleg hending, men sett i kontekst av *Laksdølane*, der Gudrun kunne skilje seg frå mannen berre fordi han gjekk med djup utringing, er det vanskeleg å skjøne at det ikkje skulle vere nedverdiggande for Helge å døy med hovudduk med slør.

Klede kan altså både seie noko om kjønna performativitet, og uttrykke intensjon. I tillegg er klesdrakt også uttrykk for sosiale tilhøve og andre ytre faktorar. Som vi ser av oversikta over formlar (fig. 2-4) er det fleire døme på at det å vere velkledd er ein viktig maskulin faktor. Klede kan difor fungere som markør for både sosial status og velstand, og følgeleg også for maskulinitet. Døme på dette er bruken av *litklæði* som statussymbol. Dette er noko vi finn fleire stader i *Laksdølane*. Mellom anna i kapittel 44, når Kjartan har fått vite at Gudrun har gifta seg med Bolle, og han skal dra til Laugar for å møte dei.³⁷⁷ Kledd i det staselegaste han har, gáver frá kongen i Noreg i skarlaken og gull, og med tretti menn i «fargerike klede». Dette er meint som ein rein demonstrasjon av sosial, relasjonell og økonomisk makt, og til ein viss grad hærmakt. Det er ein overdådig måte å overkompensere for at Bolle fekk Gudrun. Seinare i same saga nyttar Snorre Gode same type demonstrasjon av status når han rir til Helgafell med seksti mann, «valde folk», i, nettopp, «farga klede».³⁷⁸ Med andre ord, å bære farga klede er ein klart kroppsrefleksiv praksis som fungerer som investering i maskulinitet. Det er både eit personleg-performativ uttrykk for maskulinitet, og eit maskulint symbol for makt og status. Det er viktig å merke at i ein fotnote til kapittel 45 standardutgåva, skriv Einar Ólafur at *Litklæði* er «lituð klæði; þau þóttu veglegri en klæði með sauðarlit» - farga klede som vart halde som generelt finare enn ullklede.³⁷⁹ «Farga klede» er altså ikkje naudsynt det same som klede med farge. Fleire stader får vi dessutan høyre om klede av «skarlak», eller *skarlati*. Dette vil ha vore særleg fint utførde klede, ikkje naudsynt raudt, slik vi gjerne vil assosiere med ordet skarlak i dag, men med referanse til veven og kvaliteten på stoffet. Anna Zanchi har kartlagt bruken av ordet *skarlat* i islendingesogene, og funne at *Njálssoga* og *Laksdølane* aleine inneheld over halvparten av alle førekomstane av ordet i heile korpusen.³⁸⁰ I *Njálssoga* finn vi nemninga mellom anna i skildringa av kjolen Hallgjerd har på når ho

³⁷⁷ Fidjestøl 1994, s. 120

³⁷⁸ Fidjestøl 1994, s. 174. Snorre har derimot ikkje same behov for å overkompensere, men visar fram makta og rikdomen som eit teikn på respekt til Gudrun.

³⁷⁹ Einar Ól 1954, s. 115

³⁸⁰ Anna Zanchi (2008). «'Melius Abundare Quam Deficere': Scarlet Clothing in Laxdæla Saga and Njáls Saga,» i: Robin Netherton and Gale R. Owen-Crocker(red). *Medieval Clothing and Textiles IV*. Woodbridge: The Boydell Press, s. 21-26

forhandlar om å giftast med Glum,³⁸¹ og også i kåpa ho er kledd i då ho og Gunnar kurtiserer. Både Glum og Gunnar døyr som følgje av Hallgjerd sine handlingar. Ikkje minst er kåpa, eller kappa, som Flose gjev Hoskuld Kvitanes-gøde av skarlak, den som Hildegunn kastar full av Hoskuld sitt blod over Flose, for å eggja han til hemn.³⁸² Det er elles påfallande at også Hoskuld skal vere i overkant velkledd medan han driv med førefallande gardsarbeid, slik også Sigmund var i sine raude *litklæði*. Båe vert drepne i bakhald.

I *Laksdølane* synast skarlak eine å vere eit symbol for rikdom og status. Til dømes vert Bolle Bolleson så forfengeleg etter å ha vore på utferd, at han etter det berre ville kle seg i «skarlak og silke», og deretter vart kjend som «Bolle den prude».³⁸³ Dette er ein parallell til grandonkelen, Olav På («påfuglen»), som fekk tilnamnet sitt fordi han «heldt seg òg med våpenbunad og klede som stod til han, og han var difor lett å kjenne frå alle andre».³⁸⁴ Olav hadde skarlaksklede han med, gjeve han av kong Harald i Noreg, og er kledd i denne, samt ein «gull-lagd hjelm», når han med hell kurtiserer Torgjerd Egilsdotter.³⁸⁵ Den formodningsvis glorete klesdrakta ser ikkje ut til å ha hatt nokon innverknad på maskuliniteten hans, og den er heller ikkje noko førevarsel om død. Ikkje for Bolle heller; snarare tvert imot er han velkomen og vel vørd kor enn han dreg, og det «gådde ikkje kvinnene noko anna enn å skode på Bolle og all den prakt han og følgjet hans bar på seg». Ikkje nokon raudalv, akkurat.

Som vi har sett, er det ikkje så veldig stor grad av fokus på klesdrakt i introduksjonane. Derimot er det desto større vekt på kjønna presentasjon gjennom klede i handlinga. I tillegg ser vi korleis forholdet mellom kjønna presentasjon og klesdrakt kan vere tydeleg kontekststahengig. Det er difor ikkje nokon einskild indikator på maskuline uttrykk, sjølv om det i somme døme kan fungere godt som produktiv faktor for maskuline konstruksjonar. Vi har på den måten sett korleis slående klesdrakt kan vere eit effektivt verkemiddel for å investere i relasjonelle tilhøve, både for å understreke kjønna presentasjon i sjølve handlinga, og for å kommunisere særleg makt eller hensikt. Der det er normativt maskulint å kle seg og te seg vel, er det derimot ikkje passande å skuffe hestemøkk i finstasen. På same måte som Uspak er *for* maskulin, er også det å jåle seg på denne måten å ta det for langt. Presentasjon gjennom klede er openbert viktig, og å presentere velkledd i rett kontekst er ein klar indikator på maskulinitet.

³⁸¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 51

³⁸² Liestøl og Hagland 2008, s. 194, s. 201

³⁸³ Fidjestøl 1994, s. 193

³⁸⁴ Fidjestøl 1994, s. 45

³⁸⁵ Fidjestøl 1994, s. 66

Med fall og skitskjegg: Skildringar av hår og skjegg

At skjegg først og fremst vitnar om spesifikke maskuline karaktertrekk er allment anerkjend. I følge Jenny Jochens gjeld dette også skildringa av *hår*.³⁸⁶ Jochens syner difor til korleis det norrøne substantivet for hårfrisyre, *skor*, berre viser til mannlege frisyrrar, som indikerer at kvinner truleg lôt håret vekse, meiner ho.³⁸⁷ Det er ei rekke meir eller mindre historiske personar i sagalitteraturen med tilnamn som relaterer til håret deira, som Åsmund Hærulang, Skalla-Grim, Halvdan Svarte, Helge den kvite, med fleire.³⁸⁸ Egil Skalla-Grimsson, som på ingen måte var skalla,³⁸⁹ arvar like godt heile farsnamnet som tilnamn. Det er òg mange med namn eller tilnamn som handlar om skjegg, som Torolv Mostraskjegg, Litt overraskande er det likevel at Jochens kan syne korleis *hår* oftare vert skildra i sogene enn *skjegg*.³⁹⁰ Dette ser vi faktisk i praksis i *Njálssoga*. Det manglande skjegget til Njál utgjer som vi har sett eit ganske viktig plottpoeng, som går igjen i store delar av saga, og vi vert informert om dette karaktertrekket allereie i introduksjonen av Njál. Likevel er *skjegg* (eller mangel på) referert til eller nemnd berre elleve gongar. Menn sine *hår* er derimot nemnde tolv gongar i *Njálssoga* og ti gongar i *Laksdølane*. Skjegg er berre omtala ved fire høve i sistnemnde. I Sambandsmennene nemner Odd håret til Uspak når han les opp fredlausinga av han. Skjegg vert ikkje omtala i saga i heile tatt. Ser vi på oversikta over karakteristikkar i introduksjonar ovanfor (fig. 1-3), ser vi at skildring av hår òg går igjen langt oftare enn det skildringa av klede gjer. Både Kjartan i *Laksdølane*, og Gunnar, Skarphedin, Grim og Helge i *Njálssoga*, får hårfrisyrane sine skildra i ein eller annan form. I tillegg vert håra til både Hoskuld Kvitanes-gøde og Kåre Solmundson i *Njálssoga* nemnde i deira respektive introduksjonar. Saman med Njál, Olav På og Bolle Torleiksson utgjer dei dei klart mest sentrale mannlege karakterane i desse to sogene.³⁹¹ Sju av dei vert altså skildra med håra sine når dei vert introduserte. I tillegg får vi høyre om håret til Bolle, etter at han er drepen.

³⁸⁶ Jochens 1991, s. 13. Dette vert elles reflektert i lovteksten frå *Grágás*, som forbaud kvinner å skjære, eller klippe, håret. Men som konsekvensane for å gå med mannsklede i *Laksdølane* ikkje spegla *Grágás* som vi såg ovanfor, kan vi difor ikkje naudsynt kan stø oss på det som står i lova.

³⁸⁷ Jochens 1991, s. 13

³⁸⁸ Jf. *Grettes saga* kap. 24, *Soga om Egil Skalla-Grimsson* kap. 1ff og 3, *Soga om fosterbrørne* kap. 12

³⁸⁹ Før i alderdomen (jf. *Soga om Egil Skalla-Grimsson*)

³⁹⁰ Jochens 1991, s. 9, 12

³⁹¹ Bolle sitt hår får vi først høyre om etter at han er drepen av Steintor Olavsson; «Torgjerd ønskte han lukke til med verket, og sa at no ville Gudrun trenge ei tid til å greie ut Bolles raude hår». Om håret hans faktisk var raudt, eller om Torgjerd meiner raudt av blod (Steintor hogg hovudet av han), er ikkje godt å seie, men av sønene hans har Bolle Bolleson «gult hår som fall i lokkar heilt ned på herdanen», og Torleik brunt hår som «fall vakkert» (Fidjestøl 1994, s- 162-163).

Der det altså er vanleg å lese framstillinga av hår i sogene som symbol på maskulinitet, er hårtap naturlegvis lesen som symbol på å *tape* maskulinitet. Dette motivet har Carl Phealpstead undersøkt ved hjelp av psykoanalytisk teori, og kan syne korleis det å misse, få kutta av eller fjerna håret er tydeleg meint å skulle bli lese emaskulerande.³⁹² Sjølv om han fleire gongar nemner Njål og skjegglausa hans, tek Phealpstead merkeleg nok ikkje opp dei to tilfella av hårtap som faktisk finst i *Njålssoga*. Det eine dømet skjer i sekvensen der njålssønene og følgjet deira går bu til bu på Alltinget for å få støtte i drapssaka etter Hoskuld Kvitanesgøde.³⁹³ Her får vi den einaste eksplisitte koplinga mellom nettopp hårtap og manglande maskulinitet: Når Skafe Toroddsson seier at han ikkje ønskjer hjelpe njålssønene, responderer Skarphedin med å insinuere at Skafe er ein feiging, fordi han etter å ha drepe ein mann mellom anna skal ha raka av seg håret og «tjóra hovudet».³⁹⁴ Det andre tilfellet gjeld Kåre Solmundsson. Når Kåre vert introdusert, er det fagre håret hans faktisk det einaste ved utsjånaden hans som vert nemnt: «håret var både stort og fagert».³⁹⁵ I den siste delen av soga tek Kåre over som den klare protagonisten etter at Njål og familien brenn i hel. Kåre kjem seg unna mordbrannen, men det store og fagre håret hans vert brent av i flukta. Det ser ikkje ut til at Kåre misser andlet når han får brent av seg håret i mordbrannen. Det vert heller ikkje nemnd igjen etter brannen. På den andre sida er det ei definitiv endring i åtferda til Kåre etterpå. Etter å ha rømd frå brannen, kjem han seg i sikkerheit hjå Mår Valgardsson, og fortel om tragedien. Mår «bar seg ille» over tidningane, medan «Kåre sa det fanst karslegare ting å gjera enn å gråta over dei døde».³⁹⁶ I kjølvatnet av mordbrannen og dei påfølgande rettstvistane legg Kåre ut på ei episk hemnferd som mellom anna tek han til både Skottland og Roma. Det er heller ikkje måte på kva kampdådar han utfører undervegs. Med andre ord er det absolutt mogleg å lese korleis Kåre overkompenserer for hårtapet. Han balanserer først maktesløysa han er påført opp mot den umaskuline handlinga til Mår, å gråte, som veg tyngre enn tapet av hår. Slik posisjonerer han seg over Mår, på same måte som Skarphedin gjorde over Sigmund, og Njål over Åsgrim.³⁹⁷

³⁹² Phealpstead 2013, s. 4

³⁹³ Liestøl og Hagland 2008, s. 205-212

³⁹⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 206. Denne audmjukande straffa kjenner vi også frå andre soger, som fornaldersoga *Rolf Krakes saga*, og riddarsoga *Soga om Tristram og Isond* (sjå Phealpstead 2013, s. 4-5).

³⁹⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 150. Einar Ól. 1954: «hárit bæði mikit ok fagrt» (s. 203).

³⁹⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 230

³⁹⁷ Sjå ovanfor.

I dette kapitlet har eg gjort nærlesingar av karakterintroduksjonar frå dei tre verka, og produsert ein fungerande modell for hegemonisk maskulinitet. Deretter har eg sett på korleis maskuline konstruksjonar og framstillingar fungerer performativt opp mot ein normativ hegemonisk maskulinitet. For å perspektivere lesingane av maskuline konstruksjonar, har eg òg sett på eit utval feminine konstruksjonar.

I neste kapittel skal eg problematisere observasjonane eg har gjort så langt, og utforske både korleis maskuline modalitetar fungerer relasjonelt i eit mangfald, og kva desse undersøkingane kan bidra med av ny innsikt.

Kapittel 4: Eit mangfald av modalitetar

Vi har sett at det å vere aktivt handlande, og gjere seg røynd gjennom dådar av ulike slag, er viktig i den hegemonisk-maskuline modellen vår. Maskulinitetar konfigurerer seg i hierarkisk utifrå nærleik til den hegemoniske maskuliniteten.³⁹⁸ Karakterane er heile tida i forhandling med kvarandre om posisjonering i det maskuline hierarkiet som dei sjølve står som garantistar for, som «medskuldige» maskulinitetar. Sjølv om idealet ikkje er mogleg å oppnå, er det alltid nokon som må vere underordna, og på botn av hierarkiet. Det er den største frykta for menn som Gunnar. Uansett kor modig eller dugeleg Gunnar er, er den maskuline statusen hans så skjør at han ikkje kan tillate å tape grunn. På eitt tidspunkt må han drepe åtte mann berre for å hemne at han vart terga. Etter å nesten ha bli ridd ned, så nært at sporen til ein mann rispa han til blods på kinnnet. Etterpå fortel Skamkjell om hendinga at, «Hadde det ikkje vori så høgboen mann, hadde det vel heitt at han gret». Skamkjell set ord på Gunnar sin dominante maskuline posisjon, men stiller den samstundes under tvil ved å insinuere at statusen er hol. At det vert stilt spørsmålsteikn ved manndomen hans, er for mykje å bere for Gunnar, og han kjenner seg tvinga til å handle. Viss han er passiv, vil Skamkjell ha lukkast med å svekkje den maskuline statusen hans. Det er etter hemnen han kjem med orda, «‘Eg skulle gjerne vita,’ sa Gunnar, ‘om eg er mindre til mann enn andre når det byr meg slik imot å drepa folk.’».³⁹⁹ Med det uttrykker tydeleg Gunnar korleis den maskuline statusen ikkje berre er til byrgskap for han, men også er ein byrde. Han vil alltid kome til å bli utfordra, for dette er kulturelt og systemisk innvevd i samfunnsstrukturen.

Trugselen om å bli sett som passive eller handlingslamma kan altså vere nok til å spille blod over. Når Skarphedin som nemnt tidlegare drep Sigmund Lambe, er dette eit godt stykke ute i den lange og dødelege konflikten mellom Hallgjerd og Bergtora. Det som leier opp til drapet, er at nokre streifande tiggarkjerringer kjem inn på Lidarende samstundes som Sigmund, som er Gunnar sin fetter, er på vitjing der. Kjerringane fortel Hallgjerd at dei nett har kome frå Bergtorskval, og når Hallgjerd spør tiggarkjerringane kva Njål der tek seg til svarar dei at

³⁹⁸ Evans 2019, s. 19

³⁹⁹ Hagland 2014, (s. 66). Merk at i utgåva frå 2008 basert på Liestøl si 1961-omsetjing, som elles primært er nytta i oppgåva, s. 111. Her heiter det, «‘Eg undrast på,’ seier Gunnar, ‘om eg er så mykje reddare enn andre menn som eg syter meir enn andre når eg må drepa folk.’» (s. 111). I Einar Ólafur 1954 heiter det. «‘Hvat ek veit,’ segir Gunnar, ‘hvårt ek mun því óvaskari maðr en aðrir menn sem mér þykkir meira fyrir en öðrum mönnum at vega menn.’» (s. 138-139). *óvaskari* er ikkje oppført i Heggstad 2008, men «óvaskari maðr» er vanlegvis omsett med «less manly than other men» på engelsk (jf. Viðar 1997), og Hagland er nok nærare enn Liestøl. Det er også difor eg har nytta Hagland si omsetjing som sitat både her og i innleiinga.

han ikkje gjer stort: «Han streva med å sitja».⁴⁰⁰ Dette har stort sett vore tolka som passivitet, som ikkje er særleg til fordel for Njål. Om njålssønene, som illevarslande nok driv på med å halde stridsreiskapene sine ved like, vert det kommentert at rett nok er dei formidable av åsyn, men dei er jo ikkje akkurat erfarne.⁴⁰¹ Men når Hallgjerd får høyre at Njål sin huskarl held på med å spreier møk utover vollane for å få graset til å gro, finn ho det kosteleg at han gjer dette, men likevel ikkje kan få sitt eige skjegg til å gro. Ho ber skalden Sigmund gjere spottevers av dette. Verset stiller på den måten spørsmålsteikn ved Njål sin manndom, og samstundes hånar det njålssønene, ved å antyde at dei må ha brukt møk i andletet for å få *sine* skjegg til å gro. Bergtora får straks nyss i dette, og eggjar sønene til hemn ved å insinuere at dei er umandige om dei ikkje handlar. Det er då Skarphedin kjem med kommentaren om å te seg som kvinnfolk.⁴⁰² Det Skarphedin siktar til er å fare opp over filleting, som vi sjølvsagt kan sjå som ein parallell til moderne kjønnsmyter om korleis kvinner skal vere meir emosjonelle enn menn. Paradoksalt nok er det her til og med *sinne* som er emosjonen Skarphedin meiner er «kvinneaktig». Njålssønene lét seg altså ikkje affisere av dette, før Bergtora samanliknar passiviteten deira med den handlekraftige Gunnar. Det vert for mykje for dei:

«Ho har det moro av dette, gamlemor vår,» sa Skarphedin og gliste, men sveitten spratt fram i panna på han, og han fekk raude flekker i kinna, noko som ikkje var titt å sjå på. Grim tagde og beit seg i lippa. Helge synde det ikkje på.⁴⁰³

Det er noko komisk og nesten teiknefilmaktig ved tanken på at sveitten sprett fram i panna på Skarphedin. Saman med korleis han får raude flekkar i kinna, kan det vere eit i overkant ekstremt verkemiddel for moderne lesarar, som bryt med realismen. For den samtidige lesaren var det derimot truleg ein forventa trope for kor kraftig Skarphedin sin emosjonelle respons på terginga må ha vore.⁴⁰⁴ Det er klare skilnader i korleis dei tre brørne reagerer, men felles har dei behovet for å handle, eller vere umandige. Njålssønene vert tvungne til å gjenreise æra ved å «tilbakebetale» Sigmund for «gåva». Spørsmålet om handling er elles sentralt som noko av bakgrunnen for spotteverset. Jamfør behovet for å dra på utferd og bli røynd for å demonstrere

⁴⁰⁰ Liestøl og Hagland 2008, s. 93. Jørgensen og Hagland 2014: «Han streva med å sitja stille». Einar Ól. 1954: «Stridtaðisk hann við at sitja»; Viðar 1997: «He was working hard at sitting still». Sebastian Thoma går svært langt i anna retning når han foreslår at Njål og Gunnar har eit seksuelt forhold, og det er difor Njål «streva med å sitja» (i: Schmidt og Hahn (red.) (2021). *Unwanted. Neglected Approaches, Characters, and Texts in Old Norse-Icelandic Saga Studies*. Münchener Nordistische Studien 50). Kor vidt det kan ha vore tilfelle er eit tema mange har diskutert, men å nytte akkurat dette dømet som prov finn eg å strekke det i overkant langt.

⁴⁰¹ Liestøl og Hagland 1994, s. 93 «Dei ruver når dei ris opp, men dei er no svært lite røynde».

⁴⁰² Sjå ovanfor.

⁴⁰³ Liestøl og Hagland 2008, s. 94

⁴⁰⁴ Sjå ovanfor om Kristen Wolf sin foreslåtte «somatiske semiotikk» for islendingesogene (jf. Wolf 2014). For ei anna lesing av denne scena, sjå Lönnroth 1965.

at ein er mann. I kapittel 31 i *Njálssoga* gjer tilmed Gunnar eit poeng av at han ikkje hadde «røynt eitt og anna» første gongen han vert invitert til å møte Håkon jarl, og difor takka nei.⁴⁰⁵ Men etter å ha «sigla i austerveg»⁴⁰⁶ har han tydelegvis gjort nok dådar til at han kan kjenne seg fortent til denne æra; han har investert tilstrekkeleg i performativt maskuline bedrifter. Njálssønene, derimot, har ikkje vore på noko ferd. Faktisk dreg aldri Skarphedin utanlands i heile tatt, til liks med faren, Njál.⁴⁰⁷ Og ikkje berre er Helge og Grim uvanleg nok allereie gifte når dei først legg ut på utferd, men reisa resulterer indirekte i feiden med Tráin som skal bli så skjebnesvanger for familien. Dette er moglegvis ein narrativ konsekvens av å ikkje følgje konvensjonar. Men det er altså ikkje mangelen på røyndom som får njálssønene til å mobilisere til hemn over Sigmund. Det er samanlikninga med det maskuline idealet Gunnar på Lidarende. Bergtora hjelper oss med å lese njálssønene ganske godt når ho provoserer fram slike reaksjonar og handlingar frå dei, ved å spesifikt stille dei opp mot Gunnar. Den einaste måten å kompensere på, er direkte handling. Ei tilsvarende scene finn vi i *Laksdølane* (kapittel 53), der Torgjerd Egilsdotter skjenner på sønene sine for å vere «dådelause» og for ikkje å ville hemne broren Kjartan.⁴⁰⁸ Også her er kjernen i budskapet at aktiv handling er samstilt med maskulinitet. Det finst i tillegg to komplementære scener i del 3 av *Njálssoga*. Først i kapittel 90, der Hallgjerd offentleg hånar njálssønene for å vere «møkkaskjeggingar», og Bergtora uttrykker frustrasjon over at dei ikkje tok vitne på det så dei legitimt kunne hemne seg: «No vil ingen tru de tør ta til våpen».⁴⁰⁹ Deretter i kapittel 98, etter at Hoskuld Njálsson, halvbroren til Skarphedin, Grim og Helge⁴¹⁰ har blitt dødeleg såra, og Skarphedin nett har gitt han likhjelp.⁴¹¹ Rodny, Hoskuld si mor, bed Skarphedin ta hemn. At ikkje njálssønene med éin gong fer opp for å hemna broren, kommenterer Bergtora slik:

Bergtora sa: «Det er underleg med dykk, de drep folk når det er liten grunn til det, men slikt som dette kokar og tygg de på til ingenting vert av det. Straks dette vert spurt,⁴¹² vil Hoskuld

⁴⁰⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 72

⁴⁰⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 67

⁴⁰⁷ Dette punktet er for øvrig eitt av dei Theodore M. Andersson nyttar for å vise korleis han meiner *Njálssoga* snur opp-ned på islendingesogene sine vanlege narrative mønstre (Andersson 2006, s.200).

⁴⁰⁸ Fidjestøl 1994, s. 142. Meir om dette nedanfor.

⁴⁰⁹ Liestøl og Hagland 2008, s. 168. «Bry deg ikkje, husfrue,» seier Kåre, «med å eggja sønene dine. Dei er framfuse nok som dei er.»

⁴¹⁰ Ikkje å forveksle med Hoskuld Kvitanes-gøde, Njál sin fosterson.

⁴¹¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 180. Likhjelp, eller *nábjargir*, vil seie at han har lukka auge, naseborer og munn på Hoskuld (Heggstad 2008, s. 447).

⁴¹² Dvs. *kjend*

Kvitanes-gøde⁴¹³ koma hit og ny forlik og dett kjem de til å gå med på. Vil de gjera noko, må det bli no.»

Skarphedin sa: «No eggjar mor oss og det har ho god grunn til.» Så sprang dei ut.⁴¹⁴

Igjen er det altså det at mora antydar at dei er handlingslamma, og dermed feige, som vert katalysatoren for at sønene klarar å handle. Denne gongen er det ikkje berre nokre nidord som må hemnast, men ein død halvbror. Ho må ikkje bede dei to gongar. Njål let sønene fare på hemntokt, men når han og Hoskuld Kvitanes-gøde gjer forlik etter hemnen, spør Hoskuld: «Vil du at sønene dine er til stades?». «Vi kjem ikkje nærare forlik med det,» svarar Njål, «men dei vil halda det når eg gjer det.»⁴¹⁵ Likevel er det her ein tvitydigheit i Njål sine ord. Når Skarphedin og brørne væpnar seg har han i motsetnad til elles ikkje noko å seie på det.⁴¹⁶ Og etter at sønene har fått vite at Njål har gjort opp med Hoskuld, kommenterer han til Grim at Hoskuld ikkje hadde heldt handa over drapsmannen Lyting om Grim hadde drepe han, «då det var etla deg».⁴¹⁷ Her uttrykker Njål for ein gongs skuld anger over at blod ikkje er spilt. Det er den einaste reaksjonen han elles vert skildra ha for sonen sin død.⁴¹⁸ For både Bergotra og Skarphedin er det ein heilt klar samanheng mellom å handle, og å vere maskulin. Njål dyrkar derimot ein annan type maskulinitet, det å ta seg tid til å tenke og søkje råd før ein handlar. Ikkje berre er det mogleg å sjå dette i samband med handlande-tenkjande aksen, men her er det meir fruktbart å sjå det som ulike modalitetar av maskulinitet, og korleis det er i ferd med å skje eit skifte i kva form som er hegemonisk.

«Han brydde seg ikkje om kva folk sa»: Utfordrande hegemoniske maskulinitetar

Når Skarphedin første gang avviser egginga til Bergtora, gjorde han det ved å hevde at han og brørne ikkje «vert sinna for allting», «som kvinnfolk».⁴¹⁹ Denne utsegna er sjølv sagt lett å lese som ein sjølv motsetnad, for er det ikkje nett menn sine vanskar med emosjonell regulering som ligg bak mesteparten av valdshandlingane i saga? Men ein annan måte å lese det på er som ein

⁴¹³ Hovuddrapsmannen var ein mann ved namn Lyting. Kona til Lyting var søster til Tråin Sigfusson, som njålssønene slo ihel på isen. Hoskuld sjølv hadde for lengst gjort opp med Njål, og var svært nær njålssønene. Han nekta å bli med på noko konspirasjon mot Hoskuld Njålsson. Men han gjorde heller ikkje noko for å stoppe det.

⁴¹⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 180

⁴¹⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 181

⁴¹⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 179

⁴¹⁷ Liestøl og Hagland 2008, s. 182

⁴¹⁸ Til skilnad med slik han uttrykker det når *fostersonen* Hoskuld blir drepen, jf. s. 196: «(...) for skal eg seia så sant er, går dette meg så nær at eg heller såg to av sønene mine døde og Hoskuld i live.»

⁴¹⁹ Liestøl og Hagland 2008, s. 94

kommentar på korleis fleire av konfliktane i saga kan tyde på eit paradigmeskifte i kulturelle og sosiale tilhøve i sogene. Mange av islendingesogene kan sjølvstapt lesast slik, fordi dei fleste går føre seg i tiåra rundt år 1000, der det gjekk føre seg eit omfattande kulturskifte i form av kristninga av Island. Det eg vil trekke fram her er overgangen mellom ulike maskuline uttrykk som dominante og hegemoniske som kjem fram. Connell skildrar hegemonisk maskulinitet som eit kulturelt opphøgd uttrykk.⁴²⁰ Med det meiner ikkje Connell at det er eit evig og uforanderleg uttrykk, men at det er det uttrykket for maskulinitet som til ei gitt tid best garanterer at patriarkatet vert oppretthaldt.⁴²¹ Det er altså mogleg å utfordre hegemoniet, særleg om utfordrande uttrykk for maskulinitet har sterkare band mellom dei ideala som best representerer kulturen, og den institusjonelle makta. Det er dette eg meiner vi ser med karakterar som Njål og Torhall. Å ha makt over lova som regulerer samfunnet – også valdsamfunnet – gjer dei effektivt sett til handhevarar av patriarkatet. Det er mange karakterar som har både lovkunne og krigarferdigheiter, men enkelte tenkjande modalitetar har tilsynelatande kvalitetar som ofte veg opp for manglar av dei typisk heroiske kvalitetane.

Fleire av scenane eg har gjennomgått syner døme på at ulike sett maskuline konstruksjonar står i opposisjon til ein annan. Fleire karakterar uttrykkjer på alle måtar ein tydeleg og normativt heroisk maskulinitet, tufta på styrke, valdsmakt, virilitet og aggresjon. Somme av dei, som Hrut, er nyansert med gradar av klokskap og fornuft. Men trass i at Hrut i ein stridsnær kontekst presenterer så nært hegemonisk maskulint som mogleg, kjem han til kort i møte med andre enkelte maskulinitetar. Handlinga knytt til Hrut i *Njålssoga* skil seg markant frå *Laksdølane*. Også her er Hrut fokalkarakter i ein sentral del. Her møter vi Hrut som røynd viking, krigar og hirdmann for kong Harald i Noreg. Eit vanleg topos er som nemnt korleis ein ung islending dreg utanlands medan han har ei festarmøy som har lova å vente på han på Island. Hrut er ikkje noko unntak. Men når han endeleg har kome heim og dei har gifta seg, har han den utfordringa at han ikkje greier å tilfredsstille kona si, Unn. Når dei skal liggje saman, veks penisens hans seg så stor at han ikkje er i stand til å fullbyrde.⁴²² Grunnen til dette, skal vere at då Hrut var i Noreg, hadde han eit forhold til Gunnhild kongsmor, og løynde for dronninga at han var trulova på Island. Før han dreg, konfronterer Gunnhild han med mistanke om at han vil attende til Island fordi han har ei anna kvinne der. Hrut svarer avvisande, trass i at ho har heilt rett: Unn skulle sitje i tre år medan han var utanlands. Då seier Gunnhild:

⁴²⁰ Connell 2005, s. 77

⁴²¹ Connell 2005, s. 77

⁴²² Liestøl og Hagland 2008, s. 39.

«Om eg har så stor makt over deg som eg trur,» sa ho, «då let eg dette liggja over deg, at du aldri skal makta å få viljen din med den jenta du har sett deg ut på Island. Men med andre kvinner skal du nok få det som du vil . – No har vi bae fari ille med kvarandre, du med det at du ikkje ville tala ut med meg.»

Hrut lo, og gjekk frå henne.⁴²³

Dette går altså direkte på manndomen hans, og trass i at den, som Unn fortel, altså vert «så stor at han ikkje kan koma nokon veg med meg»⁴²⁴, vert han ute av stand til å handle maskulint. Sjølv om Gunnhild ofte vert framstilt som ei trollkvinne, meiner Ursula Dronke med fleire at det snarare er tale om eit psykologisk fenomen.⁴²⁵ Også i *Laksdølane* vert Hrut sitt nære forhold til Gunnhild nemnd, men her langt mindre eksplisitt. I staden for å forbanne han når han reiser attende til Island, gjev ho han ein ring av gull. Om konflikten med Unn står det ikkje anna enn at ho gjekk frå han, «og det er opphavet til striden mellom laksdølane og fljotslidingane».⁴²⁶ Å redusere konflikten mellom dei to, er naudsynt fordi Gunnhild seinare vert ein viktig støttespelar for Hrut sin nevø, Olav Hoskuldsson, når denne kjem til Noreg. Han som kan hamle opp med fleire mann om gangen, i åttiåra, er ikkje sterk eller viril nok til å markere seg på ei slagmark der lovkunne, sosial kapital og finurleg diplomati er meir effektive våpen enn sverd og spyd.

Same kva som er årsaka til at Hrut vert impotent, vert skilsmissa med Unn byrjinga på konfliktane mellom laksdølane og fljotslidingane. Det at Hrut ikkje kan tilfredsstillе Unn er faktisk nok til at ho har retten på si side, og kan skilje seg med han. Han er ikkje *de facto* impotent: han *er* i stand til å få ereksjon, men han er ikkje i stand til å dra nytte av den, korkje for eige eller Unn sin del. Han er openbert ikkje impotent: i følge *Laksdølane* fekk Hrut 26 barn før han døydde; i *Landnåmabok* heiter det at han fekk 20. Men kva enn det elles er, hendinga *gjer* han impotent, og det følgjer ei rekke scener der Hrut må kompensere for dette gjennom ei rekke performative handlingar som representerer andre maskuline motiv, som å vere gåvmild, gje gode råd til andre, vise kor rettviss han er, og ikkje minst demonstrere kor god han er til å slost: sosiale, økonomiske, politiske og valdsmessige handlingar. Mår Gigja, far til Unn, stemner Hrut for medgifta, og Hrut utfordrar han til holmgang som tilsvar. Den aldrande Mår veit betre enn å godta. Men enn kor klok han er, og enn så sterk han er, og enn kor mykje han har kompensert for det, har hendingane ført til at Hrut ikkje lenger er like maskulin som før. Han vert til slutt ikkje berre lurt til å bruke si eiga kløkt mot seg sjølve, og må vike for, ein

⁴²³ Liestøl og Hagland 2008, s. 36

⁴²⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 39

⁴²⁵ Dronke 1980, s. 10. Det er fleire overnaturlige hendingar i saga, men dette er altså ikkje naudsynt ein av dei.

⁴²⁶ Fidjestøl 1994, s. 52

som både er klokare og ein dyktigare krigar: Gunnar på Lidarende. Etter å ha rådførd seg med sjølvaste Njål, dreg Gunnar i forklledning til Hrut, og klarar å lure ut or han korleis *han* ville vinne att Unn si medgift. Gunnar fører dermed saka med hell slik Hrut har lagt fram, og når Hrut likevel ikkje vil betale, utfordrar Gunnar han til holmgang, slik Hrut gjorde mot Mår. Då er han igjen like impotent som til sengs med Unn: sjølv den staute krigaren han er, må han innsjå at han ikkje er nokon match for den endå stautare (og mykje yngre) Gunnar.⁴²⁷ Det er lett å tenkje at det er den overlegne heroiske maskuliniteten til Gunnar som feller Hrut, men heile opptakten til at han gjev opp mot Gunnar handlar om at Gunnar føl Njål sine råd uansett kor outrerte dei vert. Sjølv om det avgjerande tapet er at han ikkje møter Gunnar i holmgang, er det fordi han systematisk har blitt nedjustert gjennom å bli overgått intellektuelt, ikkje heroisk. At Hrut innser at han ikkje kan møte Gunnar i holmgang, er difor eit teikn på at han gjev etter for fornufta, og anerkjenner at det er dette som no er den regulerande faktoren, ikkje valdsmakta. Han ser verdien i å tape ære framfor å starte nok ein valdssyklus. Etter dette er då også både Hrut og Hoskuld ikkje lenger antagonistar for Gunnar, men allierte.

Gunnar kunne ikkje ha overmanna Hrut aleine. Han sjølv er under konstant press for å hevde sin eigen maskulinitet, noko han openbart er ukomfortabel med. Det er difor berre så lenge han følgjer alle dei kloke råda til Njål at han kan dominere andre. Når han ikkje lenger gjer det, går han under. Eg meiner difor at det vi ser er døme på korleis heroiske maskulinitetar som ligg nære normativ hegemonisk maskulinitet misser evna til å oppretthalde ein dominant posisjon. Karakterar som Njål, derimot, står langt frå noko heroisk ideal. Desse maskuline modalitetane er likevel i stand til å vinne fram der den ideelle heltetypen, som mellom anna Gunnar representerer, taper grunn. Dei er ikkje mindre maskuline enn dei heroiske heltane karakterar, dei er døme på andre modalitetar for maskulinitet. Alle tre sogene inneheld brot med normativ maskulinitet, og døme på maskuline uttrykk som skil seg frå Gunnar-typane.

I det tradisjonelle æressamfunnet er det å ta hemn ein sosialt forventa respons. Men der Njål står for ein modell for konfliktløysing som går så langt som mogleg i å blokkere hemnsyklusar, er det til openberr frustrasjon for både Bergtora og Hallgjerd. Også njålssønene føler på denne frustrasjonen. Njål vel helst å ordne forlik utan av sønene er til stades. Han veit at dei vil krevje meir enn det han meiner er rådeleg. Og så lenge Njål har øyret til Gunnar, bøyer Gunnar seg. Fornufta er det som reddar Gunnar – før han vel å ikkje lenger høyre på

⁴²⁷ Liestøl og Hagland 2008, s. 64. Her er det svært mykje å pakke ut, men det er diverre ikkje høve til å gå djupare inn i denne scena her.

Njål. I den andre scena der Bergtora eggjar sønene til hemn i *Njålssoga*, er den viktigaste skilnaden frå den første det at Njål faktisk er til stades. Han er vanlegvis den lekamgjorde stemma for moderasjon og tolmod. På dette tidspunktet i saga er ikkje Njålssønene lenger er uprøvde. Dei har alt drepe ei rekke menn. Grim og Helge har i tillegg vore på vikingferd og gjort seg namn. Dei er også klokare no, enn då dei var uprøvde ungfolar med behov for å markere seg. Det har vore fredeleg i ein lengre periode, og dei veit at korleis dei responderer vil få konsekvensar. Her står dei i ein konflikt mellom å utvise evne handling eller moderasjon. Som den arketyriske audmjuke vismannen han er, representerer Njål ein form for patriarkalsk makt som bryt med den brutale og tradisjonelle ærekulturen. For Njål er det diplomati og moderasjon som er metodane for problemløysing, der ein nyttar lovverket til å ordne opp, og gjerne smidigheit og list. Han er ikkje framand for å handle underhanda. Han søker å unngå den høge kostnaden blodhemn fører med seg. Bergtora, som kvinne, representerer derimot den meir konservative ærekulturen. Det er det same vi såg i *Laksdølane* når Aud tek hemn på Tord. Sinnet hennar fører henne til å bryte kjønnskonsvensjonane (og lova), og ikkje berre kle seg i bukse, men løfte sverdet mot eksmannen og ta si hemn i blod.

Det er dette Skarphedin set ord på, når mora eggjar han og sønene til handling mot Sigmund. Som kvinne representerer Bergtora vidareføringa av æressamfunnet, der ei fornærming krevjar sin pris i blod. Det Bergtora og njålssønene står for, er det Connell kallar *complicit masculinity* – og *femininity* – posisjonar som tener på å investere i det gjeldande patriarkatet.⁴²⁸ Som kvinne har Bergtora tilgang til makt og status gjennom mennene rundt seg. Men Njål representerer ikkje det tradisjonelle maskuline idealet, og ho ser det som opp til henne å sikre å oppretthalde maktbalansen gjennom å handle gjennom sønene. Til dømes har ho truleg ikkje særleg mykje kjærleik for ektemannen sin uekte son. I motsetnad til dei andre sønene, budde ikkje Hoskuld på Bergstorskvål med familien, men saman med mora Rodny. Likevel ser ho korleis maktbalansen kan skifte dersom familien ikkje møter forventningane samfunnet vil ha til handling.

Ulike performative uttrykk og handlingar kan altså vere teikn på modalitetar av maskulinitet i samspel. Njål sjølv vert konsekvent framstilt som høgt akta sjølv om det ved ei rekke tilhøve vert stilt spørsmålsteikn med maskuliniteten hans. Når Flose spottar Njål, blæs fornærminga bort, og han misser korkje andlet eller respekt.⁴²⁹ Det er fleire grunnar til dette,

⁴²⁸ Connell 2005, s. 242

⁴²⁹ Ikkje ein gong i Flose sine auge: når han seinare har omringa Bergstorskvål, byd han tilmed Njål om å gå fri, for det er berre njålssønene han har noko usagt med (2008, s. 224)

men den viktigaste er nok korleis Flose ikkje sjokkerer med sine utsegn; han set ord på noko som mange tenkjer. Men det er, som Skarphedin påpeiker, småleg og lettvind. Og ikkje særleg effektivt: Ikkje berre har vi alt sett Njål ignorere denne typen hån både frå Hallgjerd og Sigmund utan konsekvensar for han, men i ein tenkt maskulin økonomi er Njål sin status likevel høgare enn Flose, sjølv utan skjegg, og sjølv om han skulle gå med kvinnekufte. Ingen kan nemleg tvile på Njål sin seksualitet og virilitet: Njål har seks barn. Flose har derimot ingen. Likevel er han til det siste behandla som ein respektert hovding, sjølv av dei som har håna han.⁴³⁰ Njål er ikkje særleg representativ for dei strenge, maskuline kriteria i den norrøne krigarkulturen. Ikkje er han «stor og sterk», ikkje har han reist på utferd for å bli prøvd, og berre éin gong vert han skildra med våpen i handa. Han tek aldri hemn, handlar aldri utan å tenke, og løyser alle konflikter gjennom diplomati og forhandling. Njål hentar kraft til sin maskuline status frå eit heilt anna sett maskuline kvalifikasjonar enn Flose, og representerer ein annan type hegemonisk maskulinitet. Andre døme på maskuline uttrykk som bryt med forventningar er korleis Torhall ikkje misser andlet av å gå i transgressive klede. Heller ikkje for måten han reagerer for tapet av Njål og heile fosterfamilien:

Då Torhall Ásgrimsson fekk høyra at Njål, fosterfar hans, var død og hadde vorti innebrend, tok han så på veg at han trutna i heile kroppen, og blodspruten stod ut av bae øyra, og det ville ikkje stansa. Men så seig han i uvett, og då stansa det. Etter det stod han opp og sa han hadde bori seg åt som ein stakkar – «men det skulle eg ynskja at e fekk hemna det som no har hendt meg på dei som brende han inne.»

Dei sa at ingen ville rekna han dette til skam, men han svara at han brydde seg ikkje om kva folk sa.⁴³¹

Dette er ikkje det einaste som lett kan lesast som svakheit frå Torhall si side, for litt seinare, når Njål sine vener byr seg på å reise til tinget og føre saka mot brennarane, får vi vite at han er blitt dårleg i beinet; «(...) leggen ovanfor okla trutna opp og vart så tjukk som eit kvinnfolklår, og han kunne ikkje gå utan med stav.»⁴³² Ikkje berre bryt han saman gjennom eit emosjonelt utbrot, han er til og med ufør. Med Clover og Evans burde det vere nok til å marginalisere Torhall med subordinert maskulinitet, men snarare tvert imot er Torhall like respektert og viktig som tidlegare. Det må bli poengtert at det er mogleg å lese framtoningen hans som noko komisk, og med Anderson difor funksjonen hans vere potensielt satirisk. Men det endrar ikkje det faktum at han på ingen måte mister maskulin status. Det er min påstand at

⁴³⁰ Som Flose (sjå ovanfor).

⁴³¹ Liestøl og Hagland 2008, s. 234

⁴³² Liestøl og Hagland 2008, s. 242

både Torhall, Njål og Ufeig på denne måten demonstrerer ikkje berre korleis fleire ulike uttrykk for maskulinitet kan eksistere på same tid, men at dei i kraft av den makta dei har i å ha monopol på lovkunne, kan representere ein annan hegemonisk maskulinitet som er i stand til å utfordre den tradisjonelle.⁴³³ Når Sigmund ikkje kler seg *maskulint nok* i Skarphedin sine auge, og den på alle måtar idealmaskuline Gunnar utruleg nok må drepe fordi han fryktar å bli sett som feig når han vert klaga for å gråte etter å ha blitt ridd ned, kan Torhall både gråte og til og med svime av, utan at han er mindre mann for det. Njål kan verre skjegglaus og Ufeig kan vere fattigsleg og openbart manipulere den korruperte hovdingstanden, utan at dei misser det moralske overtaket. Faktisk har vi sett fleire døme der juridisk fiksfakseri aukar den maskuline statusen til dei som vinn på det. Dette syner oss i praksis korleis maskulinitet som konstruksjon er både kontekstavhengig og uttrykk for relasjonelle konfigurasjonar. Som Skarphedin demonstrerer, kan kva som er maskulint varierer mellom ulike kontekstar, og det er òg imperativt å vere medviten for kva ein uttrykker gjennom utsjånaden sin. Slik er det til dømes greitt å ha på seg farga klede når ein skal drepe nokon, men ikkje når ein skal gjere førefallande arbeid på garden.

Som vi såg med Hrut, som på alle vis representerer ein tradisjonell, heidensk krigarkultur, er ikkje krigarmakt lenger institusjonell i overgangen til kristen tid. Dei fleste konfliktane i både *Laksdølane* og *Njålssoga* får langt meir fordelaktige utfall når dei vert løyste gjennom dialog og forhandlingar enn gjennom hemn og drap. Dette kjem godt fram gjennom dei alvorlege konsekvensane drapssyklusane får. Også den kufteklede Torhall skulle ein kanskje vente missa status for eventuell effeminisering, men her er det ikkje noko som tyder på at kufte gjer Torhall noko mindre til mann. I staden går han på tinget side om side rundt med njålssønene og Kåre, direkte påfølgjande scena der han vert ledd av for å gå i kufte. Kufte vert heller aldri kommentert igjen. Det som vert kommentert, er derimot kor klok Torhall er.⁴³⁴ Det er tydeleg at klokskapen hans, i denne konteksten, er ein langt viktigare indikator for maskuliniteten hans enn klesdrakta er.

Eit døme på ein annan maskulin modalitet er Hoskuld Kvitanes-gøde. På eitt tidspunkt står han i eit absolutt gunnarsk krysspress, etter at Mår har lukkast i å vende Hoskuld og njålssønene mot kvarandre. Flose påpeiker at dersom Hoskuld ikkje dreg bort for å vere trygg, kan det få alvorlege konsekvensar. Hoskuld påpeiker at det ville mange tolke som om han er feig. Samstundes vil han minst av alt at konflikten skal råke andre, slik vi har sett gjennom

⁴³³ Ármann 2007, s. 199. Det kan jo, som Ármann foreslår, rett og slett alltid vere eit døme på generasjonsmote.

⁴³⁴ Liestøl og Hagland 2008, s. 211

feidane i store deler av saga så langt: «Det er ille,» seier Hoskuld, «for heller ville eg liggja ubøtt enn at mange skulle lida vondt for mi skuld.»⁴³⁵ Når Njål fostrar Hoskuld som med sine egne søner, er han ikkje oppteken av å oppfylle overgangsrite-liknande kriterium for å vere «ein framifrå mann». Hoskuld treng ikkje å demonstrere sin verdi gjennom korkje utferd og heroiske dådar, eller kvalifiserande sosioøkonomiske faktorar som giftarmål, anskaffing av rikdom og eigedom. Han synte Njål kor emneleg klok han var allereie som barn, og Njål skaffar han desse godane utan at han treng gå gjennom overgangsriter. Slik skil han seg markant frå Gunnar, som altså ikkje kjende seg røynd nok til å møte Håkon jarl før han hadde vore på viking og gjort seg fortent til det.⁴³⁶ Og korleis det vert kommentert at njålssønene er uprøvde, sidan dei korkje har vore utanlands eller gjort andre ting som skulle kunne gje dei maskulin kapital i dette tankesettet. Maskuline indikatorar på modalitetar som Hoskuld, Torhall eller Njål, handlar i stor grad om kløkt, klokskap og lovkunne. At desse kvalitetane i visse kontekstar har høgare status enn heroiske kvalitetar, kan vi med Connell forstå som døme på eit overgangssamfunn der ein ny, spesialisert type klasse veks fram.⁴³⁷ Det skaper eit skilje mellom former for maskulinitet som dominerer direkte, og maskulinitet som har makt gjennom spesialisert, gjerne teknisk kunnskap.⁴³⁸ Lovkunne er definitivt denne typen teknisk kunnskap. Det er framveksten av den nye middelklassen Connell fokuserer på, og ho har ikkje sett så langt tilbake som mellomalderen. Likevel er det vi ser i desse tilfella gode døme på eit tilsvarande prinsipp som hjå Connell.

I eit utvida perspektiv meiner eg at vi også kan sjå indikasjonar på at det finst ein utfordrande hegemonisk maskulinitet uttrykt gjennom dugelege kvinner som Bergtora og Gudrun. Det er grunn til å tru til den rolla dei har i å drive mennene til hemn og handling, som heilt openbert og uunngåeleg ender i elende, kan vere uttrykk for ideologisk budskap som ligg *over* den tekstlege, og snarare høyre heime i den kristne samtida. Dette er noko også Jenny Jochens har spekulert i, og foreslår at desse kvinnene representerer forsøk på å byggje oppunder kyrkja sitt syn på monogami som samlivsform.⁴³⁹ Bergtora står i ein konflikt mellom kjærleiken til mannen, og æreskulturen som har dominert samfunnet. Njål si patriarkalske makt ligg ikkje forankra i valdsmakt, men i politisk makt og lovkunne, fornuft og moderasjon. Det er ein ny og moderne kultur med preg av europeisk og kristen opplysing. Det at Njål aldri viser

⁴³⁵ Liestøl og Hagland 2008, s. 194

⁴³⁶ Liestøl og Hagland 2008, s. 72

⁴³⁷ Connell 2005, s. 165

⁴³⁸ Connell 2005, s. 165

⁴³⁹ Jochens, Jenny (1986). "Consent in Marriage: Old Norse Law, Life, and Literature." *Scandinavian Studies* 58, s. 142-76

teikn til å kjenne seg truga av emaskulasjon gjennom hånorda han får for mangelen på skjegg, les eg i samband med audmjukheit som dyd i den kristne klosterkulturen.⁴⁴⁰ Ikkje berre kjenner han seg ikkje truga, men ingen av døma der Njål sin maskulinitet vert utfordra resulterer i at han misser andlet eller maktposisjon. Ei heller får hårtapet til Kåre nokon eksplisitte konsekvensar. I si analyse av *Njålssoga* trekk Ármann fram korleis mangelen på skjeggvekst ofte representerer sviktande manndom.⁴⁴¹ Likevel er det altså ikkje på noko tidspunkt som tyder på at Njål er anna enn høgt akta. Særleg for klokskapen sin. Faktisk er forteljaren veldig nøye med å forklare korleis mangelen på skjegg ikkje var til forkleining for korleis vi skal forstå Njål. Og trass i at karaktertrekket er som prioritert informasjon å rekne i introduksjonen, kjem det ikkje opp som tema i saga før Hallgjerd gjer spott av det når ho kjenner seg sett til side.⁴⁴² Skildringane av hår- og skjeggmote kan med andre ord vere teikn til eit kulturelt skilje i sogene.⁴⁴³ Dette føyer seg i følgje Oren Falk inn i ein større diskusjon om kristne skikkar i overgangen frå heidensk til kristent samfunn, både i ein meir romersk-estetisk hårmote der tonsur og barbering markerer lærdom og geistlegheit, og gjennom utvising av audmjukheit som teikn på å vere dydig.⁴⁴⁴ Der *Laksdølane* og sannsynlegvis *Njålssoga* slik syner døme på innverknad særleg frå den europeiske riddarlitteraturen, kan det forklare desse teikna på verdiskifte og overgangen til ein ny hegemonisk maskulinitet der klokskap, sosiale relasjonar og diplomatiske evner er maskuline eigenskapar som demonstrerer evne til moderasjon og fornuft. Desse maskulinitetane er langt mindre skjøre i møte med hånord og fornærmingar, og ser dessutan verdien fredelege forlik har framfor endelause drapssyklusar som berre fører til tap.

I dette kapitlet har eg synt korleis døme på ulike maskulinitetar i sogene gjev innsikt i måtar maskulinitetar kan fungere i samspel, og korleis enkelte modalitetar av maskulinitet kan ha ny og spesialisert tilgang til sosial og politisk makt. Dette gjer dei i stand til å dominere modalitetar som vanlegvis ligg nærare den normativt hegemoniske maskuliniteten. Vi har òg sett korleis kvinnelege karakterar kan fungere som konserverande agentar for den normative

⁴⁴⁰ Jamfør Phelpstead 2003

⁴⁴¹ Ármann 2007, s. 196-197

⁴⁴² Jf. Ursula Dronke (1981). *The Role of Sexual Themes in Njáls Saga*. London: The Viking Society for Northern Research, s. 11

⁴⁴³ Oren Falk (2004). «Beardless Wonders: ‘Gaman vas Söxu (The Sex Was Great)’». I: Harbus, Antonina og Russel Poole (red.). *Verbal Encounters: Anglo-Saxon and Old Norse Studies for Roberta Frank*. Toronto: University of Toronto Press, s. 231

⁴⁴⁴ Jf. Falk 2004, s. 231

hegemoniske maskuliniteten, i møte med verdisetta til desse utfordrande maskuline modalitetane.

I siste kapittel vil eg summere opp funna eg har gjort i oppgåva, og reflektere over avsluttande perspektiv.

Kapittel 5: Avsluttande perspektiv

Gjennom litterær nærlesing og kjønnteoretiske perspektiv, har eg i denne oppgåva utforska framstillinga av maskulinitet i tre islendingesoger. Målet har vore å forstå korleis maskulinitetar vert konstruerte, korleis dei fungerer, og om forståinga av maskulinitet som multimodal kan gje innsikt i meir enn ein måte å vere ein mann på i sagalitterære verk. Metodisk har eg tatt utgangspunkt i å undersøke formelaktige presentasjonar av eit utval karakterar frå sogene. Dette gav grunnlaget for å produsere ein modell for hegemonisk maskulinitet i sogene. Ved hjelp av denne modellen har eg identifisert normative kvalifikasjonar for maskulinitet, og demonstrert korleis karakterar som Gunnar og Kjartan representerer modalitetar som ligg nær eit hegemonisk ideal. Slike modalitetar er karakteriserte ved det eg har referert til som heroiske og atletiske kvalitetar eller eigenskapar. Normative maskulinitetar som desse vert sosialt regulerte gjennom trugsel om sanksjonar ved maskulint transgressiv åtferd. I praksis ser det ut som at maskuliniteten deira er så skjør at den kan breste frå så lite som eit usannsynleg rykte aleine. Det er til dømes difor ein karakter som Gunnar ikkje har råd til å vente dersom han skulle bli fornærma, men med det same må demonstrere sin heroisk-maskuline kompetanse gjennom å drepe for å oppretthalde æra.

Det er vanleg å tenkje på vald, fysisk makt og hypermaskulin åtferd som det dominante maskuline uttrykket i sogene, men slike uttrykk kan også vere djupt problematiske. Sidan hegemonisk maskulinitet fungerer ved at dei som opprettheld den er overtydde om at det er til det beste for alle som tar del i samfunnsstrukturen, finst det difor fleire måtar å rasjonalisere undertrykkinga på enn gjennom normativt heroiske kvalitetar. Også den normativt maskuline mannen er undertrykt av presset frå den hegemoniske maskuliniteten, og må ikkje berre sørge for å alltid vere maskulin *nok*, men samstundes moderere seg for ikkje å bli *for* maskulin. Som eg har synt, er denne normative maskuliniteten ikkje den einaste dominante modaliteten vi ser døme på. I stadig fleire kontekstar kan andre kvalitetar enn dei normativt heroiske faktisk gje høgare status enn maskulinitetane som ligg nære det hegemonisk-maskuline idealet, sjølv utan å dominere andre direkte gjennom valdsmakt. Desse maskulinitetane er konstruerte frå andre kriterium, og ikkje underlagt det same regulerande systemet, sjølv om dei samhandlar i same sosiorelasjonelle kontekst. Fleire opptrer i eksplisitte døme på åtferd som er tydeleg transgressiv utifrå den normative hegemoniske maskuliniteten. Døme på slike karakterar er Njål, Torhall og Ufeig. Njål misser ikkje korkje maskulin status eller ære av å gjentatte gongar bli klaga for å ikkje vere maskulin nok. Snarare vert respekten og anerkjenninga han mottar

styrka utover i saga. Dette gjeld òg Torhall, Njål sin fosterson og etterfølgjar. I tillegg til å riste av seg hån over å gå kledd i ei merkeleg kufte, har han fleire melodramatiske utbrot, opptre som ufør, og på eit tidspunkt faktisk svimar av. Utifrå normativ hegemonisk maskulinitet, og med tanke på det som skjer med Gunnar, er dette klare teikn på svakheit som krevjar sanksjonar. I staden får det ingen konsekvensar for Torhall.

Lovkunne er ein spesialisert kunnskap med avgrensa tilgang, særleg sidan lovane vanlegvis ikkje vart skrivne ned. Difor hevder eg at makta maskuline modalitetar som Njål demonstrerer, vitnar om eit paradigmeskifte mellom to ulike former for hegemonisk maskulinitet. Både formene opprettheld patriarkatet, men relaterer til makta, og dermed regulerande sanksjonar, på ulik måte. Utan å undersøke døme på typiske subordinerte maskulinitetar syner eg slik korleis det er mogleg å forstå eit mangfald av ulike maskulinitetar som eksisterer simultant. At det er mogleg å identifisere karakterar som høyrer til andre maskuline normsystem i sogene, støttar difor påstanden om at maskulinitet i sagalitteraturen er langt mindre einsarta enn reine blod-og-æressamfunnet som er skildra i populærkulturen

Å undersøke maskulinitet som ibuande relasjonelt konsept er ikkje mogleg utan å ta høgde for dei kjønnsrelasjonelle strukturane maskulinitet naudsynt må eksistere i. Difor var det også behov for å kort undersøkje eit utval feminitetar i sogene. Funna av desse observasjonane syner korleis kvinnelege karakterar kan fungere som representantar for den tradisjonelle, norrøne ærekulturen i møte med europeisk samtidskultur, som søker å vidareføre den normative hegemoniske maskuliniteten. I tillegg finn eg døme på at feminitetar fungerer som motstykke til maskulinitetar. Ikkje berre kan dei fungere komplimenterende, balanserande og kontrasterande til mannlege karakterar dei er sentrerte rundt. Det er tydeleg fleire tilfelle der det er tale om å kompensere for maskuline manglar hjå det mannlege motstykket. Sjølv om det i denne tankegangen kan vere fare for å redusere dei kvinnelege karakterane til lite anna enn litterære funksjonar som skal utfylle den mannlege karakteren sine ulike sider, er dette eit interessant sidespor å kunne utforske vidare i ein annan samanheng. Sjølv om eg ikkje går djupare inn på korleis dette fungerer i praksis, meiner eg at dette bidrar til ei meir samansett forståinga av maskulinitetar.

Gjennom oppgåva har eg synt korleis det absolutt er potensiale i fleire kjønsteoretiske lesingar av sogene. Alternative lesingar gjev ny innsikt i korleis vi forstår maskulinitet i den norrøne litteraturen. Interseksjonell teori og forståinga av maskulinitet som multimodal syner oss, sjølv utan å undersøkje ulike formar for subordinerte og marginaliserte maskulinitetar, at

det finst eit mangfald av måtar å vere ein mann på, ikkje berre dei stereotypiske konstruksjonane frå populærkulturen. I tillegg har eg synt korleis eit hegemonisk-maskulint paradigmeskifte kjem til uttrykk i verka, i form av utfordrande maskulinitetar med spesialisert kunnskap som gjev betre tilgang til institusjonaliserte makta. Funna eg presenterer i oppgåva syner at potensialet for meir forskning på dette området framleis er stort.

1000 år seinare er det altså framleis grunn til å stille spørsmålsteikn ved maskuliniteten til menn som Gunnar.

Litteraturliste

Primærlitteratur

⁴⁴⁵Einar Ól. Sveinsson (1934). *Laxdæla saga*. *Íslenzk fornrit V.*, Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag

Einar Ól. Sveinsson (1954). *Brennu-Njáls saga*. *Íslenzk fornrit 12*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag

Fidjestøl, Bjarne (1994). *Soga om laksdølane*. Fjerde utgåve (første utgåve 1968). Oslo: Samlaget

Fidjestøl, Bjarne (red.) (1984). *Sagalitteraturen*. Bd. 1-5. Oslo: Det Norske Samlaget

Hagland, Jan Ragnar og Jørgensen, Jon Gunnar (red.) *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*. Band I-V. Reykjavík: Saga forlag

Hagland, Jan Ragnar og Liestøl, Aslak. (2008). *Njáls saga*. Oslo: Samlaget

Hagland, Jan Ragnar. (2014) *Njáls saga*. I: Hagland og Jørgensen (red.) *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*. Band III. Reykjavík: Saga forlag

Guðni Jónsson (1956). *Bandamanna saga*. *Íslenzk fornrit VII*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag

Magerøy, Hallvard (1976). *Soga om sambandsmennene*. Oslo: Samlaget

Mindrebø, Arnhild (2014). *Sagaen om laksdølene*. I: Hagland og Jørgensen (red.) *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*. Band V. Reykjavík: Saga forlag

Nyborg, Birigt (2014). *Sagaen om forbundsfellene*. I: Hagland og Jørgensen (red.) *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*. Band V. Reykjavík: Saga forlag

⁴⁴⁵ Íslandske namn er oppførte som <fornamn etternamn>. I tillegg vert namn med islandsk ortografi oppførte etter bokstavrekkefølga i det islandske alfabetet (i.e. «á» kjem mellom «a» og «b» i alfabetet, medan «ð» kjem mellom «d» og «e»).

Viðar Hreinsson (red.) (1994). *The Complete sagas of Icelanders, including 49 tales*.
Reykjavík: Leifur Eriksson Publishing

Sekundærlitteratur

Andersson, Theodore M. (2002). «The Long Prose Form in Medieval Iceland». *The Journal of English and Germanic Philology*, Jul., 2002, Vol. 101, No. 3, s. 380-411. Henta frá: <https://www.jstor.org/stable/27712245> [05.11.2023]

Andersson, Theodore M. (2006). *The growth of the medieval Icelandic sagas (1180-1280)*. Cornell University Press. Henta frá: <https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/detail.action?pq-origsite=primo&docID=3137924> [9.3.2021]

Ármann Jakobsson (2023). «Cursing with trolls in Njáls saga». *Orð og tunga* 25, s. 1-12. Henta frá: <https://ordogtunga.arnastofnun.is/index.php/ord-og-tunga/article/download/280/156> [10.09.2023]

Ármann Jakobsson (2007). «Masculinity and Politics in Njáls Saga». *Viator* 38.1

Ármann Jakobsson & Sverrir Jakobsson (2017). *The Routledge Research Companion to the Medieval Icelandic sagas*. Milton Park: Routledge

Bampi, Massimiliano (2017). I: Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson (red.) (2017). *The Routledge Research Companion to the Medieval Icelandic sagas*. Milton Park: Routledge

Bandlien, Bjørn (2005). «Man or monster? Negotiations of masculinity in Old Norse society». *Acta Humaniora* nr 236. University of Oslo, Faculty of Humanities Unipub

Bouras-Vallianatos, Petros og Zipser, Barbara (2019). *Brill's Companion to the Reception of Galen*. Leiden: Brill

Butler, Judith (1990). *Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity*. New York: Routledge

Byock, Jesse L. (1993). «Hólmganga.» I: Pulsiano, Phillip og Wolf, Kirsten. *Medieval Scandinavia: An Encyclopedia*, 289–90. New York: Garland

Christie, Wilhelm F.K. (1837). «Om det mærkelige Birketræet paa Gaarden Slinde, i Sogn». *URDA* 1, s. 318–327

Clark, David (2012). *Gender, Violence and the Past in Edda and Saga*. Oxford: Oxford University Press

Clover, Carol (1985). «Icelandic Family Sagas». I: Clover, C. og Lindow, J.: *Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide*. Pp. 239-315. Ithaca, NY: Cornell University Press

Clover, Carol (1993). «Regardless of Sex: Men, Women, and Power in Early Northern Europe». *Speculum*, 68 (2), s. 363-387

Clover, Carol (1988). «The Politics of Scarcity: Notes on the Sex Ratio in Early Scandinavia». *Scandinavian studies*, 60.2

Cochrane, Jamie (2020). «The incredulity of Högni. The importance of believing in ghosts in Njáls Saga». *Saga-Book*, Vol. 44

Cook, Róbert (2001). «Mörður Valgarðsson». I: Ásdís Egilsdóttir og Rudolf Simek (red.) *Sagnaheimur: Studies in Honour of Hermann Pálsson on his 80th birthday, 26th May 2001*. Wien: Fassbaender

Connell, Raewynn. (2005). *Masculinities*. 2nd ed. Cambridge: Polity Press

Connell, R.W. (2016). «Masculinities in global perspective: hegemony, contestation, and changing structures of power» *Theory and Society* Vol. 45, No. 4.

Connell, R.W. og Messerschmidt, J. (2007). «Hegemonic Masculinity. Rethinking the Concept». *Gender & Society*, Vol. 19. No. 6

Coxon, Sebastian (2021). *Beards and Texts: Images of masculinity in medieval German literature*. London: UCL Press, s. 12

Crocker, Christopher (2017). «Emotions». I: Ármann Jakobsson og Sverrir Jakobsson (red.). *The Routledge Research Companion to Medieval Icelandic Sagas*. Milton Park: Routledge

Dronke, Ursula (1981). *The role of sexual themes in Njáls saga*. London: Viking Society for Northern Research.

- Einar Ól. Sveinsson (1971). *Njáls saga: a literary masterpiece*. Omsett av Paul Schach. Lincoln: University of Nebraska Press
- Evans, Gareth Lloyd (2020): *Men and Masculinities in the Sagas of Icelanders*. Oxford: Oxford University Press
- Evans, Gareth Lloyd & Hancock, Jessica Clare (red.) (2021). *Masculinities in Old Norse Literature*. Cambridge: D.S. Brewer
- Falk, Oren (2004). «Beardless Wonders: ‘Gaman vas Soxu (The Sex Was Great)’». I: Antonina Harbus & Russel Poole (red.). *Verbal Encounters: Anglo-Saxon and Old Norse Studies for Roberta Frank*. Toronto: University of Toronto Press
- Foucault, Michel (1995). *Seksualitetens historie 1. Viljen til viten*. Gjøvik: EXIL
- Grímur Thomsen (1867). «On the Character of the Old Northern Poetry.» *The Northern British Review* 58-87
- Hansen, Finn (1979). «Benbrud og bane i blaot». *Scripta Islandica* 30, s. 13-24
- Harris, Joseph (1975). «Ögmundar þátr dytts ok Gunnars helmings: Unity and Literary Relations». *ANF* 90, s.156-182
- Haugen, Odd Einar (2013) «Tekstkritikk og tekstfilologi». I: Haugen, O.E. (red.): *Handbok i norrøn filologi*. 2. utg. Oslo: Fagbokforlaget
- Haugen, Odd Einar (2013) «Innleiing». I: Haugen, O.E. (red.): *Handbok i norrøn filologi*. 2. utg. Oslo: Fagbokforlaget
- Heggstad, Leiv (2008). *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget
- Helga Kress (1979). «Manndom og misogyni : noen refleksjoner omkring kvinnesynet i *Njáls saga*». I Bingen, B., Hagen, J. E., & Helga Kress. *Eigenproduksjon* nr 7. pp. 1-24. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
- Hyvik, Jens Johan (2002). «... en Forbrydelse mod Nationen. Et nasjonalt dannelsesprosjekt som mislyktes». *Historisk tidsskrift* 81

Jochens, Jenny. «Before the Male Gaze: The Absence of the Female Body in Old and Sex in the Middle Ages». Ed. Joyce E. Salisbury. New York, 1991. Pp. 3-29

Jochens, Jenny (1986). «Consent in Marriage: Old Norse Law, Life, and Literature.» *Scandinavian Studies* 58, s. 142-76

Jørgensen, Jan Gunnar. (2013). «Håndskrift og arkivkunnskap». I: Haugen, O. E. (red.): *Handbok i norrøn filologi*. 2. utg. Oslo: Fagbokforlaget

Larrington, Carolyne (1992) «'What Does Woman Want?' Mær und munr in Skírnismál». *Alvíssmál* 1

Larrington, Carolyne (2015) «Learning to Feel in the Old Norse Camelot?». *Scandinavian Studies* Vol 87, Iss. 1, 64-94

Laqueur, Thomas (1990). *Making sex : body and gender from the Greeks to Freud*. Cambridge, MA: Harvard University Press

Lorentzen, Jørgen og Mulheisen, Wenche (red). (2006). *Kjønnforskning: En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget

Low Soon Ai (1996). «The Mirthless Content of Skarphedinn's Grin». *Medium Ævum*, Vol. 65, No. 1

Lönnroth, Lars 'Det litterära porträttet i latinsk historiografi och isländsk sagaskrivning — en komparativ studie', *Acta Philologica Scandinavica*, 27 (1965), pp. 68-117

Lönnroth, Lars «Rhetorical Persuasion In The Sagas.» *Scandinavian Studies* Vol. 42, no. 2 (1970): 157-89

Lönnroth, Lars «The concept of genre in saga literature». *Scandinavian Studies* Vol. 47, No. 4 (1975), pp. 419-426

Magerøy, Hallvard (1956) «Bandamanna saga». I: Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid. Band I. Oslo: Gyldendal

Magerøy, Hallvard (1956). *Studiar i Bandamanna saga*. København: Munksgaard Forlag

McNamara, Jo Ann, Fenster, Thelma S. og Lees, Clare.A (1994). *Medieval Masculinities: Regarding Men in the Middle Ages. Medieval Cultures* vol. 7. Minneapolis: University of Minnesota Press.

Margaryan, A., Lawson, D.J., Sikora, M. et al. «Population genomics of the Viking world». *Nature* 585, 390–396 (2020). <https://doi.org/10.1038/s41586-020-2688-8>

McGlynn, M. P. (2009). «Bears, Boars, and Other Socially Constructed Bodies in Hrólfs saga kraka». *Magic, Ritual, and Witchcraft.*, 4(2), 152–175. <https://doi.org/info:doi/>

Mellström, U. and Gottzén, L. (2013). «Maskulinitetsforskning i förändring.» *NORMA International Journal for Masculinity Studies* 8, no. 2. pp. 107-111. Henta frå: https://www-idunn-no.pva.uib.no/norma/2013/02/maskulinitetsforskning_i_frndring [12.2. 2021]

Mellström, U. (2019). «The current predicament of masculinity studies». *NORMA International Journal for Masculinity Studies* Volume 14, no. 1 (2019). Henta frå: <https://www-tandfonline-com.pva.uib.no/doi/full/10.1080/18902138.2019.1587236> [12.2.2021]

Miller, William Ian (1992). «Emotions and the Sagas». I: Gísli Pálsson (red.). *From Sagas to Society: Comparative Approaches to Early Iceland*. Middlesex: Hisarlik Press. s. 89–109

Mills, Kirsten (2014). «Grief, Gender and Genre: Male Weeping in Snorri's Account of Baldr's Death, Kings' Sagas, and *Gesta Danorum*». *The Journal of English and Germanic Philology*, vol. 113. No. 4.

Meulengracht Sørensen, P. (1995) *Fortælling og ære: studier i islændingesagaerne* Oslo: Universitetsforlaget

Meulengracht Sørensen, P. (2006): *Kapitler af Nordens Litteratur : I oldtid og middelalder*. Aarhus: University Press. Henta frå: <https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=1050776> [6.2.2021].

Meulengracht Sørensen, Preben (1980). *Norrønt nid: forestillingen om den umandige mand i de islandske sagaer*. Odense Universitetsforlag.

Morcom, T. (2018). «After Adulthood». *Saga-Book* Vol. 42, pp. 25-50. Viking Society for Northern Research

Morrow, M. S. (2020). «Disabled Masculinity: An Intersectional Analysis of the Icelandic Sagas». Masteroppgåve. Universitetet i Oslo

Mundal, Else. (2013). «Sagalitteraturen». I: Haugen, O. E. (red.): *Handbok i norrøn filologi*. 2. utg. Oslo: Fagbokforlaget

Nielsen, Ingrid (2007) i: Hansteen et al. (red.) *Tekst og kultur: Ei innføring*. Oslo: Spartacus forlag

Percivall, Nic (2008). «Teenage Angst: The Structures and Boundaries of Adolescence in Twelfth and Thirteenth-Century Iceland.» I: Shannon Lewis-Simpson (red.). *Youth and Age in the Medieval North*. Leiden: Brill

Phelpstead, Carl (2013). «Hair Today, Gone Tomorrow: Hair Loss, the Tonsure, and Masculinity in Medieval Iceland.» *Scandinavian Studies* 85, no. 1. pp. 1-19

Phelpstead, Carl (2007) «Size Matters: Penile Problems in Sagas of Icelanders.» *Exemplaria* 19, no. 3. pp. 420-37

Rasmussen, A.M. (red.) 2019. *Rivalrous Masculinities: New Directions in Medieval Gender Studies*. Notre Dame: Indiana: University of Notre Dame Press

Rienecker, Lotte og Stray Jørgensen, Peter (2013). *Den gode oppgaven. Håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. 2. utg.. Oslo: Fagbokforlaget

Rosenwein, Barbara (2006). *Emotional communities in the early Middle Ages*. Ithaca, NY: Cornell University Press

Sedgwick, Eve Kosofsky (1985). «‘Gender Asymmetry and Erotic Triangles’ from *Between Men: English Literature and Male Homosocial Desire*» i: Warhol-Down, R. og Herndl, D.P. (2009): *Feminisms Redux : An Anthology of Literary Theory and Criticism*. New Brunswick, N.J.: Rutgers University Press. Henta frå: <https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/detail.action?pq-origsite=primo&docID=3032152> [9.3.2021]

Sedgwick, Eve Kosofsky (1985). «‘Introduction’ from *Between Men: English Literature and Male Homosocial Desire*» i: Warhol-Down, R. og Herndl, D.P. (2009): *Feminisms Redux: An Anthology of Literary Theory and Criticism*. New Brunswick, N.J.: Rutgers University Press.

Henta frá: <https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/detail.action?pq-origsite=primo&docID=3032152> [9.3.2021]

Sepp, Kait (2021). «The Fashions of Snæfellsnes. A Case Study of Clothing and Textiles in Four Sagas of Icelanders». *Ethnologia Fennica* Vol. 48-2, s. 73–95 Henta frá: <https://journal.fi/ethnolfenn/article/view/102427/66589> [23.8.2023]

Sif Rikhardsdóttir (2012). *Medieval Translations and Cultural Discourse: The Movement of Texts in England, France and Scandinavia*. Cambridge: D.S. Brewer

Strand, Daniel og Källén, Anna (2021). «I am a Viking! DNA, popular culture and the construction of geneticized identity». *New Genetics and Society. Critical Studies of Contemporary Biosciences*. Milton Park: Taylor & Francis Group

Svanberg, Fredrik (2015). «Vikingar: Myt och verklighet». I: *Sverige i tiden: Historier om ett levande land*. Stockholm: Historiska museets förlag

Thoma, Sebastian (2021). «A Friend in níð: On the Narrative Display of Gender and níð in *Njáls saga*». I: Schmidt, A. og Hahn, D.(red.) (2021). *Unwanted. Neglected Approaches, Characters, and Texts in Old Norse-Icelandic Saga Studies*. Münchener Nordistische Studien 50

Védís Ragnheiðardóttir (2020): «Meir af viel en karlmennsku»: Monstrous Masculinity in Viktors saga ok Blávus. I: Ármann Jakobsson og Mayburd, Miriam (red.): *Paranormal Encounters in Iceland 1150–1400*. Kalamazoo, MI: Medieval Institute Publications, pp. 421-432. Henta frá: <https://www-degruyter-com.pva.uib.no/document/doi/10.1515/9781501513862/html> [6.2.2021]

Wills, Tarrin (2012). «Physiology and Behaviour in the Sagas». *Viking and Medieval Scandinavia*, Vol. 8, s.4

Wolf, Kristen (2014). «Somatic Semiotics: Emotion and the Human Face in the Sagas and Þættir of Icelanders.» *Traditio* 69. pp.125–45. Henta frá: <https://www-cambridge-org.pva.uib.no/core/journals/traditio/article/somatic-semiotics-emotion-and-the-human-face-in-the-sagas-and-aettir-of>

icelanders/30FD887756393B05A508E0D41A1CF1E1/share/26a3f5b3fc7db27a40b955391025e24243b14835 [6.2.2021]

Wolf, Kristen (2006). «The Color Blue in Old Norse-Icelandic Literature». *Scripta Islandica*, 57, s. 55-78

Zanchi, A. (2008). «‘Melius Abundare Quam Deficere’: Scarlet Clothing in *Laxdæla Saga* and *Njáls Saga*». i: Netherton, R. og Gale R. Owen-Crocker (red). *Medieval Clothing and Textiles IV*. Woodbridge: The Boydell Press, s. 21-26

Nettsider

Jacobsen, Barry (2013, 8.8.). «Vikingene er maskuline ikoner». NRK Ytring. Henta frå: <https://www.nrk.no/ytring/vikingene-er-maskuline-ikoner-1.11168104> [6.2.2021]

Jørgensen, Jon Gunnar (2008). «Oversettelse av norrøn litteratur». *Norsk oversetterleksikon*, 4.7. 2018. Henta frå: <https://www.oversetterleksikon.no/oversettelse-av-norron-litteratur/> [11.3.2021]

Sveinbjörn Þórðarson (red.) (2007, 13.9). *Bandamanna saga*. Icelandic Saga Database. http://www.sagadb.org/bandamanna_saga.is. [9.3.2021]

Sveinbjörn Þórðarson (red.) (2007, 13.9). *Brennu-Njáls saga*. Icelandic Saga Database. https://www.sagadb.org/brennu-njals_saga.is [9.3.2021]

Sveinbjörn Þórðarson (red.) (2007, 13.9). *Laxdæla saga*. Icelandic Saga Database. https://www.sagadb.org/laxdaela_saga.is. [9.3.2021]